

Magnus Rindal

**Handskrifter av norske
mellomalderlover ved
Nasjonalbiblioteket**

NB tema 8

Nasjonalbiblioteket
Oslo 2020



© Nasjonalbiblioteket 2020

ISSN: 2535-3810

ISBN: 978-82-7965-468-1 (digital, bokselskap.no)

978-82-7965-467-4 (epub)

978-82-7965-469-8 (mobi)

978-82-7965-470-4 (særtrykk)

Publisert: 2020. Oppdatert: juli 2023.

Forord

I 2024 er det 750 år sidan Magnus Lagabøtes landslov kom. Lova er overlevert i 39 handskrifter frå mellomalderen, og nokre få yngre. Dei fleste ligg i samlingar i Danmark og Sverige. Tre av mellomalderhandskriftene ligg i dag i norske samlingar, to ved Nasjonalbiblioteket og eitt ved Gunnerusbiblioteket i Trondheim. To av desse tre har vore i Noreg frå dei blei skrivne. Dei to eldste ligg ved Nasjonalbiblioteket.

Eit hovudmål for denne boka er å kaste lys over dei handskriftene av norske mellomalderlover som ligg ved Nasjonalbiblioteket. Hovudvekta vil liggje på handskriftene frå mellomalderen, Ms.4° 1 og Ms.4° 317, som begge inneheld landslova. Dei blir grundig beskrivne, også med omsyn til innhald og språk. Ein del rettarbøter er overleverte i begge desse handskriftene, og for å lette lesinga er opplysningar om innhaldet gjevne to stader.

Boka omfattar også dei 25 handskriftene av omsetjing av landslova til dansk, og andre handskrifter av norske lover. Innleiingsvis er det gjeve eit samla oversyn over dei norske lovene frå mellomalderen, som alle finst i avskrifter ved Nasjonalbiblioteket. Her har eg henta stoff også frå Rindal 2004 og Rindal og Spørck 2018, endå om det ikkje er særskilt nemnt.

I arbeidet har eg brukt Gustav Storms *Haandskriftsbeskrivelse* i NgL 4 frå 1885 og katalogen ved Nasjonalbiblioteket. Dersom det er motstrid, har eg bygt på katalogen.

Arbeidet med boka er utført ved Nasjonalbiblioteket. Eg vil takke personalet ved spesiallesesalen for sjeldne bøker og privatarkiv for all den hjelpa eg har fått, prega av sterk vilje og evne til å hjelpe brukarane. Ei særleg takk går til Mette Witting, som har kome med opplysningar om handskriftene si historie, og til Espen Karlsen, som har hjelpt meg med forståinga av latinske og greske notisar, og til Karen Arup Seip, som har laga det avsluttande oversynet over omtalte handskrifter.

Ei takk går også til Marit Aamodt Nielsen, som har lese ein korrektur på manuskriptet. Men for moglege feil ber eg åleine ansvaret.

Oslo, mai 2020
Magnus Rindal

Innhaldet i handskriftene

Norsk lovgjeving før Magnus Lagabøte

Landskapslovene

Den eldste norske lova vi har vitnemål om, er den eldre Gulatingslova. Ho er overlevert i eit handskrift frå ca. 1250, som no ligg ved Det Kongelige Bibliotek i København. Det har signaturen E donatione variorum 137 4°, og ber namnet Codex Rantzovianus, etter grev Otto Rantzau (1632-1719). Vi veit ikkje kvar handskriftet var i mellomalderen, men språkforma gjer det sannsynleg at det har blitt skriva i Bergen. Dessutan har vi tre gamle fragment av lova, frå fyrste halvdel av 1200-talet.

Men lova er mykje eldre enn handskriftene. Ho er nemnd i *Íslendingabók*, ei lita bok frå ca. 1125, som gjev eit oversyn over Islands eldste historie. Der er det fortalt at før etableringa av Alltinget ca. 930 blei ein mann som heitte Ulvljot, send til Noreg for å studere Gulatingslova. I saga om Egil Skallagrimsson er det detaljert fortalt om ein rettsstrid på Gulatinget, truleg på 930-talet. Det er såleis grunn til å tru at det fanst ei Gulatingslov frå ca. 930. I den eldste norske kongesoga, *Ágrip*, frå ca. 1190, er det sagt om Håkon den gode at han fastsette Gulatingslova. Dette blir teke opp att i seinare kongesoger. Håkon den gode levde frå ca. 920 til ca. 960, og *Ágrip* har nok knytt lova til hans levetid.

Det er usikkert når Gulatingslova blei skriven ned fyrste gongen. Dei fleste reknar med at det skjedde i Olav Kyrres regjeringstid, 1066-1093 (Helle 2001:20-23). Sjølv har eg argumentert for at nedskrivinga av dei norske lovene begynte i fyrste halvdel av 1000-talet (Rindal 2004:108-110).

Gulatingslova har altså levd meir enn 100 år før ho blei nedskriven. I denne perioden har lova blitt sagt fram på tinget. På Island var det lovseiemannen (*logsogumaðr*) som gjorde det. Denne funksjonen var det høgaste ombodet på Island i tida før 1264. I Noreg er denne termen ikkje brukt. Her var det truleg lagmannen (*logmaðr*) som sa fram og tolka lova. Han hadde i den fyrste tida ikkje noko fast ombod, men var ein slags tillitsmann for bøndene på tinget.

Slik Gulatingslova er overlevert i dag, i handskrifter frå 1200-talet, viser ho fram ulike kronologiske lag. Tydelegast er det i dei handskriftene der det er markert kva rettsreglar som er gjevne av *Olav*, av *Magnus* eller av *begge*. Olav er her Olav den heilage, konge 1015-1028, Magnus er Magnus Erlingsson, konge 1161-1184. Lova seier også at Olav den heilage og biskop

Grimkjell fastsette kristenretten på Moster. Vi finn referanse til ein lovregel som ein Atle sa fram for mennene på Gulatinget, truleg rundt midten av 1000-talet. Og lova inneheld rettarbøter frå Magnus den gode og Håkon Magnusson Toresfostre. Magnus den gode var konge 1035-1047, og Håkon Magnusson Toresfostre var konge over Opplanda og Trøndelag 1094-1095. Lova blir avslutta med Bjarne Mårssons nye saktal (liste over mannebøtene), som truleg er frå byrjinga av 1200-talet. Når vi les Gulatingslova i dag, etter eit handskrift frå ca. 1250, vil vi finne rettsreglar frå heile perioden på ca. 300 år, frå fyrste halvdel av 900-talet til fyrste halvdel av 1200-talet. Dei eldste rettsreglane var truleg baserte på sedvanerett, og etter kvart godkjende av bøndene på tinget. Seinare har kongane formulert nye rettsreglar, som også blei godkjende på tinget.

Gulatingslova er strukturelt sett ikkje delt inn i bolkar, men i kapittel med overskrifter. Den fyrste kapitteloverskrifta i dei ulike delane inneheld ofte ordet «bolk». Fyrst kjem kristendomsbolk, deretter kjøpebolk (*kjøp* tyder her både «kjøp» og «avtale»), kvinnebortgifting, løysingslov, landsleigebolk, arvebolk, tingbod, rettarbøter, kvalrett, mannhelgebolk (om personkrenkingar), tjuvebolk, odelsløysing, leidangsbolk, Bjarne Mårssons saktal, og eit tillegg om sakøyre (bøter for brotsverk) til kongen og biskopen.

Gulatinget omfatta opphavleg berre Hordaland og Sogn og Fjordane, med tingstad i Gulen i Sogn. Seinare kom Rogaland, Agder og Sunnmøre med. Då landslova blei vedteken i 1274, var også Setesdalen, Valdres og Hallingdal med i Gulatinget.

Den eldre Gulatingslova er utgjeven i NgL 1:3-110 og i Eithun, Rindal og Ulset 1994, og omsett i Robberstad 1961.

To av handskriftene ved Nasjonalbiblioteket, Ms.4° 41 og Ms.4° 546, begge frå 1700-talet, inneheld avskrifter av den eldre Gulatingslova. Det fyrste av dei er ei nøyaktig avskrift av Codex Rantzovianus, med forkortingar som i originalen. I Ms.4° 546 ser det ut til at skrivaren har brukt eit anna handskrift enn Codex Rantzovianus.

Den eldre Frostatingslova kjenner vi i hovudsak frå avskrifter frå 1600-talet av eit tapt handskrift frå ca. 1260, Codex Resenianus. Dessutan finst det nokre fragment frå 1200-talet. Også denne lova inneheld ulike kronologiske lag. Vi finn fleire rettarbøter i lova. Dei eldste er frå kongane Sigurd, Øystein og Olav, sønene til Magnus Berrføtt, og dei er frå ca. 1105. Den siste rettarbota er gjeven av kongane Harald og Magnus, truleg Harald Gille (1130-1136) og Magnus Sigurdsson (1130-1135), og rettarbota er då frå 1130-1135. Dei fleste meiner at innleiinga til lova er frå kong Håkon Håkonsson, frå 1260, noko eg stiller meg tvilande til (sjå under kapitlet *Håkon Håkonssons lovarbeid*).

I *Sverres saga* frå ca. 1200 er det nemnt ei lovbok som blir kalla *Grågås*, som Magnus den gode (konge 1035-1047) skal ha late skrive. Også Snorre Sturlason knyter i *Heimskringla* frå ca. 1230 Magnus den gode til ei lovbok kalla *Grågås*. Truleg er det denne lovboka som blir tillagd Olav den heilage i *Fagrskinna* frå ca. 1230 og *Soga om Håkon Håkonsson* frå 1260-talet. Også avslutninga i sjølve Frostatingslova omtalar Olav den heilage som lovgjevar.

I *Heimskringla* er det sagt at Håkon den gode *setti Frostuþingslog* i samråd med Sigurd jarl og dei visaste trøndarane. Gammalnorsk *log* tyder anten «lov» eller «lovområde». Etter mitt syn er den rimelegaste tolkinga at kong Håkon fastsette Frostatingslova i samråd med andre.

Det er alt i alt grunn til å tru at ei skriven lovbok for Frostatingslag har funnest på 1000-talet. I munnleg form går lova lenger tilbake, truleg til 900-talet.

Frostatingslova er strukturelt delt inn i desse bolkaner: Innleiing, tingfarebolk, kristendomsbolkar, mannhelgebolk (om personkrenkingar), bolk om ymse emne, saktalsbolk (om mannebøter), leidangsbolk, arvebolkar, rettargangsbolk, kvinnebolk, jordkjøpsbolk, fyrste landsleigebolk, andre landsleigebolk og tjuvebolk, brotsverksbolk, rettarbøter.

Frostatinget omfatta opphavleg berre dei åtte trøndske småfylka. Då landslova blei vedteken i 1274, var også Romsdalen, Nordmøre og Namdalen med i Frostatinget. Lovboka gjaldt også for Hålogaland og truleg for Jämtland, men dei hadde ikkje sendemenn på Frostatinget.

Den eldre Frostatingslova er utgjeven i NgL 1:121-258, og omsett i Hagland og Sandnes 1994.

Ingen av handskriftene ved Nasjonalbiblioteket inneheld heile den eldre Frostatingslova. Men vi finn lovas kristenrett i to handskrifter, Ms.4° 309 og Ms.8° 29. Ms.4° 309 er frå andre halvdelene av 1700-talet, og inneheld berre ei islandsk omsetjing av denne kristenretten. Ms.8° 29 inneheld omsetjing til dansk av landslova og rettarbøter, og av Frostatings kristenrett. Den sistnemnde omsetjinga, som er datert 1594, er den som gjev den mest fullstendige teksten for denne kristenretten, sjå meir under omtalen av dette handskriftet.

I *Den legendariske Olavssoga* er det sagt at Olav den heilage fastsette Sevslova, som sidan galdt for Opplanda og aust i Vika. Soga seier samstundes at det er tre lover i Noreg, Frostatingslova og den lova som Håkon Adalsteinsfostre lét fastsetje, som heiter Gulatingslova. Desse to siste kjem då i tillegg til Sevslova, som er eit anna namn for Eidsivatingslova.

Etter Snorre Sturlasons *Heimskringla* skal Halvdan Svarte (d. ca. 860) ha fastsett Eidsivatingslova. Men etter Snorres *Den store saga om Olav den heilage* er det Håkon den gode som har fastsett lova. Eidsivatingslag omfatta opphavleg Hedmark, Hadeland og Romerike, med tingstad på Åker i Vang. På 1000-talet blei tingstaden flytta til Eidsvoll, og på 1200-talet omfatta Eidsivatingslag også Gudbrandsdalen og Østerdalen. Borgartingslag omfatta på 1200-talet Båhuslen, Oslo, delar av Akershus, Vestfold og Telemark. Dette er det yngste av dei fire lagdøma, kanskje frå 1100-talet, nemnt som lagting for fyrste gong i 1224. Tingstaden var Borg, no Sarpsborg.

Formuleringa frå *Den legendariske Olavssoga* som er nemnd ovanfor, kan tyde på at Eidsivatingslova på 1000-talet også galdt for det som seinare blir Borgartingslag. Dessverre er det ikkje bevart meir enn eit lite fragment (NRA 1 A) av den verdslige retten som galdt for Austlandet. På språkleg grunnlag kan det daterast til slutten av 1200-talet, og det er truleg skriven på søraustlandsk språk. Innhaldet er frå mannhelgebolken. Dei fleste forskarane reknar dette fragmentet som del av ei lovbok som var felles for Eidsivatingslag og Borgartingslag, men det har også vore ført fram argument for at det tilhøyrer Borgartingslova.

Som vi seinare skal sjå, har Eidsivatingslag og Borgartingslag i den eldste tida ulike kristenrettar. Det er eit sterkt argument for at dei to lagdøma også hadde ulik verdsleg rett.

Fragmentet av den eldste austlandske lova er utgjeve i NgL 2:522-523 og i Halvorsen og Rindal 2008:226-231, som også har omsetjing.

Bjarkøyretten

Bjarkøyretten er namnet på dei eldste bylova i Norden. Namnet kjem mest sannsynleg frå øya Birka (også kalla Björkö) i Mälaren i Sverige, som var ein viktig handelsplass i vikingtida. Opphavleg har bjarkøyretten truleg vore ei samling rettsreglar som galdt på handelsplassar, og har då berre omfatta sjø- og handelsretten. Seinare blei han utvida med rettsreglar som galdt andre sider ved livet i byen. Mykje av innhaldet vil såleis ha parallellar til rettsreglar i landskapslovene.

Den einaste norske bjarkøyretten som er overlevert, er den som galdt for Nidaros. Den eldste skriftlege utforminga er frå perioden ca. 1050-1160 (Hagland og Sandnes 1997:XI). Den redaksjonen vi kjenner i dag, er truleg frå midten av 1200-talet (Hagland og Sandnes 1997:IX). Teksten er utgjeven i NgL 1:303-336 og NgL 4:71-97, og omsett i Hagland og Sandnes 1997. Hagland og Sandnes har delt teksten opp i desse bolkaner: Kristendomsbolk, mannhelgebolk, rettargangsbolk, kaupangsbolk, tjuvebolk, kvinnebolk, landsleigebolk, farmannsbolk. Det er kaupangsbolken og farmannsbolken som utgjer kjernen i bjarkøyretten, og som gjorde det naudsynt med ei eiga lov for byane (Hagland og Sandnes 1997:XVI).

Kaupangsbolken regulerer primært kjøp og sal av varer. Men bolken har også reglar for handtering av eld. Der er to kapittel om arv, og eitt kapittel om pliktene til å trekkje opp eller setje ut skip og gjere vedlikehald på kyrkjene. Der er eit eige kapittel om julefreden, som skal vare i tre veker. Der er eit lite kapittel om at dersom to menn eig ein eldstad saman, skal dei til saman betale berre éi byavgift. Det siste kapitlet gjeld våpenteinget.

Farmannsbolken inneheld sjøretten, og er ikkje spesielt knytt til byen. Her er det reglar for avtale om frakting av gods eller folk og for straffa for steling på kjøpferder. Bolken inneheld også reglar for når eit skip er sjødyktig, når ein kan leggje ut med skipet og organiseringa om bord. Der er også kapittel om handsaming av søksmål om bord, om skade på skip, om brot på avtala med styremannen, om utkiksvakt på skipet og om ausinga i hamn. Mykje av innhaldet i farmannsbolken er truleg av internasjonal karakter, og tyder på ein samanheng med vesteuropeisk og/eller tysk område (Hagland og Sandnes 1997:102).

Bjarkøyretten er utgjeven i NgL 1:303-336 og omsett i Hagland og Sandnes 1997.

Handskriftene Ms.fol. 87b (1700-talet) og Ms.4° 695 (ca. 1600) er yngre avskrifter av mannhelgebolken (pluss litt til) i Bjarkøyretten. Det er i hovudsak same teksten som i AM 123 a 4° (trykt i NgL 1:305-315), som er Árni Magnússons avskrift av eit handskrift frå Haukadal på Island.

Kristenrettane

I 1995 feira Den norske kyrkja tusenårsjubileum for kristninga av Noreg. Grunnlaget for det er at Snorre Sturlasons *Heimskringla* fortel at Olav Tryggvason dette året lét halde den fyrste messa i Noreg, på Moster. Men nordmennene kjende til kristendomen lenge før den tid. I meir enn 200 år hadde dei møtt den nye trua på vikingferder til Dei britiske øyane og andre stader. Sogene fortel at Håkon den gode Adalsteinsfostre voks opp i England og blei kristna der. Då han tok kongsmakt i Noreg på 930-talet, prøvde han å kristne landet, eit tiltak som mislukkast. Han lét vie kyrkjer, og sette til prestar, men kyrkjene blei brende og prestane drepne. Etter kong Håkons fall rundt 960 overtok sønene til Eirik Blodøks makta i Noreg. Dei skal ha motarbeidd den gamle trua, men kom ikkje nokon veg med kristninga. Dei to store norske kristningskongane er Olav Tryggvason (d. 1000) og Olav Haraldsson (d. 1030).

Både skriftlege og arkeologiske kjelder viser at kristendomen kom til Vestlandet frå Dei britiske øyane. Men biletet er eit anna for Austlandet.

Kyrkjeleg sett låg Noreg under erkebiskopen i Hamburg-Bremen. Ansgar (801-865), biskop i Hamburg, seinare erkebiskop, fekk ansvaret for misjonsverksemda i Skandinavia, og han blir kalla «Nordens apostel». Han fekk bygt kyrkjer i Danmark og Sverige, men det er usikkert om misjonsbodskapen nådde fram til Noreg i hans tid.

Seinare blei den danske kongen Harald Gormsson (konge ca. 960-ca. 985), med tilnamnet Blåtann, pressa av den tyske keisaren til å kristne Danmark. På denne tida hadde Håkon Ladejarl teke makta i Noreg med hjelp frå Harald Blåtann, som han i den fyrste tida godtok som konge over Noreg. Håkon lova å kristne Noreg, men vende om til den gamle trua. Etter kongesogene er det Olav Tryggvason som kristna mesteparten av Noreg, og Olav den heilage som fullførte verket. Men det er grunn til å tru at sogene om dei *norske* kongane har ønskt å framheve innsatsen til dei to Olav-ane. Vika, området rundt Oslofjorden, blei etter mitt syn kristna frå sør, utan nokon innverknad frå desse to kongane (Rindal 2004:104-106, 134).

Kristenretten er den delen av lova for dei enkelte lagtinga som inneheld rettsreglar for kyrkje og kristendom. Vi har handskrifter frå mellomalderen av den eldre kristenretten for alle fire lagdøma. Av den verdslege retten har vi berre eitt mellomalderhandskrift, Codex Rantzovianus, som inneheld Gulatingslova. I tillegg har vi fire fragment av Frostatingslova og eitt av ei austlandsk lovbok.

Av kristenretten har vi fleire handskrifter eller fragment for alle fire lagdøma. Som vi seinare skal sjå, fekk ikkje Magnus Lagabøte fullmakt til å lage nokon kristenrett i landslova. Bakgrunnen var at det var strid mellom konge og kyrkje om kven som hadde myndigheit til å fastsetje kristenretten. Den verdslege delen av landskapslovene blei uaktuell med landslova frå 1274, og blei ikkje skriven av. Men dei gamle kristenrettane blei enno brukte, og difor skrivne av.

Ingen handskrifter eller fragment av kristenrettane er eldre enn ca. 1200. Men sjølve lova er mykje eldre. Den eldre Gulatingslova seier at Olav den heilage og biskop Grimkjell fastsette kristenretten på Moster, og det skal ha skjedd rundt 1020. Også Snorre Sturlason seier i *Heimskringla* at Olav den heilage fastsette kristenretten etter samråd med m.a. Grimkjell.

Vi har også ei runeinnskrift som seier noko om kor gammal kristenretten er. På garden Kuli i Smøla kommune på Nordmøre var det reist ein gravstein med ei runeinnskrift på. I dag er steinen på Vitenskapsmuseet i Trondheim. Innskrifta seier at steinen blei reist då kristendomen hadde vore i Noreg i 12 år, eller at kristendomen hadde forbedra (lov og rett) i 12 år i Noreg. På Kuli stod steinen ved ein brukonstruksjon, og etter dendrokronologiske granskingar er brua laga av tre som blei felt 1034. Dersom brua blei bygd det året treet var felt, og steinen blei reist samstundes, kjem vi til at kristendomen kom til Noreg 1022. Innskrifta refererer truleg til eit tingvedtak om kristendomen, og det kan passe med det før nemnde møtet på Moster. Og etter mitt syn blei kristenretten skriven ned ikkje lenge etter den tida.

Det blei som nemnt ikkje nokon ny kristenrett i landslova frå 1274. På dette området var det ein uklar rettssituasjon, og dei gamle kristenrettane blei brukte, og skrivne av. På denne måten har vi avskrifter av dei gamle kristenrettane for alle fire lagdøma. Dei eldste, som berre finst som fragment, er frå ca. 1200. Borgartings eldre kristenrett er overlevert i to versjonar. Eidsivatings eldre kristenrett er overlevert i ein lang og ein kort versjon, og den lange er eldst. I Gulatings eldre kristenrett finn vi formuleringar som er knytte til kongane Olav den heilage (1015-1028) og til Magnus Erlingsson (1161-1184). Frostatings kristenrett skal vere frå siste halvdel av 1100-talet, i den forma han no er overlevert.

Som nemnt er handskriftene og fragmenta av kristenretten yngre enn ca. 1200. Men det er grunn til å tru at kristenrettane for Borgarting og Eidsivating, og Olavs-teksten i kristenretten for Gulating, er frå 1000-talet. Eit viktig argument for at desse tre er eldst, er at dei ikkje syner noko spor av kanonisk rett, som gjorde seg gjeldande i Noreg i andre halvdel av 1100-talet. Magnus-teksten i kristenretten for Gulating og kristenretten for Frostating er yngre, truleg frå andre halvdel av 1100-talet.

I Rindal 2004 har eg samanlikna innhaldet i dei eldre kristenrettane for å sjå om det er mogleg å kome lenger når det gjeld den relative kronologien. Ein premiss er då at dei kristenrettane er eldst, som har mest omtale av førkristne fenomen. Ein annan premiss er at den nye lova blei praktisert med lempe den fyrste tida, slik det blei gjort på Island. Kjeldene fortel at kristendomen blei innført på Island ved alltingsvedtak år 1000, men den gamle lova stod ved lag med omsyn til hestekjøteting og barneutbering. Og folk kunne blote dersom det skjedde i løynd.

I dei skriftlege kjeldene les vi fleire gonger om barneutbering i vikingtida. Foreldre eller andre føresette kunne føre eit nyfødd barn ut frå heimen for å la det døy eller drepe det. Det er Borgartings kristenrett som gjev mest rom for barneutbering, og barn med visse skavankar skal ikkje døypast. Både Eidsivatings kristenrett og Olavs-teksten opnar for barneutbering, men etter at barnet er døypt. Frostatings kristenrett seier at alle barn med menneskehovud skal fødest opp. Magnus-teksten set forbod mot barneutbering.

Kristenrettane omtalar naturleg nok trolldom og heiden sed, særleg bloting. Det er særleg Eidsivatings kristenrett som har omtale av desse fenomena. Deretter kjem Borgartings kristenrett, Olavs-teksten, Magnus-teksten og Frostatings kristenrett. Ingen av kristenrettane nemner *áss*, som elles er det vanlege ordet for dei førkristne gudane.

Med kristendomen kom det forbod mot å ete kjøt av hest, hund og katt. Borgartings kristenrett seier at ein kan ete alt som er fødd på garden, bortsett frå hund, katt og hest. Men dersom nokon har vore på sjøen eller på ein farefull stad i sju dagar utan mat, og utan å kunne kome seg til folk, då kan han ete slikt kjøt. «For heller skal han ete hund enn hund skal ete han.» Eidsivatings kristenrett har ei liknande formulering, men der er det tale om å gå seg vill i skogen. Gulatings kristenrett nemner eksplisitt berre forbod mot å ete hestekjøt. Frostatings kristenrett har ikkje noko som svarar direkte til desse reglane. Utgravingar på Bryggen i Bergen viser at folk der har ete hundar i perioden 1170-1413. Og arkeologiske undersøkingar under erkebispegarden i Trondheim viser at folket der har ete katt.

Den nye trua forbaud også å ete kjøt på fredagar. Det er særleg kristenrettane for Borgarting og for Eidsivating som har ei fyldig omtale av dette fenomenet, og straffa er mildast i Borgartings kristenrett.

Etter kristenrettane er det plikt til å døype alle barn. Det einaste unntaket er i Borgartings kristenrett når barnet har store skavankar. Og det er denne kristenretten som har den mildaste straffa for å bryte påbodet om dåp. Straffa er litt strengare i kristenrettane for Eidsivating og for Gulating, og strengast i Frostatings kristenrett.

Kristenrettane for Borgarting og for Eidsivating har ei sosialt basert oppdeling av gravene på kyrkjegarden. Nærmast kyrkja ligg lendmennene, medan trælane ligg nærmast gjerdet. Eidsivatings kristenrett har også ei kjønnsdeling av gravplassane, menn skal liggje sør for kyrkja, og kvinner på nordsida.

Det viser seg altså at det er Borgartings kristenrett som har den fyldigaste omtala av førkristne fenomen, og som har den mildaste straffa for å bryte forboda i den nye trua. Også Eidsivatings kristenrett ser ut til å spegle eit eldre rettsstadium enn Olavs-teksten. Magnus-teksten og Frostatings kristenrett har truleg det yngste laget.

Dei fleste forskarane har meint at dei eldste kristenrettane for alle fire lagdøma hadde eit felles opphav, og det var kong Olavs og biskop Grimkjells kristenrett frå tinget på Moster tidleg i 1020-åra. Men etter framstillinga ovanfor og det kjeldene fortel om kristninga av Austlandet, er det grunn til å tru at dei austlandske kristenrettane ikkje byggjer på kristenretten for Gulating, og at kristendomen kom til Austlandet frå sør, ikkje frå vest. I denne samanhengen er det viktig å peike på at dei austlandske kristenrettane ikkje nemner kong Olav den heilage eller biskop Grimkjell, og då heller ikkje viser til Olavs autoritet.

Dei eldste kristenrettane for Borgarting og Eidsivating er utgjevne i NgL 1:339-406 og i Halvorsen og Rindal 2008, som også har omsetjingar av nokre av handskriftene.

Handskriftet Ms.fol. 87a frå ca. 1700 inneheld ei avskrift av den lengre versjonen av Eidsivatings eldre kristenrett.

Handskriftet Ms.fol. 87b frå 1700-talet inneheld den såkalla versjon 1 av Borgartings eldre kristenrett. Det er ei avskrift frå 1700-talet av AM 78 4°, eit handskrift frå fyrste halvdel av 1300-talet som inneheld m.a. bylova. Denne kristenretten er utgjeven i NgL 1:340-352 og i Halvorsen og Rindal 2008:121-159. Den sistnemnde utgåva har også omsetjing.

Ms.fol. 87b inneheld også den kortare versjonen av Eidsivatings eldre kristenrett, truleg i avskrift av AM 58 4°. Denne kristenretten er utgjeven i NgL 1:394-406 og i Halvorsen og Rindal 2008:81-99.

Kristenrettane blei seinare reviderte av Håkon Håkonsson og erkebiskop Sigurd ca. 1250, og framleis hadde kvart lagdøme sin kristenrett. Det vi har overlevert av dette lovarbeidet, er truleg dei kristenrettane som blir kalla Borgartings nyare kristenrett og Gulatings nyare kristenrett, trykte i NgL 2:293-338 og omsette i Spørck 2009:11-58. Kristenretten trykt i NGL 4:160-182 er truleg Magnus Lagabøtes landsdekkjande kristenrett frå 1267-1268. (Jfr. Spørck 2006:264-266.)

Handskriftene Ms.fol. 87b og Ms.4° 591 inneheld den såkalla Gulatings nyare kristenrett. Det fyrste er frå 1700-talet, og inneheld ei avskrift av denne kristenretten. Det andre er frå 1700-talet, og inneheld ei omsetjing til dansk av han.

Som kjent ville erkebiskop Jon Raude i 1269 ikkje gje Magnus Lagabøte fullmakt til å gjere noko med kristenretten i den nye landslova. Og i 1273 utarbeidde erkebiskopen ein ny kristenrett, basert på kanonisk rett. I innleiinga til denne er det sagt at den er laga av kong Magnus og erkebiskop Jon, og at alle andre lydbiskopar i landet samtykte i den. Det er usikkert om kongen godkjende denne kristenretten. Han er utgjeven i NgL 2:341-386, og omsett i Spørck 2009:101-146.

Erkebiskop Jons kristenrett er m.a. overlevert i Ms.4° 317, sjå meir om han der.

Etter initiativ frå Jon Raude utarbeidde Árni Þorláksson, biskop i Skálholt, ein kristenrett for Island, vedteken på Alltinget 1275. Denne kristenretten blir kalla *Biskop Arnes kristenrett*, og byggjer mest på Gulatings kristenrett. Men heller ikkje denne kristenretten blei akseptert av Magnus Lagabøte, som var konge også over Island. Han er trykt i NgL 5:16-56.

Biskop Arnes kristenrett er m.a. overlevert i Ms.4° 1, sjå meir om han der. Han finst også i ei avskrift frå 1700-talet på Nasjonalbiblioteket, Ms.fol. 87a.

I handskriftet AM 78 4° finn vi ein kristenrett som blir kalla kong Sverres kristenrett. Grunnen til namnet er at kristenretten startar med eit brev frå kong Sverre, erkebiskopen og andre biskopar om bannssaker. Torgeir Håkonsson har skrive dette handskriftet rundt 1300. Han startar med Borgartings eldre kristenrett, så kjem erkebiskop Jons kristenrett og deretter det som blir kalla kong Sverres kristenrett. Innhaldet er frå dei eldre kristenrettane for Gulating og Frostating. Truleg er dette ikkje noko forsøk på å lage ein ny kristenrett, men eit

samanstøypingsarbeid av Torgeir Håkonsson rundt 1300. (Jfr. Bøe 1964:301-302.) Denne kristenretten er utgjeven i NgL 1:409-434.

Handskriftet Ms.fol. 87b frå 1700-talet inneheld ei avskrift av ein del av kong Sverres kristenrett.

Håkon Håkonssons lovarbeid

I kong Håkon Håkonssons regjeringstid (1217-1263) blei det slutt på borgarkrigane, og Noreg var reelt samla til eitt rike. Vi har overlevert ei stor soge om kong Håkon, forfatta 1264-1265 av den islandske hovdingen Sturla Tordsson (1214-1284), lagmann på Island frå 1272. I nest siste kapitlet av saga er det ei beskriving av kongen. Der står det følgjande: «Hákon konungr lét i mörgu bæta lög ok landsrétt í Nóregi. Han lét þat setja i bókina er nú eru kölluð hin nýju lög» (Jakobsson, Hauksson og Ulset 2013: 265), «Kong Håkon let i mange ting bôte lov og landsrett i Noreg. Han let setje i boka det som no blir kalla Nylova» (Audne 1963:366). Deretter seier saga m.a. at han forbaud manndrap og vald. Det er det rådande synet at desse formuleringane i saga refererer til lovvedtak som blei gjorde i 1260, og overleverte som innleiing til den eldre Frostatingslova.

Av den eldre Frostatingslova er det utanom kristenretten ikkje bevart nokon mellomalderhandskrifter. Det finst fleire avskrifter frå 1600-talet av eit handskrift som blei borte ved brannen i København i 1728, kalla Codex Resenianus (CR). Som Hagland og Sandnes (1994:XXXIV) seier: «Frostatingslova, med unnatak av kristenretten, er altså i det store og heile berre kjend gjennom den redaksjonen vi har bevart gjennom CR».

I utgåva i NgL 1 er dei 25 fyrste kapitla rekna som innleiing til lova, og dette er i dag det rådande synet. Men overleveringa er usikker, for det er to lakunar i denne innleiinga. Etter byrjinga av kap. 13 er det i alle handskriftene ein lakune på eitt blad. Utgjevarane lét følgjande kapittel ha nummeret 14, men det har nok vore fleire kapittel i lakunen. I kap. 25 kjem det ein ny lakune på eitt blad, og NgL og Hagland og Sandnes (1994:XXXI) meiner at tingfarebolken har begynt der.

Frostatingslova har overskrifta «Her hefr upp oc segir frá lögum þeim er setti Hákon konungr son Hákonar konungs» (NgL 1:16), «Her byrjar fråsegna om dei lovene som kong Håkon Håkonsson sette» (Hagland og Sandnes 1994:3). I seinare rettarbøter kan vi sjå at *lov* kan brukast med same innhaldet som *rettarbot*. Innleiinga til Håkons tekst er også formulert slik vi ser det i mange av dei seinare rettarbøtene. Vi kan difor reise spørsmålet om vi har å gjere med ei rettarbot heller enn ei innleiing til Frostatingslova.

I 1244-1245 hadde Håkon Håkonsson eit møte med erkebiskop Sigurd og dei andre biskopane (Jakobsson, Hauksson og Ulset 2013:121). Han bad dei vere med på å skrive til paven og be om løyve til å krone kongen. Det ville dei gjere «i fall han ville gi dei rettarbøter» (Audne 1963:253). Det er grunn til å tru at Håkon i samarbeid med Sigurd fekk laga ein ny kristenrett

då. Eit seinare diplom frå 1291 refererer til ein slik kristenrett (RN 2 nr. 626). Det same gjer ei rettarbot frå 1327 frå Magnus Eriksson (RN 4 nr. 535, NgL 3:153-154).

Björg Dale Spørcks (2006:264) konklusjon i avhandlinga om Magnus Lagabøtes kristenrettar er at det som blir kalla Borgartings nyare kristenrett, trykt i NgL 2:293-306, og Gulatings nyare kristenrett, trykt i NgL 2:306-338, er Håkons og Sigurds kristenrettar frå ca. 1250 for desse lagdøma.

Kjeldene tyder altså på at Håkon Håkonsson allereie før 1250 arbeidde med ein revisjon av kristenrettane for dei ulike lagtinga. Han har også laga landsdekkjande rettarbøter i 1260, og kanskje før. Frostatingslova, slik ho er overlevert i dag, syner at ein konge har gjort endringar, men vi veit ikkje sikkert når. Kongen kan ha vore Håkon Håkonsson. Det er etter mitt syn usikkert om «Nylova» viser til desse lovarbeida til Håkon, eller til eit meir omfattande og landsdekkjande lovarbeid frå hans side.

Håkon Håkonsson hadde gjort slutt på borgarkrigane, og han hadde fullført samlinga av Noreg til eitt rike. Det er såleis ikkje urimeleg om han også hadde ein ambisjon om å få laga ei landsdekkjande lov for det samla Noreg. Også andre forskarar tenkjer seg at kong Håkon starta arbeidet med å førebu ei landslov (Hagland og Sandnes 1994:XXX, Sunde 2017).

Magnus Lagabøtes lovgjeving

Landslova

I tillegg til saga om Håkon Håkonsson forfatta Sturla Tordsson også saga om Magnus Lagabøte. Den sistnemnde blei kanskje påbegynt i Noreg i 1278. Dessverre er det av denne saga bevart berre to blad av eit handskrift frå ca. 1400.

Men vi finn stoff om Magnus Lagabøte også i andre kjelder, særleg i islandske annalar, utgjevne av Gustav Storm i 1888. Viktigast er *Gottskálksannáll*, som har større samanhengande stykke om Magnus som må vere tekne frå saga om han. Av andre islandske kjelder kan nemnast saga om Arne Torlaksson, biskop i Skálholt 1269-1298 (Hauksson 1972, Stefánsson 2007). Magnus Lagabøte er også nemnd i *Soga om Håkon Håkonsson* og i fleire norske diplom.

I *Annales regii* (Storm 1888:137) står det for året 1267: *Logtekin Gvlaþingsbók sv er Magnvs konvngr lét setia*, «Den Gulatingsboka blei vedteken som kong Magnus lét fastsetje».

For året 1268 står det: *Logtekin logbók Vpplennðinga ok Vikveria sv er Magnvs konvngr skipaði*, «Den lovboka for opplendingar og vikværingar blei vedteken som kong Magnus fekk i stand».

For året 1269 opplyser annalen at kong Magnus og erkebiskop Jon møttest på Frostatinget. Deretter står det (Storm 1888:138): *Þá fekk Magnus konvngr samþyct allra Frostuþingsmanna at skipa sva Frostu þings bók um alla lvti þá sem til veralldar heyra ok konvngdómsins. sem honom sýndiz bezt bera*, «Då fekk kong Magnus samtykke frå alle Frostatings-mennene til å ordne Frostatingsboka med omsyn til alt det som høyrer til det verdslege og til kongedømet, slik som han tykte det var best».

Etter dette er det klart at kong Magnus fekk vedteke lovbøker for Gulating, Borgarting og Eidsivating 1267-1268. Men på Frostatinget i 1269 fekk han ikkje vedteke noka ny lovbok. Han fekk mandat til gå vidare med den verdslege retten, men ikkje den retten som galdt kyrkje og kristendom. Det er nok erkebiskopen Jon Raude som har stoppa kongen på Frostatinget. Han blei vald til erkebiskop i 1267 og var i Italia hos paven i 1268. I 1269 var han tilbake i Noreg som ny erkebiskop.

I NgL (2:291-338) er det trykt to kristenrettar, begge tillagde Magnus Lagabøte. Den eine skal vere for Gulating, den andre for Borgarting. Det har vore den vanlege oppfatninga at desse er det einaste som er bevart av kong Magnus sin revisjon av landskapslovene i 1267 og 1268.

Björg Dale Spørcks (2006:264) konklusjon i avhandlinga om Magnus Lagabøtes kristenrettar er at desse to er Håkons og Sigurds kristenrettar frå ca. 1250 for desse lagdøma. Ho meiner vidare (Spørck 2006:265-266) at det som er kalla «Borgarthings nyere Kristenret» i NgL 4:160-182 inneheld kong Magnus sin landsdekkjande kristenrett, i redaksjonar for Gulating, Borgarting og Eidsivating.

Dersom kong Magnus fekk laga ein landsdekkjande kristenrett i 1267-1268, er det naturleg å spørje om det ikkje også blei laga ein landsdekkjande verdsleg rett. Formuleringane i *Annales regii* kan ikkje hjelpe oss med eit svar. *Gulaþingsbók* og *Frostuþingsbók* kan nok brukast om landskapslovene, men er også vanlege termar for handskrifter av Gulatings- og Frostatings-redaksjonen av landslova. Slik kan ordet ha vore brukt om landslova også i 1267. I 1268 er det snakk om «lovboka for opplendingar og vikkværingar». Også handskriftene av landslova kan ha formuleringar som viser til lovboka for mennene frå eit lagdøme.

Ingen av dei andre kjeldene vi har, seier noko om kva som blei vedteke i 1267-1268. Og ut frå formuleringane i *Annales regii* kan vi ikkje avgjere om dei viser til landskapslov eller landslov. Men Spørcks (2006) konklusjon om kristenrettane peikar mot landslov (sjå også Rindal og Spørck 2018:78 og Horn 2018:24).

Også Ebbe Hertzberg (1890:90) opnar for at det i 1267 og 1268 blei utarbeidd landsdekkjande tekst for delar av landslova.

Vi har ingen handskrifter (bortsett frå kristenretten) av dei lovbøkene som blei vedtekne i 1267 og 1268. Men det er ikkje uventa, sidan ei revidert lov blei vedteken i 1274. Og bortsett frå kristenrettane har vi heller ingen bevarte mellomalderhandskrifter av den eldre Frostatingslova, og berre eitt av den eldre Gulatingslova.

Epilogen til landslova fortel når landslova blei vedteken på tinget. Dei fleste handskriftene seier 1274, tre handskrifter har 1273 og eitt har 1277.

Dei skriftlege kjeldene fortel elles ikkje noko om at landslova blei vedteken i 1274. Men dette året er ikkje dekt i fragmentet av saga om kong Magnus. Det ser likevel ut til at 1267, 1268 og 1269 blei rekna som viktigare årstal for hans lovgjeving enn 1274. Dette kan tyde på at det verkeleg var den nye landslova som var til behandling 1267-1269.

Dersom det er slik, har arbeidet blitt stoppa på Frostating i 1269, og kongen har mått revidere lovutkastet etter samråd med erkebiskopen. Dette kan til slutt ha skjedd på eit møte mellom konge og erkebiskop i Bergen i 1273 (jfr. NgL 2:455-462). Der blei det eit forlik (*composito et finalis concordia*) mellom konge og kyrkje. Deretter kunne arbeidet med den nye landslova bli fullført.

Arbeidet med 1274-lova må ha blitt avslutta etter riksmøtet i Bergen 1. august 1273 og før lovvedtaket sommaren 1274. Det er eit uavgjort spørsmål om dette vedtaket skjedd på Gulatinget eller på Frostatinget. Kjeldene fortel at kong Magnus var på Frostatinget i 1275, men vi har ingen opplysningar om kva kongen gjorde sommaren 1274. Fragmenta av saga hans dekkjer ikkje dette året, og ingen av dei annalane som dekkjer denne perioden, seier noko om det.

Uavhengig av kvar lovvedtaket skjedd, er det all grunn til å tru at det avsluttande lovarbeidet blei utført i Bergen vinteren 1273-1274. Kongen oppheldt seg i byen den vinteren, og der har han hatt god tilgang på lovkyndige rådgjevarar.

«Landslova bygde på ein romersk lovgjevingstradisjon og kom til etter inspirasjon frå lovgjevingsarbeid i Castilla» skriv Jørn Øyrehagen Sunde (2017) i artikkelen om landslova i Store norske leksikon. Han meiner at medlemmer av det norske kongehoffet hadde fått kjennskap til arbeidet med ei ny lov i Castilla då dei følgde Kristin, dotter til Håkon Håkonsson, til Castilla i 1258 for å inngå ekteskap med ein av brørne til kongen der. Sunde meiner at det castillanske lovarbeidet blei avgjerande for lovreformarbeidet i Noreg. (Jfr. også Sunde 2005:118.)

Men som Sunde sjølv seier ein annan stad (Sunde 2011:58), står det ikkje noko i *Soga om Håkon Håkonsson* om det lovarbeidet som pågjekk i Castilla. Det kan difor vere naturleg å sjå om ikkje det i Noreg fanst førebilete for landslova. Prologen og epilogen i landslova seier tydeleg at ho byggjer på dei eksisterande lovene, som forbetringar. Og innhaldsmessig byggjer landslova i høg grad på dei gamle landskapslovene. Strukturelt er det også slektskap. Gulatingslova er ikkje formelt delt inn i bolkar, men inneheld i hovudsak dei same saksområda som landslova. Frostingslova er delt inn i bolkar, som også i hovudsak inneheld dei same saksområda som landslova.

Etter mitt syn er det då ikkje naudsynt å gå til lovarbeidet i Castilla for å finne inspirasjonen til arbeidet med Magnus Lagabøtes landslov.

Prologen og epilogen i landslova seier at lovboka har blitt til etter råd frå dei visaste og beste menn. Det er ikkje sagt noko om kven desse mennene var. Men frå andre kjelder kan vi finne opplysningar om personar med god juridisk kompetanse på denne tida.

Den islandske biskopen Arne Torlaksson var med på riksmøtet i Bergen i 1273, og blei der kjend med kongen og hans menn. I saga om han er det nemnt to norske menn med juridisk kompetanse, Audun Hugleiksson, med tilnamnet Hestakorn, og Tore Håkonsson. Biskop Arne kallar Audun den visaste mann i landslovene, og seier at Tore var skolert i kanonisk rett (Hauksson 1972:29).

Audun Hugleiksson (ca.1240-1302) var ein stormann frå Jølster i Sunnfjord, truleg i slekt med Håkon Håkonssons mor. Han var stallar frå 1276 og baron frå 1277. I kong Eirik Magnussons tid (1280-1299) var han ein av Noregs mektigaste menn. Men etter kong Eiriks død blei han fengsla, og i 1302 blei han hengd i Bergen. Vi veit ikkje grunnen til hans fall, endå om det har blitt lansert mange forklaringar (sjå Helle 1972:581).

Tore var son til biskop Håkon i Oslo, som blei erkebiskop i 1267, men døydde same året. Tore var kongens kanslar, og blei baron i 1277. Kona hans var i slekt med kong Magnus Lagabøte. Tore spelte ei sentral rolle i norsk riksstyring, som diplomat i utanrikstenesta og som sysselemann i Skien. Han døydde i 1317, fødselsåret er ukjent.

Dei norske biskopane har truleg vore med i arbeidet med lovrevisjonen. I prologen til landslova vender kongen seg i nokre handskrifter også til erkebiskop Jon Raude, biskop Andres i Oslo og biskop Torfinn i Hamar (her skriv Taranger i si omsetjing feilaktig «biskop Torfin i Bergen»). Biskopen i Bergen, Askatin, er ikkje nemnd i noko handskrift. Han var biskop frå 1270 til 1277, og hadde vore kongens kanslar frå 1266. Han har truleg spelt ei sentral rolle i lovarbeidet i Bergen.

Somme har tenkt seg at også Lodin Lepp (d. 1288-1289) kan ha vore med på å utforme landslova (jfr. Sunde 2005:118). Han var kongeleg rådgjevar og diplomat, og var med på reisa til Castilla i 1258. I 1281 gjorde han ein stor innsats for å få lovboka *Jónsbók* godkjend på Island. Men det er ikkje noko i dei overleverte kjeldene som tyder på at han hadde noko med landslova å gjere.

I dag finst det i alt 43 handskrifter av landslova i norrøn språkform med tekstkritisk verdi. Dei fleste av handskriftene, i alt 33, er frå perioden ca. 1300-1350. Mellom desse finn vi Ms.4° 1 og Ms.4° 317. Vi har 2 som er eldre enn ca. 1300, 4 frå perioden ca. 1350-1400, og 4 frå 1500-talet. Frå 1400-talet finst det ingen handskrifter.

Vi har i alt fragment av 55 handskrifter i norrøn språkform med tekstkritisk verdi. Av dei 55 er det flest frå perioden ca. 1300-1350, i alt 43, medan 7 kan vere eldre enn ca. 1300. Vi har 4 frå perioden ca. 1350-1500. Det yngste fragmentet, frå ca. 1550-1600, er del av eit handskrift med andre lovtekstar. Ved Nasjonalbiblioteket ligg det eitt fragment på 7 blad, Ms.8° 2037, frå ca. 1500.

Vi kjenner namnet berre på tre skrivarar frå mellomalderen. Torgeir Håkonsson har skriva AM 302 fol, AM 305 fol. og AM 56 4°. Eirik Trondsson har skriva Holm perg 34 4°. I begge tilfella namngjev skrivaren seg i handskriftet. Dessverre veit vi ikkje noko meir om desse skrivarane.

Den tredje skrivaren er Hauk Erlendsson (ca. 1265-1334), som truleg har skriva fragmentet NRA 2. Han var fødd og oppvaksen på Island, og var lagmann der 1294-1299. Seinare kom han til Noreg, og var lagmann i Oslo 1302 og lagmann i Bergen 1303-1322. Han har utferda fleire norske diplom, og står bak *Hauksbók*, eit handskrift med samlingar av i hovudsak historiske tekstar.

Vi har nokre eksempel på at ein og same skrivar har skriva meir enn eitt handskrift. Det gjeld framfor alt AM 304 fol., AM 322 fol., AM 60 4° og fragmentet NRA 35 A.

Av handskriftene frå mellomalderen inneheld 17 Gulatings-redaksjonen (mellom dei er Ms.4° 1), 10 inneheld Borgartings-redaksjonen, 6 inneheld Eidsivatings-redaksjonen (mellom dei er Ms.4° 317), 5 inneheld Frostatings-redaksjonen og 1 vekslar mellom Frostating, Eidsivating og Gulating.

To av dei fire handskriftene frå 1500-talet er i hovudsak generelt formulerte, og kan vanskeleg knytast til eit bestemt lagdøme. Dei to andre inneheld Frostatings-redaksjonen.

Det er varierende kor mykje vi veit om historia til mellomalderhandskriftene av landslova. Men det er all grunn til å tru at dei har vore i bruk i Noreg fram til den danske omsetjinga kom på 1500-talet. På 1600-talet blei mange av dei skorne opp og brukte i innbindingar om rekneskap og protokollar, og dukka opp att fyrst på 1840-talet i Riksarkivet (jfr. Munch 1873:273-295).

På 1500- og 1600-talet var det ei viss historisk interesse for dei norske mellomalderhandskriftene. Storfolk, både danske, svenske og norske, skaffa seg handskrifter, som seinare fann vegen til danske og svenske samlingar. Vi må vere glade for at dei norske handskriftene på denne måten blei berga. For dei som blei verande i Noreg, lei oftast ein ublid lagnad (jfr. Halvorsen 1982). Nokre få lovhandskrifter har teke vegen til Island, og derifrå til Árni Magnússon og Den arnamagnæanske samling i København.

I dag er det berre tre av mellomalderhandskriftene av landslova som er oppbevarte i Noreg. Eitt av dei er Gunnerus, XA HA, Qv. 1, frå ca. 1370-1390, som ligg ved Gunnerusbiblioteket i Trondheim. Vi veit ikkje noko om historia til dette handskriftet, men det har truleg vore i Trondheim frå mellomalderen av. Dei to andre, Ms.4° 1 og Ms.4° 317, ligg ved Nasjonalbiblioteket, og blir grundig omtalte seinare.

Dei handskriftene som Nasjonalbiblioteket har av omsetjing til dansk av landslova, blir omtalte i ein eigen bolk seinare.

Elles finst landslova, eller delar av henne, i Ms.fol. 87:a, avskrift frå ca.1700; Ms.4° 339, attgjeving frå 1700- eller 1800-talet; Ms.4° 695, avskrift frå ca. 1700; Ms.8° 66, avskrift frå ca. 1750.

Landslova er utgjeven i NgL 2:7-178 og i Rindal og Spørck 2018. Absalon Tarangers (1915) omsetjing byggjer på utgåva i NgL.

Bylova

I handskriftene av landslova finn vi aldri termen *landslog*. Lova var formelt sett innretta for kvart av lagdøma, og blir kalla *Gulaþingslog* eller *Gulaþingsbók* osv. I lovtekstar eldre enn landslova kan vi finne termen *landslog*, men då med innhaldet «gjeldande lov og rett i landet» eller «den verdslege lovgjevinga». I bylova er termen *landslog* brukt to gonger, med innhaldet «lova for landdistrikta». Elles finst *land* om landdistrikt berre i to rettarbøter. Det gammalnorske ordet for landdistrikt var elles *herað*. Og ein gong nemner landslova *heraðsréttr*.

I mellomalderen hadde Noreg (det området som omfattar dagens Noreg) 11 byar (12 dersom vi reknar med Steinkjer). Ved utgangen av høg mellomalderen var det samla folketalet i byane rundt 20.000, dvs. at berre ca. 5 % av menneska i Noreg budde i byar. (Jfr. Helle 1995:86-90). Dei gammalnorske termene for det vi kallar by, var *kaupangr*, *kaupstaðr*, *staðr*, *b?r*.

Etter at Magnus Lagabøte hadde fullført landslova, kom turen til bylova, som blei vedteken i 1276. Denne lova blei kalla *b?jarbók*, *b?jarlog* eller *b?jarréttr*. Men den gamle termen *bjarkeyjarréttr* er brukt i overskrifta i fem av handskriftene av bylova.

I dag finst det handskrifter av bylova for Nidaros, Bergen, Tønsberg og Oslo, ingen andre byar.

Bylova er overlevert i 24 norrønspråklege handskrifter og fragment av 8 andre handskrifter. To handskrifter er eldre enn ca. 1300, 19 handskrifter og alle dei fragmenterte handskriftene er frå perioden ca. 1300-1350. Vi har også 16 seinare avskrifter av kjende handskrifter av bylova.

Det er også overlevert 17 handskrifter med omsetjing av bylova til dansk, 12 av dei er frå 1500-talet.

Naturleg nok manglar bylova to bolkar som er knytte til landdistrikta: Odelsløyingsbolken og landsleigebolken. Nye bolkar (samanlikna med landslova) i bylova er byordninga og farmannslova. Bylova har også ei anna tingordning. Etter mitt syn er det usikkert om farmannslova, som er ein sjørett, har vore ein integrert del av bylova. Dette spørsmålet vil eg kome tilbake til ved eit anna høve.

Prologen og epilogen følgjer same mønsteret som i landslova. Også bylova blir avslutta med rettarbøter, men dei manglar i dei fleste handskriftene. Nokre handskrifter plasserer rettarbøtene i landslova etter bylova, som følgjer rett etter landslova. Det ser då ut til at desse handskriftene har sett på landslova og bylova som ein einskap.

Av dei 24 handskriftene i norrøn språkform er det berre 2 som har fullstendig tekst av bylova. I tillegg har eit handskrift med dansk omsetjing fullstendig tekst. Dei andre forkortar fellesbolkane meir eller mindre, og viser til landslova. Alle desse er også overleverte i

handskrifter som inneheld landslova. Eit særtilfelle er AM 78 4°, som inneheld bylova og ikkje landslova, men det er grunn til tru at det opphavleg har vore del av same handskriftet som AM 56 4°, som inneheld landslova og ikkje bylova (jfr. Storm 1885:571). Dei tre handskriftene som har den fullstendige teksten, er ikkje overleverte saman med landslova.

Handschriftene av landslova kan stundom ta med forhold som gjeld byen. Særleg viktig er kap. 16 i arvebolken. Der blir det sagt at det som er gjort i byen, skal behandlast etter bylova. Det som er gjort i heradet, og som heradsmennene og bymennene er usamde om, skal behandlast etter heradsretten. I kap. 7 i landevernsbolken er det gjeve reglar for leidangsplikta i byen og i heradet.

Bylova er utgjeven i NgL 2:185-288, og er omsett i Taranger 1923.

Handskriftet Ms.fol. 4 frå slutten av 1500-talet inneheld dansk omsetjing av landslova og Bergens bylov.

Handskriftet Ms.4° 507 frå slutten av 1500-talet inneheld norrøn tekst og dansk omsetjing av bylova. Grunnlaget er truleg Bergens bylov, men teksten er redigert til bruk i Stavanger.

Handskriftet Ms.4° 694 frå slutten av 1500-talet inneheld omsetjing til dansk av bylova innretta for Tønsberg.

Handskriftet Ms.8° 66 frå ca. 1750 inneheld avskrifter av tre redaksjonar av bylova, Oslos etter AM 305 fol., Tønsbergs etter AM 307 fol. og Bergens etter AM 322 fol.

Hirdskråa

Hirdskråa er den lovboka som galdt for kongens krigsfølgje, livvakt, hoff og statsteneste. Lova opplyser ikkje sjølv når ho blei til. Men det må ha skjedd mellom 1273 og 1277. Den nye tronfølgjelova av 1273 er med i hirdskråa. I 1277 fekk lendmennene og skutelsveinane rett til kalle seg baronar og riddarar, men dette er ikkje nemnt i hirdskråa. (Jfr. Imsen 2000:24.)

I dei eldste handskriftene er hirdskråa delt inn i tre delar. Den fyrste handlar om tronfølgja og om hirdleiarane. Den neste handlar om hirdsedene og om forholdet mellom hirdmennene og kongen, og om militærvesen og riksstyre. Den siste delen handlar om gjestene og kjertesveinane. Gjester tilhøyrdde ei lågare avdeling i hirda, med oppgåver knytte til vakthald og det vi kan kalle politiarbeid. Kjertesveinar var unge menn av god slekt som gjorde teneste ved kongens hoff og fekk opplæring i våpenbruk.

I sjølv lova er det vist til ei *forn* hirdskrå, og ein del av stoffet i hirdskråa går nok tilbake på periodar før Magnus Lagabøte, særleg Håkon Håkonssons tid (jfr. Imsen 2000:25-30).

Hirdskráa er utgjeven i NgL 2:391-450. Utgåva byggjer på AM 323 fol., og har eit rikt variantapparat. Imsen 2000 har gjeve ut eit anna handskrift av hirdskráa, AM 322 fol., og har laga ei omsetjing bygd på det.

Handskriftet Ms.fol. 87a frå ca. 1700 inneheld ei avskrift av hirdskráa.

Járnsíða

Den islandske lovboka *Járnsíða* blei av R. Keyser og P. A. Munch rekna som eit tillegg til den eldre Frostatingslova, og dei brukte namnet *Hákonarbók*, etter Hákon Hákonsson. Dette namnet blir i hovudsak avvist i dag, men har hatt ein viss tradisjon. Lova er overlevert i berre eitt handskrift, AM 334 fol.

Det er semje om at *Járnsíða* blei send til Island i 1271 og at ho heng saman med Magnus Lagabøtes lovgjevingsarbeid på slutten av 1260-talet. I 1262 kom islendingane under den norske krona. Dette var grunnlaget for at den norske kongen utarbeidde ei ny lovbok for Island. Og det kan vel hende at det var Hákon som initierte arbeidet med den nye lova.

P. A. Munch (1858:484) drøftar namnet *Hákonarbók*. Han seier at namnet er misvisande, for lovboka, også i den eldste utforminga, høyrer heime i Magnus Lagabøtes regjeringstid. Men dersom namnet verkeleg er gammalt, kan det vise til «en ved Kong Haakons Foranstaltning udarbejdet Bog, indeholdende et Udkast til en Fælleslov for Norge, hvilken Kong Magnus benyttede som Grundlaget ved Udarbejdelsen af den nye Lov for Island.» Munch var såleis ikkje framand for at Hákon Hákonsson starta arbeidet med ei ny felles lov for kongeriket.

Mesteparten av *Járnsíða* byggjer nok på Magnus Lagabøtes arbeid med ei landslov i 1260-åra, men i 24 av 141 overleverte kapittel er *Grágás* brukt (Lárusson 1962:567). Som i landslova inneheld kristenretten i hovudsak tronfølgjelova. Lova har ingen bolk for tingordninga eller landevernet. Men som i landslova finn vi mannhelgebolk, arvebolk som begynner med kvinnegifting, bolk om landsleige, om kjøp og avtaler og om steling.

Járnsíða er utgjeven i NgL 1:259-300.

Handskriftet Ms.fol. 87a frå ca. 1700 inneheld ei avskrift av *Járnsíða*, truleg etter AM 334 fol.

Tilnamnet *Lagabøte*

I prologen til landslova omtalar kong Magnus seg som son av kong Hákon, soneson av kong Sverre. Og det er Magnus Hákonsson som er den vanlege nemninga for kongen i kjeldene. I dag blir han ofte omtalt som Magnus 6 Hákonsson. I latinske dokument frå regjeringstida hans kan han også bli kalla kong Magnus 4, som i stadfestingsbrevet frå pave Gregor 10 av 26. juli 1274 om semje mellom kongen og erkebiskopen, trykt i NgL 2:455-462. Dei to Magnusane som

ein då ikkje har teke med i kongerekka, er Magnus 2 (d. 1069), son av Harald Hardråde, og Magnus 4 Blinde (d. 1139), son av Sigurd Jorsalfare. Kong Magnus kunne også kallast Magnus den gode, som i ein islandsk annal frå byrjinga av 1300-talet.

Tilnamnet *lagabætir* tyder «lovbøtaren», dvs. den som forbetrar lovene. Dette tilnamnet finst ikkje i noko handskrift frå mellomalderen. Det eldste belegget er i eit handskrift frå ca. 1600, som inneheld ein islandsk annal som går til 1427. Det ser såleis ut til at dette tilnamnet fyrst er brukt ut på 1400-talet, og då av islendingar. (Sjå Munch 1858:690.)

For islendingane var Magnus Lagabøte særleg kjend for lovboka *Jonsbók*, eit lovverk som var gjeldande rett i mange hundreår på Island. Det kan hende at det er bakgrunnen for tilnamnet Lagabøte. Men namnet er velfortent også ut frå Magnus sitt store arbeid med dei norske lovene.

Landslova og rettarbøter

Bolk 10 i landslova er rettarbøter frå Håkon Håkonsson og Magnus Lagabøte. Også andre stader er det vist til rettarbøter frå desse to kongane. I utgangspunktet er det uventa å finne rettarbøter i landslova frå 1274. Vi ville vente at rettarbøter frå tida før 1274 var innarbeidde i denne lova. Vi vil difor sjå litt nærmare på overleveringa av rettarbøter, både før og etter landslova.

Ebbe Hertzberg (1895:516) definerer *réttarbót* slik: «forbedring af landets, den hele befolknings eller en enkelt landsdels el. samfundsklasses ret; kgl. (undtagelsesvis ogsaa kirkelig) forordning, der med thingalmuens samtykke indførte ændringer i eller tillæg til den gjældende retsforfatning». For *skipan* har Hertzberg (1895:573) denne definisjonen: «ordning, anordning, forordning; bestemmelse men fortrinsvis dog om anordning el. forordning, fastsat eller udfærdiget af offentlig myndighed».

I det følgjande vil eg nytte termen *rettarbot* om rettarbøter, skipaner og andre endringar av lovene.

I den eldre Gulatingslova finn vi fleire rettarbøter. Kapittel 148 har overskrifta *Her ero rettar botr þær er Magnús goðe gaf í Langeyjar sundi. En sumar gaf Hakon Þores fostre* (NgL 1:58), «Her er dei rettarbøtene som Magnus den gode gav i Langøysundet, og Håkon Toresfostre gav nokre». Magnus Olavsson den gode var konge 1035-1047, og Håkon Magnusson Toresfostre var konge over Opplanda og Trøndelag 1094-1095.

I kristenretten i Gulatingslova finn vi to lag. Det eldste er knytt til Olav Haraldsson den heilage, konge 1015-1028. Det yngste laget er knytt til Magnus Erlingsson, konge 1161-1184. I handskriftene står det ofte kva som er Olavs tekst og kva som er Magnus sin tekst, og nokre gonger står det at begge står bak formuleringane.

Gulatinglova blir avslutta (kapittel 316-320) med Bjarne Mårssons *saktal*. Ebbe Hertzberg (1895:533) definerer *saktal* slik: «bødeberegning; udregnet schema for mandebødernes fordeling paa medlemmerne af de udredende og modtagende ætter». Overskrifta er *Her hefr upp saktal hit nyia. Þat er Bjarne Marðars sun skipaðe. af .vi. morcom gullz* (NgL 1:104), «Her begynner det nye saktalet som Bjarne Mårsson fastsette, om seks merker gull». Lagmannen Bjarne Mårsson er nemnd 1198 og 1199 mellom hovdingane på Hålogaland.

Den eldre Gulatinglova er overlevert i eit handskrift frå ca. 1250, og lova inneheld både gamle og nyare rettsreglar, rettarbøter. Vi ser at rettarbøtene blir innarbeidde i lova, med unntak av Bjarne Mårssons *saktal*.

Den siste bolken i den eldre Frostatingslova inneheld rettarbøter, *Her hefr upp réttarbøtr þær er konungar gáfu* (NgL 1:257), «Her begynner dei rettarbøtene som kongane gav». Dei kongane som er nemnde i dei tre fyrste rettarbøtene, er Sigurd (1103-1130), Øystein (1103-1123) og Olav (1103-1115), sønene til Magnus Berrføtt. Rettarbøtene er frå ca. 1105 (Hagland og Sandnes 1994:226). Den siste rettarbota er gjeven av kongane Harald og Magnus, truleg Harald Gille (1130-1136) og Magnus Sigurdsson Blinde (1130-1135), og rettarbota er då frå 1130-1135 (jfr. Hagland og Sandnes 1994: 227).

Vi har ikkje noko mellomalderhandskrift av den eldre Frostatingslova. Det vi har, er avskrifter av eit tapt handskrift, som truleg var skriva i 1260-åra. Vi ser at rettarbøtene ikkje er innarbeidde i lova, men kjem som avslutning.

I epilogen i landslova står det: *Lizt hanns rettum eptirkomandum eins huerium stað en umbota þurfa. þa skipi sa þui sua at guð hafe sømd af. hann sialfr salo hiolp þeir gagn er vndir skolu bua* (NgL 2:178), «Dersom dei rette etterkomarane hans synest at nokon stad treng betring, då skal han skipe det slik at Gud har ære av det, han sjølv sjelehjelp og undersåttane gagn».

Vi har mange rettarbøter frå Magnus Lagabøtes etterfølgjarar, Eirik Magnusson, konge 1280-1299, og Håkon 5 Magnusson, konge 1299-1319. Men desse rettarbøtene er aldri overleverte som del av landslova. Endå om dei fleste handskriftene er frå tida etter desse to kongane, er det likevel ikkje noko eksempel på at avskrivarane har inkorporert rettarbøter frå dei i landslova. Dei er ofte overleverte i same handskriftet som landslova, og stundom skrivne av same skrivaren, men aldri integrerte.

Men det finst eitt særtilfelle. I AM 56 4°, frå ca. 1300, har ei hand frå slutten av 1500-talet skriva rundt 25 rettarbøter i margen, frå kongane Eirik Magnusson og Håkon 5 Magnusson. Denne skrivaren frå 1500-talet har på sin måte integrert desse rettarbøtene i landslova.

Mellom rettarbøtene har vi ei stor allmenn frå Eirik Magnusson i 1280 (NgL 3:4-11), og ei stor allmenn frå Håkon 5 Magnusson i 1313 (NgL 3:99-102). Desse rettarbøtene har eit landsgyldig verdsleg preg som ville forsvare ein plass i landslova. Den fyrste av dei er overlevert i m.a. 21 handskrifter frå mellomalderen. I 20 av dei finst også landslova. Det siste er AM 78 4°, som inneheld bylova. Det kan før ha tilhøyrt same handskriftet som AM 56 4°, som inneheld landslova. I AM 72 4° står denne rettarbota føre landslova. Den andre rettarbota er overlevert i

15 handskrifter frå mellomalderen, og alle inneheld landslova. Ofte er desse to rettarbøtene skrivne med same handa som landslova. Men dei er aldri inkorporerte i lova.

Eirik Magnussons rettarbot frå 1280 har ei innleiing som minner om den vi finn i landslova, og også rettarbota er fastsett etter råd frå dei beste menn. RN 2:108 meiner at ho blei kunngjord for dei ulike lagtinga, slik som landslova blei det. Dette er ei omfattande rettarbot, med 32 artiklar frå ulike rettsområde. Ho tek som utgangspunkt at den lova som Magnus Lagabøte laga, ikkje alle stader gav så klar orskurd som folk treng. Og rettarbota held fram med «oc en finnast fleiri greinir malanna en uon se at sua litil bok megj or skyra», «Det fins også flere omstendigheter i sakene enn det kan være von at en så liten bok kan gi opplysning om» (Bagge, Smedsdal og Helle 1973:160). Det er verdt å merke seg at landslova her blir kalla ei lita bok.

Håkon 5 Magnussons rettarbot frå 1313 har ei liknande innleiing som rettarbota frå 1280. I avslutninga står det *Bioðum ver syslumonnum oc logmonnum þesse log oc rettarbøtr i logbok at setia. þui at þau uilium ver at gange vm alldr oc vm æfue vm allan Noregh* (NgL 3:102), «Vi bed sysselmennene og lagmennene om å setje denne lova og rettarbøtene inn i lovboka, for vi vil at dei skal gjelde i all æve over heile Noreg». Den siste setninga er den same som i epilogen i landslova. Rettarbota frå 1280 har ikkje noka avslutning.

Men trass i oppmodinga på slutten av rettarbota frå 1313 er ingen av rettarbøtene etter Magnus Lagabøtes tid sette inn i lovboka, dvs. i noko handskrift av landslova.

Etter prologen i landslova er kongane sine rettarbøter den siste bolken i lova, for det er kongens plikt å bøte på lovene med rettarbøter av omsyn til undersåttane sine. Og epilogen inneheld ei oppmoding til framtidige kongar å syte for rettarbøter når det trengst.

Dei kongane det er vist til i prologen, er Håkon Håkonsson og Magnus Lagabøte. I bolken med rettarbøter er det gjeve att 6 rettarbøter frå Håkon og 11 frå Magnus.

I si omsetjing av landslova meiner Absalon Taranger (1915:191-192) at Håkons rettarbøter er frå 1260, og svarar til kap. 1-8 og 10 i det som er rekna som innleiinga til den eldre Frostatingslova, og at Magnus sine rettarbøter er frå 1271. Truleg er dei siste vedtekne i 1271 på det riksmøtet som Knut Helle (1972:161-162) omtalar.

Av dei 11 rettarbøtene frå Magnus er det fire som ikkje har parallellar lenger framme i lova. Av dei 7 andre har 6 parallellar i mannhelgebolken, og ei har parallell i tjuvebolken.

I mannhelgebolken har kap. 12 overskrifta *Vm rettar bøtr Magnus konungs* (NgL 2:58). Tre av rettarbøtene i avslutninga har parallellar i dette kapitlet. I denne overskrifta har Holm perg 34 4° Håkon i staden for Magnus, dette handskriftet manglar også Håkons rettarbøter i siste bolken.

Ein del av kap. 2 i mannhelgebolken har same innhaldet som Håkons femte rettarbot i bolken rettarbøter. I teksten er det nemnt ein skipan frå Håkon, eitt handskrift har Magnus. Elleve handskrifter har ei overskrift som knyter skipanen til kong Håkon, ingen nemner Magnus i overskrifta.

I kap 2 i odelsløyfingsbolken er det vist til rettarbøter frå kong Magnus. Her har eitt handskrift Håkon i staden for Magnus. I epilogen står det følgjande: *Ma at fleiri rettarbøtr finnizt i þessare bok en þær einar er her eru nefndar ef skynsamir menn skoða með gaumgæfe þessa ok hina er aðr uar* (NgL 2:178), «Det kan hende at det i denne boka finst fleire rettarbøter enn berre dei som er nemnde her, dersom skjønnsame menn nøye granskar denne boka og den som var før».

Det er usikkert kva som er meint med den boka som «var før». Dersom det er vist til lovbøkene for dei ulike lagtinga, skulle vi vente fleirtal, dvs. *hínar er áðr váru*. Truleg viser det til den lovboka som Magnus la fram 1267-1269.

Dei lovene som er eldre enn landslova, innarbeider rettarbøter i sjølve lova. Rettarbøter som er yngre enn landslova, er aldri innarbeidde i lova. I handskriftene kan dei følgje etter landslova, stundom skrivne med same handa som sjølve lova.

Vi kan også merke oss at *Jónsbók* frå 1281 ikkje inneheld Håkon og Magnus sine rettarbøter.

I framstillinga av rettarbøter i landslova er dei to kongane Håkon og Magnus likestilte. Begge har rettarbøter med i siste bolken, og det er vist til rettarbøter frå begge i mannhelgebolken. Begge framstår som lovgjevarar i landslova. Rettarbøtene er truleg frå 1260 og 1271.

Ei formulering i epilogen reiser spørsmålet om det har funnest ei landsdekkjande lovbok før landslova slik vi kjenner henne i dag.

Rettarbøtene inntil 1387 er utgjevne i NgL 1:437-463, NgL 2:453-491, NgL 3, NgL 4:97-113, 341-386. Rettarbøter etter 1387 er utgjevne i seinare band av NgL. I Bagge, Smedsdal og Helle 1973, som omfattar tekstar fram til 1540, er sentrale rettarbøter omsette, og nokre av dei er utgjevne. Dei fleste av lovhandskriftene ved Nasjonalbiblioteket inneheld rettarbøter.

Konklusjon om Håkon Håkonssons og Magnus Lagabøtes lovgjeving

I det føregåande har eg argumentert for at arbeidet med ei felles lov for kongeriket Noreg starta allereie under Håkon Håkonsson. Men han fekk ikkje fullført arbeidet før han døydde i 1263. Den nye lova som er nemnd i saga om han, er etter mitt syn eit utkast til ei landslov, ikkje ein revisjon av Frostatingslova.

Sonen, Magnus Lagabøte, førte arbeidet vidare, og fekk godkjent ei landslov på Gulating i 1267 og på eit fellesmøte for Borgarting og Eidsivating i 1268. Men lova blei stoppa av erkebiskop Jon Raude på Frostating i 1269. Etter eit forliksmøte mellom konge og erkebiskop i 1273 i Bergen kunne arbeidet fullførast, og landslova blei endeleg vedteken på lagtinga 1274-1276.

Omsetjing til dansk av Magnus Lagabøtes landslov

«I Norge kunne folk flest ikkje forstå det gamle språket lenger ved slutten av middelalderen», seier Ludvig Holm-Olsen (1981:12). Men kjeldene tyder på at dette ikkje er heilt rett. Gustav Indrebø (1951:209-211) gjev fleire eksempel frå 1700- og 1800-talet som tyder på at mange kunne lese og forstå gammalnorsk.

Vi kan også vise til eit brev datert 3. mai 1851 frå Ivar Aasen til Carl Richard Unger (Djupedal 1957:207-208). Aasen takkar for den tilsende utgåva av *Barlaams ok Josaphats saga*, og seier at det er tredje eller fjerde gongen han les denne saga, og med stigande interesse. Han seier vidare at «de Almuesfolk» som hadde høyrte om saga, var skuffa over at den ikkje var «paa vort Maal». Aasen vedgår at det kan høyrast underleg ut, men seier at folk ikkje er vane med å lese bøker i det gamle språket. Men dersom teksten blir lesen opp for dei, synest dei ikkje «saa ilde derom».

Dei som hadde størst behov for å forstå landslova, var lagmennene. Dei var opphavleg lovkyndige, seinare også domarar. På 1500-talet var det mange nordmenn mellom lagmennene, men også danskar. Mellom lensherrane var det utanlandske innslaget sterkare. Etter 1513 var det danskar som var kongens kanslar i Noreg. Endå om ein del norske lagmenn forstod gammalnorsk, blei det såleis etter kvart eit behov for omsetjing til dansk. Noko nyare norsk skriftspråk fanst det ikkje på denne tida.

Men også på 1500-talet blei den gammalnorske versjonen av landslova brukt. Vi har ni avskrifter på norrønt frå slutten av 1500-talet, ei av dei ligg ved Nasjonalbiblioteket (Ms.fol. 5). Diplom frå midten av 1500-talet viser også at den gammalnorske versjonen var i bruk. Under Kristian 3 (1536-1559) blei både original og omsetjing brukte, slik at dei danske embetsmennene brukte omsetjinga og dei norske lagmennene brukte originalen. Men mot slutten av hundreåret blei omsetjinga den dominerande teksten.

Kristian 4 fekk laga ei ny omsetjing og bearbeiding av landslova i 1604. Denne omsetjinga blei trykt, og etter den tid var det ikkje naudsynt å lage fleire avskrifter av omsetjinga frå 1500-talet.

Ein gjennomgang av tilgjengelege katalogar (Storm 1885, Kålund 1889, 1894, 1900, Gödel 1892, 1897-1900) og andre opplysningar gjev som resultat at det skal finnast i alt 131 handskrifter med dansk omsetjing av landslova. Dei fleste handskriftene ligg no i danske og svenske samlingar. I Noreg har Nasjonalbiblioteket 25 handskrifter og Deichmanske bibliotek i Oslo har 12. Dessutan har Riksarkivet 8 handskrifter, og det finst 3 i Trondheim og 2 i Bergen.

Mange av handskriftene har eigarsignaturar og årstal, og somme opplyser om skrivar. Dateringane er difor rimeleg sikre. Det eldste handskriftet, AM 85 4°, er frå 1543, og det opplyser at det er skriva av ein Rasmus Hertuicksen, som også har skriva Ms.4° 528. Eigar har vore Michel Eskilssøn, fogd på Halsnøy rundt 1570, som gav det til bror sin Christen Tanne, som er nemnd som fogd i Ryfylke 1591. Seinare har handskriftet tilhøyrt Tormod Torfæus (1636-1719).

Berre 5 av dei 131 handskriftene er yngre enn 1604, og dei er frå 1700-talet.

For ca. ein tredjedel av handskriftene har vi meir eller mindre sikre opplysningar om kvar dei er skrivne. Av byane er Bergen den viktigaste, med 13 handskrifter. Trondheim har 5 og Oslo 3. Det er også laga handskrift i Stavanger, Tønsberg, Skien, Fredrikstad, Marstrand og Båhus. Det ser vidare ut til at 7 handskrifter er frå Austlandet, 1 frå Sunnmøre og 1 frå Island.

Det eldste handskriftet er frå 1543, så omsetjinga til dansk må ha skjedd før den tid. Omsetjinga tek med kongelege rettarbøter etter Magnus Lagabøtes tid. Men rettarbøtene frå kong Kristian 2 manglar. Han var dansk-norsk konge frå 1513 inntil han blei avsett i 1523. Omsetjinga inneheld også ei opprekning av kongane, og dei enkelte handskriftene oppdaterer kongerekka. Men dei hoppar frå Hans, som døydde 1513, til Fredrik 1, som blei konge 1523, Kristian 2 er ikkje med i rekka. Avskrivarane har nok fjerna Kristian 2 fordi hans regjeringstid og hans forordningar blei vurderte som illegitime (Storm 1879:27).

Den eldre utforminga av omsetjinga har behalde den gamle, katolske truvedkjenninga i kapittel 1 i kristendomsbolken, med skriftemål og faste. Det er difor sannsynleg at omsetjinga blei utført før reformasjonen, dvs. før 1537.

Handskriftet Deichman 33 4° er skriva 1567 i Sandeherred (no Sandar) i Vestfold av presten Laurentz Hermanson. Der står det: «Norries lagboch, som ær omwend aff den gamble Norsche (oc det aff Anders Sybiörn son fordom lagmand i Oslo) og paa leet [rett?] da(n)sche eller Syøømaalz Norsche, der huor man kand forstaa». Anders Sæbjørnsson er frå diplom kjend som lagmann i Borgarting 1511-1522 og i Oslo 1524-1527.

Handskriftet Linköping J 7, som inneheld ei svensk omsetjing av den danske omsetjinga, er skriva andre halvdel av 1500-talet. Handskriftet har truleg blitt til under den svenske okkupasjonen av Trondheim 1564. Her står det: «Norgis lagh som Erick Gullen stiernn vvlade aff ysslenske mall oc paa dette mall som nu talis med iiij her lagmender myndigiste wiisseste oc clogiste han mest kune finne: ssa huar mand förstandeligt er när hon warder lessin». Erik Gyldenstjerne er kjend frå ei rad diplom, og han var lensherre på Akershus 1532-1536.

Både Storm (1879:29) og Indrebø (1951:302) tenkjer seg at Anders Sæbjørnsson var den leiande av dei fire lagmennene som Erik Gyldenstjerne sette til å omsetje landslova. Men her er kronologien eit problem. Anders Sæbjørnsson er ikkje nemnd i kjeldene etter 1527, og i 1528 blei det utnemnt ny lagmann i Oslo. Erik Gyldenstjernes funksjonstid begynte fyrst i 1532. Det er difor ikkje lett å sameine desse to opplysningane.

Ms.4° 528, skrive 1544, er det nest eldste av handskriftene, og har same skrivaren (Rassmus Hertuicksen) som det eldste, AM 85 4° frå 1543. Begge handskriftene har kanskje blitt til i Trondheim. Dette handskriftet seier: «Norriigis laagbog - - er aff wiisse och forstandige mend wdragenn aff rett gammell norske». Også her er det sagt at fleire menn står bak omsetjinga.

I kapittel 2 i tingfarebolken i den gammalnorske landslova er det sagt kor mange nemndemenn som skal dra til tinget frå dei ulike distrikta. Men handskriftene for Borgarting har her ei generell formulering om at det skal sendast menn etter gammal sedvane. Den danske omsetjinga seier det same som handskriftene for Borgarting. Borgarting er også nemnt i kapittel 4 av odelsløyingsbolken. Sidan dei to siste rettarbøtene i omsetjinga gjeld Oslo, reknar Storm (1879:28) det som «utvivlsomt» at omsetjinga er gjord etter ei lovbok for Oslo. Og i ein fotnote seier han at dette førelegget ikkje er noko av dei overleverte handskriftene.

Absalon Taranger (1935:66) meiner at den omsetjinga som er knytt til Anders Sæbjørnsson, er laga i Oslo, bygd på Eidsvatings-redaksjonen av landslova. Den omsetjinga som er knytt til Erik Gyldenstjerne, byggjer på denne, men bruker også Borgartings-redaksjonen.

Knut Robberstad (1976:215-232) deler omsetjingane inn i to hovudgrupper (A og B), basert på kapitteltalet i landevernsbolken. Gruppe A skal ha blitt til på Akershus 1507-1510, og her har Anders Sæbjørnsson spelt ei sentral rolle. Gruppe B har blitt til 1533-1535, og her har Erik Gyldenstjerne spelt ei sentral rolle. Robberstad meiner at både A og B byggjer på Borgartings-redaksjonen av landslova. A blei helst brukt på Vestlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg, medan B blei brukt på Austlandet. Robberstads A er overlevert i m.a. AM 85 4° og Ms.4° 528, hans B er overlevert i m.a. Holm Papp 69 4°.

Robberstad har også to mindre grupper av omsetjinga, C og D. C skal vere laga etter 1557, og etter Robberstad (1976:225) er den eldste overleverte avskrifta truleg laga i 1561 av Jens Pederssøn Skielderup, biskop i Bergen 1557-1582. D har ein fortale av ein Mathias Scavenius, og er overlevert i m.a. Deichman 14 fol., som er frå 1577.

Under overskrifta «Kong Fredrik den 2dens Lov» omtalar Gustav Storm (1879:41-45) tre handskrifter som han reknar med er forsøk på å lage ei revidert dansk omsetjing. Fredrik 2 var konge 1559-1588, så revisjonen må ha skjedd i denne perioden. Revisjonen skal vere overlevert i Ms.4° 553, frå andre halvdel av 1500-talet, og i to avskrifter av 553: AM 92 4° frå 1600 og UBB Ms 65, ca. 1598. Dei to sistnemnde handskriftene har ei innleiing som seier at det er Fredrik 2s lov for Noreg.

Mange handskrifter av den danske omsetjinga av landslova har ein ny prolog, manglar den katolske truedkjenninga, har ingen eigen kristendomsbolke, har færre kapittel i landevernsbolken, og manglar bolken med Håkon og Magnus sine rettarbøter.

Det store materialet av handskrifter av den danske omsetjinga av landslova på 1500-talet er så godt som uutforska, det treng «mykje til nøgnare gransking», for å sitere Gustav Indrebø (1951:303). Det er lett å seie seg samd i denne utsegna. Det er framleis uavklart kor mange versjonar vi har av omsetjinga av landslova til dansk, kor gamle dei er, og kven som utførte arbeidet.

Nesten alle handskriftene av landslova i norrøn språkform er frå perioden før 1400. Mange av handskriftene frå 1500-talet av omsetjinga har med stoff som ikkje finst i dei norrøne handskriftene. Knut Robberstad (1976:223-224) gjev eit kort oversyn over dette nye stoffet. Nedanfor tek eg berre med det viktigaste.

Liste over norske kongar frå Harald Hårfagre finst i einskilte norrøne handskrifter, f. eks. Holm perg 29 4°, frå fyrste halvdel av 1300-talet. Der går lista til kong Sverre. Men ho er vanlegare i handskrifter med omsetjinga, og der går ho oftast til og med kong Kristoffer av Bayern (d. 1448).

Vanlegvis er det teke med nyare rettarbøter og resessar. På 1500-talet blei det halde herredagar, med rettarting. Dette var møte haldne i Noreg av danske riksrådar som kongen sende dit med fullmakt til å dømme i rettssaker og greie med klagemål. Når herredagen tok avgjerd, var gjerne nokre lagmenn med. Herredagane på 1500-talet gav nye rettsbod, som dei kalla anten resessar eller rettarbøter (Robberstad 1976:214, 234).

Ofte finn vi dei 88 *Regulæ juris*. Dette er rettsreglar frå *Liber sextus*, som blei gjeven av pave Bonifacius 8 i 1298 og som inneheld nyare pavelover og kyrkjemøtevedtak (Robberstad 1976:73 og 80-81).


Allereie den eldre Gulatingslova har ei liste over saker der kongen og biskopen saman har rett til bøter og inndragingsgoods, trykt i NgL 4:17-18. I omsetjingane finn vi ofte ein yngre versjon av denne lista.

Nokre handskrifter har ei slektstavle frå Magnus Måneskjold, oldefar til kong Magnus Eriksson. Ho går til og med kong Hans (d. 1513).

Nokre handskrifter har eit stykke om då kong Hans blei krona i København og seinare i Nidaros (1483).

Handskrifter av landslova på norrønt

Ms.4° 1



Ms.4° 1, 2r


Beskriving

Ms.4° 1 er eit handskrift som inneheld Gulatings-redaksjonen av landslova, biskop Arnes kristenrett for Island, ei rad rettarbøter og nokre få kortare tekstar. Det opphavlege handskriftet, skrive på pergament, inneheldt dei 86 fyrste blada. På 1300-talet har det fått eit tillegg, blad 87-98, som også er skrive på pergament. På 1500-talet har det fått to tillegg. Det eine, blad 99-125, er skrive på papir. På fyrste bladet står Universitetsbiblioteket sitt stempel. Det andre, blad 126-130, er skrive på pergament. På fyrste bladet står Universitetsbiblioteket sitt stempel, og dessutan årstalet 1562. Lengst framme og bak er det lagt inn eit blad frå 1300-

talet med latinsk tekst, som har sett spegelvendt avtrykk på innsida av treplatene i bindet. Teksten er frå eit latinsk legendarium, og inneheld m.a. forteljinga om Sankt Georg. Permane er truleg frå 1500-talet.

Biskop Ole Irgens (1724–1803) i Bergen har ått handskriftet, og namnet hans står i margen to stader (blad 86v og blad 130v). I 1812 gav sonen handskriftet til Antikvitetskommissjonen under Det kgl. Selskap for Norges Vel. Som del av Antikvitetskommissjonens samling blei det formelt overdrege til universitetet i 1818, men heile samlinga blei ståande på loftet på Oslo Katedralskole i alle fall til 1823. Det kom til Universitetsbiblioteket ein gong før 1831. (Jfr. Witting 2020.) Det er uidentifiserte eigarmerke i handskriftet: «I P 62", I P 1562» og eit bumerke (sjå NgL 4:727).

To nyare hender har sett nummer med arabartal på blada i handskriftet. Frå 1 til 86 er dei skrivne med blekk, etter Storm (1885:724) på 1500-talet. Frå 87 til 130 er dei skrivne med blyant, truleg gjort i biblioteket. Blad 3, 16 og 65 er skorne bort etter at det er skrive tal på blada, nummereringa hoppar frå 2 til 4, frå 15 til 17 og frå 64 til 66. Det er også borte eit blad mellom 20 og 21, og dette må vere skore bort før blada blei nummererte. Etter blad 86 er eitt blad skore bort, det var det siste bladet i det opphavlege handskriftet.



Ms.4° 1, 89r

Det manglar eitt blad mellom 88 og 89, slik at byrjinga på biskop Arnes kristenrett er borte. Vidare manglar eitt blad mellom 94 og 95, 3 blad mellom 97 og 98 og 2 blad etter 98, neste blad i noverande innbinding er 99.

I papirdelen er det teke bort eitt blad mellom 111 og 112, utan at nokon tekst manglar, eitt blad mellom 114 og 115 og eitt blad mellom 116 og 117. Dei tre siste blada, etter 125, er borte, og det er usikkert om det har vore tekst der.

I den siste pergamentdelen er det borte eitt blad mellom 127 og 128, truleg utan tekst.

På blad 1, 2 og 4 er øvre høgre hjørne bortskore, og bladnummeret er sett til etterpå. Hjørnet er skore bort på blad 98, etter at bladnummeret er sett på. Nokre gonger er blada beskorne slik at litt av marginalmerknadene er borte. I dei seinare delane kan nedre del av eit blad vere klipt bort.

På blad 72v er det i margen ei teikning av eit dyr, truleg løve, med menneskeandlet. På hovudet er det ei bispelue eller ein kardinalhatt. Ei nyare hand har skrive *hefir klæd dyrit*, som kan tyde «har kledd dyret» eller «har skjult dyret».

På blad 22r er det teikna eit andlet inne i initialen *D*.

Handskriftet er etter Gustav Storm (1885:724) skrive av fem skrivarar, kalla hand a-e. Dateringane nedanfor er Storms.

Hand a er frå fyrste delen av 1300-talet, og har skrive landslova på blad 1-86.

Hand b er frå ca. 1400, og har skrive blad 87 og mesteparten av blad 88, denne delen inneheld Håkon 5 Magnussons store rettarbot frå 1313.

Hand c, frå ca. 1560, har skrive siste delen av blad 88. Det inneheld ei rettarbot frå Håkon 5 Magnusson frå 1306 eller 1307 om friskyss for lagmannen. Hand c har også skrive blad 99 og mesteparten av blad 100. Denne delen inneheld rettarbøter frå kongane Kristian 1 og Håkon 6 Magnusson. Handa har også skrive frå slutten av blad 103 og til og med blad 130, dvs. slutten av handskriftet. Denne delen inneheld ei rad rettarbøter og nokre andre korte tekstar. Skrifta på dei fem siste blada i handskriftet, blad 126-130, har eit litt anna preg enn blada frammanfor. Det er likevel vanskeleg å påvise noko skrivarskifte.

Hand d er frå ca. 1400, og har skrive biskop Arnes kristenrett på blad 89-98.

Hand e, frå 1400-talet, har skrive frå slutten av blad 100 inntil slutten av blad 103. Denne delen inneheld rettarbøter frå kongane Håkon 5 Magnusson, Magnus Eriksson og Håkon 6 Magnusson.

Innhald

Landslova

Som i andre handskrifter er landslova i Ms.4° 1 delt inn i bolkar, og bolkaner er delte inn i kapittel.

Dei fleste bolkane har raude overskrifter. Men odelsløysingsbolken og landsleigebolken manglar overskrifter. Bolkane til og med arvebolken har raude kapitteoverskrifter. Frå og med odelsløysingsbolken manglar dei kapitteoverskrifter, med unntak av kap. 5, 6, 7 og 52 i landsleigebolken og kap. 2 i tjuvebolken.

Bolkane og kapitla startar med utsmykka store bokstavar, kalla initialar. Dei er fargelagde, oftast i raudt eller grønt, men blått finst også. Bolkinitialane er alltid litt større enn kapitteinitialane, og har ei høgd som svarar til fire eller fem linjer. Kapitteinitialane har ei høgd som svarar til to eller tre linjer. Frå og med kapittel 7 i tjuvebolken er det ingen kapitteinitialar, men det er sett av plass til dei. Dette viser at initialane er laga etter at teksten er skriven, kanskje av ein eigen kunstnar. Vi ser også fleire stader at det er sett ein liten bokstav i venstre marg utanfor initialen, som viser kva for ein initial som skal setjast inn, sjå f.eks. kap. 10 i tingfarebolken og kap. 12 i kristendomsbolken.

Gustav Storm (1885:724) meiner at bolkinitialane «have islandsk Karakter». Men ein av dei har den norske *Ð* (sjå nedanfor), *Ðat* 18r20. Som kapitteinitial finn vi både *Ð*, f. eks. *Ðessar* 22r1, og *Þ*, f.eks. *Þat* 22v20. I desse tilfella kan vi ikkje sjå nokon liten rettleiingsbokstav. Dette tyder på at det er ein nordmann som har laga initialane. Elles har diskusjonen om norsk eller islandsk kunstnar i Codex Hardenbergianus vist oss kor vanskeleg det er å avgjere slike spørsmål (jfr. Liepe 2009:141-142).

Det er nokre lakunar i handskriftet: 1. Kap. 2-4 i tingfarebolken. 2. Kap. 11-13 i landevernsbolken. 3. Kap. 8-10 i mannhelgebolken. 4. Kap. 52-54 i landsleigebolken. I det følgjande omtaler eg innhaldet i landslova utan å ta omsyn til desse lakunane.

Landslova begynner med ein prolog, som er formulert som eit brev frå kong Magnus Håkonsson til alt folket i Gulating. I andre handskrifter kan det stå Frostating, Borgarting eller Eidsivating, og helsinga kan også gå til erkebiskopen og biskopar. Kongen seier at han etter oppmoding reviderer lova etter råd frå dei beste menn. Han gjer også greie for dei ulike bolkane i lova.

Fyrst kjem tingfarebolken, som omfattar reglar for sendemenn til tinget og sjølvve tingordninga, herunder opplesing av lovboka.

Så kjem kristendomsbolken, som ikkje inneheld nokon kristenrett, for det hadde erkebiskop Jon Raude forhindra. Det einaste som står att, er truedkjeninga. Deretter kjem eit viktig kapittel om maktfordelinga mellom konge og biskop. Så følgjer tronfølgjelova frå 1273 og formular for ymse typar eid.

Deretter kjem landevernsbolken, som gjev reglar for korleis landet skal forsvarast.

Mannhelgebolken handlar om den personlege rettstryggleiken.

Så kjem arvebolken, som startar med ein sekvens om bortgifting av kvinner, som er ein eigen bolk i den eldre Gulatingslova og i nokre handskrifter av landslova. I prologen seier kongen at arvebolken begynner med kvinners giftarmål, for det er svært viktig for dei som reiser arvekrav, at dei er avla i eit lovleg ekteskap.

Deretter kjem odelsløysingsbolken, som handlar om odelsretten.

Den største bolken i landslova er landsleigebolken. Som kongen seier, kan den leige bort jorda si, som har fått den på lovleg vis. Dette er ein omfattande bolk, som gjev reglar for alt som er knytt til leige av jord.

Så kjem den såkalla kjøpebolken, gammalnorsk *Kaupabolkr*. *Kaup* kunne tyde både kjøp og avtale meir generelt.


Deretter følgjer tjuvebolken, som handlar om steling og straffa for det.

Siste bolken er rettarbøter, frå kongane Håkon Håkonsson og Magnus Håkonsson.

Deretter kjem epilogen, som seier litt om kong Magnus sitt lovarbeid, og når landslova blei vedteken.

Etter avslutninga av lova har same handa skrive *Dextera scriptoris benedicta sit omnibus horis*, «Måtte skrivaren si høgre hand vere velsigna til alle tider».

Fleire stader har ei anna hand i margen skrive tillegg til lovteksten, sjå f. eks. blad 28v.



Ms.4° 1, 28v

Biskop Arnes kristenrett

Biskop Arnes kristenrett er ein kristenrett for Island, utarbeidd av Arne Torlaksson, fødd 1237, biskop i Skálholt på Island 1269-1298. Vi veit mykje om Arnes liv og gjerning, for det er overlevert ei eiga saga om han. Ho fortel om hendingar på Island, men også om politiske forhold på Island og i Noreg, om striden mellom den verdslege og kyrkjelege makta, og om korleis lovbøkene *Járnsíða* og *Jónsbók* blei mottekne på Island. Sidan saga om Magnus Lagabøte for det meste er tapt, er saga om biskop Arne ei viktig kjelde til kunnskapen om denne perioden. Biskop Arne hadde eit godt forhold til Magnus Lagabøte, men formyndarstyret etter 1280 var kyrkjefiendtleg, og saga fortel om striden mellom erkebiskopen, Jon Raude, og formyndarstyret.

Biskop Arnes kristenrett frå 1275 er overlevert i mange handskrifter, og er trykt i *Norges gamle Love indtil 1387*, band 5, side 16-56. Teksten er ikkje omsett til moderne norsk. I eit par handskrifter er dei fyrste sju kapitla henta frå kristendomsbolken i den verdslege lova for Island, kalla *Járnsíða*. Kapittelnummera i utgåva følgjer denne versjonen, slik at dei handskriftene som manglar desse sju kapitla, begynner med det som er kapittel åtte. Men utgjevarane markerer denne andre kapittelordninga i parentes. Slik står det 1 i parentes etter 8, osb. Teksten i Ms.4° 1 har ein lakune i starten, og begynner i det som er kapittel 8 (1). Lakunen er på berre eitt blad, så handskriftet kan ikkje ha innehalde dei fyrste sju kapitla. Og ei seinare hand har skrive arabartalet 2, ikkje 9, ved neste kapittel. I det følgjande viser eg til dei kapittelnummera handskriftet har.

Teksten har tre lakunar til. Den eine er frå slutten av kapittel 15 til slutten av kapittel 16. Den andre går frå slutten av kapittel 24 til midten av kapittel 30. Den tredje er frå slutten av kapittel 32 til slutten av denne kristenretten.

På grunn av lakunen i starten manglar denne versjonen av kristenretten opplysningar om barneutbering.

Det var erkebiskop Jon som hadde gjeve biskop Arne i oppdrag å utarbeide ein ny kristenrett for Island, truleg då Arne var i Noreg 1272-1273. I arbeidet bygde han på eldre kristenrettar, både islandske og norske. Han har truleg særleg bygt på kong Magnus sin nye kristenrett, vedteken på Gulatinget 1267. Men han har også nytta erkebiskop Jons kristenrett frå 1273. Det var viktig for biskop Arne å styrkje kravet om geistleg sølibat og kyrkjas eigedomsrett til alle kyrkjer.

Biskop Arnes kristenrett blei vedteken på Alltinget 1275, men han skulle berre gjelde for Skálholt, ikkje for Hólar. Nokre kapittel blei utsette, i påvente av semje mellom konge og erkebiskop. Men det blei ikkje noka avklaring før kong Magnus døydde 1280. På 1300-talet blei biskop Arnes kristenrett brukt i Skálholt, og frå 1354 også i Hólar. (Robberstad 1976:207.)

Den følgjer i hovudsak Jons kristenrett i reglane for konfirmasjon, bygging og vedlikehald av kyrkjer, innsetjing av prestar, testamente, gravlegging på kyrkjegard.

I kapittel 9 om testamente har denne kristenretten eit tillegg som gjeld for Island. Der er det sagt at det i 1253 blei bestemt at i dei tilfella det var usemje mellom Guds lov og landets lov, skulle ein følgje Guds lov.

Tienda blir fordelt på same måten som i dei norske kristenrettane, men Arnes kristenrett har eit meir omfattande regelverk enn dei norske.

Arnes kristenrett har eit kapittel om sølibat som elles berre finst i dei nyare norske kristenrettane. Munkar, prestar, diakonar eller underdiakonar kan ikkje gifte seg. Forbodet mot å gifte seg gjeld også sinnsforvirra og kasterte menn. Heidenske menn kan ikkje få seg kristne kvinner.

Det er fyldige avsnitt om å inngå ekteskap. Det er forbod mot å liggje med, eller gifte seg med, kvinner i nærmaste familie. Det er ulovleg å liggje med nokon som ein er i religiøs slektenskap med gjennom dåpsritualet.

Det er eit fyldig kapittel om kva dyr ein kan ete kjøt frå. Det er ulovleg å ete kjøt av hest, hund, katt, kvitrev og dyr med klør, bortsett frå bjørn.

Rettarbøter

Dette handskriftet har 31 rettarbøter. Alle står etter landslova i den innbindinga handskriftet har no, og tilhøyrrer dei delane som er bundne saman seinare. I tid spenner dei frå kong Håkon Håkonsson (1217-1263) til kong Fredrik 2 (1559-1588), den eldste er frå 1224, den yngste frå 1562. Ingen av dei er skrivne av same skrivaren som står bak landslova. Den fyrste av rettarbøtene er skriven av hand b frå ca. 1400. Hand e, frå 1400-talet, har skriva tre rettarbøter på blad 100v-103v. Alle dei andre er skrivne av hand c frå ca. 1560, som har gjeve att den norrøne språkforma i dei eldste rettarbøtene. I dette arbeidet vil eg kommentere innhaldet berre i dei viktigaste rettarbøtene, alle eldre enn 1400. I handskriftet er dei ikkje ordna kronologisk.

Dei to rettarbøtene som står mellom landslova og biskop Arnes kristenrett, er begge frå Håkon 5 Magnusson, konge 1299-1319. Den eldste, som står sist av dei to (blad 88v) og er skriven av hand c, er utferda i Tønsberg i det åttande regjeringsåret hans, dvs. mellom 10. august 1306 og 9. august 1307, trykt i NgL 3 nr. 24. Ho har den same innleiinga som er vanleg i brev frå mellomalderen. Den som står bak brevet, «sender Guds og si helsing til alle dei som ser eller høyrer dette brevet». Her blir det fastsett at lagmannen til skyss skal ha fire hestar til lands og fire skysskarar til sjøs når han reiser rundt i offisielt ærend. Denne rettarbota er ikkje overlevert i andre handskrifter enn Ms.4° 1.

Den yngste av dei to, som står fyrst (blad 87-88v), er skriven av hand b, er utferda i Nidaros 2. mai 1313, og er overlevert i 24 handskrifter, mellom dei Ms.4° 317, trykt i NgL 3 nr. 36a. Dette er ei av dei store, allmenne rettarbøtene som kjem som tillegg til landslova, og som gjeld heile landet. Denne rettarbota blei vedteken på tingmøte i kongsgarden i Nidaros, og er forma som eit brev frå kongen til folket i riket. Landslova har ei liknande innleiing, og vi finn henne att i dei store, allmenne rettarbøtene. Rettarbota er i nokre handskrifter stila generelt til alle leke og lærde menn i Noreg, i andre til folket i Bergen, Nidaros, Oslo, Gulatingslag, Eidsivatingslag, Skien lagsokn, Elvarsysle eller Ranrike. I Ms.4° 1 og tre andre handskrifter er rettarbota stila til

erkebiskop Eiliv i Nidaros og folket i Frostatingslag. Her finn vi 10 reglar som utfyller eller endrar reglane i landslova. Rettarbota påbyd sysselmennene og lagmennene å setje desse nye reglane inn i lovboka, dvs. i landslova. Somme handskrifter opplyser at Bjarne Audunsson i nærvære av kongen sette segl ved brevet. Bjarne var ein av stormennene i Noreg, han var kongen sin fehirde (skattmeister), og tok vare på kongen sitt segl 1311-1314. Han var geistleg utdanna, og hadde truleg studert rettsvitskap ved universitetet i Bologna i 1292. Ms.4° 1 seier ikkje noko om kven som innsegla brevet. I gammalnorske brev er det normalt ikkje opplyst om kven som skreiv brevet. Det einaste unntaket er brev frå kongen, der skrivaren vanlegvis blir namngjeven. Fleire handskrifter av denne rettarbota opplyser om kven som skreiv, men namnet skifter i handskriftene. Dei som er nemnde, er Tord klerk, Håkon notar, Torgeir Tovesson notar og Trond klerk. Ms.4° 1 er det einaste handskriftet som seier at skrivaren var Trond klerk. Kjeldene gjev ikkje fleire opplysningar om denne mannen.

Etter biskop Arnes kristenrett kjem ei rad rettarbøter. Tre av dei er skrivne av hand e, andre er skrivne av hand c, begge hendene er frå ca. 1560. Dei gjev att den gammalnorske språkforma i dei eldste rettarbøtene. I det følgjande blir dei viktigaste rettarbøtene omtalte, i kronologisk rekkjefølgje. Dei er alle eldre enn 1400.

I 1224 vedtok Borgartinget, etter råd frå kong Håkon Håkonsson og biskop Nikolas Arnesson av Oslo, ein skipan om testamentrett. Opphavleg var denne skipanen gjord av kardinal Nicolas Brekespear i 1152/1153, saman med biskopane og dei tolv klokaste menn i kvart bispedøme. Skipanen står på blad 109v-110r, og er trykt i NgL 1:447.

Då Håkon Håkonsson blei krona i Bergen i 1247, blei det halde eit kyrkjemøte, der pavens utsending kardinal Vilhelm av Sabina deltok. Den 17. august utferda han ei rettarbot om unntak frå forbodet mot å arbeide på helgedagar. På grunn av dei vanskelege klimatiske forholda i Noreg skal folk ha lov til å fiske sild på helgedagar. Dersom det er naudsynt, skal dei også kunne berge høy, korn og grønnsaker. Denne rettarbota var naturleg nok forfatta på latin, men det finst ei omsetjing til norrønt i 12 handskrifter, mellom dei Ms.4° 1. Men NgL nemner ikkje Ms.4° 1 mellom handskriftene med norrøn omsetjing. Den norrøne versjonen av rettarbota står på blad 109r-v, er trykt i NgL 1:454-456 og omsett til moderne norsk i Bagge, Smedsdal og Helle 1973 nr. 21.

Kong Eirik Magnusson (1280-1299) utferda ei stor, allmenn rettarbot ca. 1280, trykt i NgL 3 nr. 1, trykt og omsett i utdrag i Bagge, Smedsdal og Helle 1973 nr. 32. Rettarbota står på blad 104r-106v. Etter RN 2 nr. 246 er ho laga i Bergen kort tid etter 2. juli 1280. Ho er overlevert i 23 handskrifter, 21 av dei frå mellomalderen, mellom dei Ms.4° 317. I 20 av dei finst òg landslova, slik også i Ms.4° 1. Innleiinga i denne rettarbota minner om den vi finn i landslova, og ho har eit landsgyldig verdsleg preg som ville forsvare ein plass der. Også rettarbota er fastsett etter råd frå dei beste menn. RN II nr. 246 meiner at ho blei kunngjord for dei ulike lagtinga, slik som landslova blei det. Ho er i handskriftene stila til alle menn i Noregs kongerike, eller alle menn i eit av dei fire sentrale lagtinga. Men i Ms.4° 1 er ho stila til alle menn i Steigartingslag på Hålogaland. Dette er ei omfattande rettarbot, med 32 artiklar frå ulike rettsområde. Ho tek som utgangspunkt at den lova som Magnus Lagabøte laga, ikkje alle stader gav så klar orskurd som folk treng. Og rettarbota held fram med «oc en finnast fleiri

greinir malanna en uon se at sua litil bok megí or skyra», «Det fins også flere omstendigheter i sakene enn det kan være von at en så liten bok kan gi opplysning om» (Bagge, Smedsdal og Helle 1973:160). Det er verdt å merke seg at landslova her blir kalla ei lita bok.

Før han blei konge over Noreg, var Håkon Magnusson hertug over Austlandet (1273-1299). I 1297 utferdar han ei rettarbot, Oslo 10. april og 22. juli, trykt i NgL 3 nr. 7, trykt og omsett i utdrag i Bagge, Smedsdal og Helle 1973 nr. 43. Rettarbota står på blad 112v-114v, avslutninga manglar. Her viser kongen til dei brotsverka og den ulydnaden som folket på Ringerike og på Hadeland hadde gjort seg skuldig i overfor hertugen. For dette fortente dei å misse liv og gods. Men sidan dei bed om tilgjeving og lovar å betale bøter, gjev hertugen tilgjeving til alle, bortsett frå leiarane og opphavsmennene til ulydnaden. Dei får òg nokre lovforbetringar, sjølv om dei ikkje er så verdige til det som folket på Romerike, som alltid har synt hertugen lydnad og godvilje. Rettarbota er overlevert i tre avskrifter, og to parafasar eller omsetjingar, alle frå 1500-talet. To av dei gjeld Hadeland, og tre gjeld Ringerike. Det er Ms.4° 1 som har den fylldigaste innleiinga, der det er vist til at sira Nikolas, prest på Norderhov på Ringerike, og to bønder hadde vore hos hertugen og bede om tilgjeving. Her er rettarbota stila til folket i Vika. Dette må vere ein avskrivarfeil, for Ringerike har aldri tilhøyrt Vika.

Kong Håkon 5 Magnusson (1299-1319) utferda 16. oktober 1299 ei rettarbot om sal av varer, trykt i NgL 3 nr. 12, trykt og omsett i Bagge, Smedsdal og Helle 1973 nr. 45. Rettarbota står på blad 103v-104r. Ho er overlevert i seks handskrifter, tre av dei heimfester henne til Oslo, dei andre, inkludert Ms.4° 1, seier ho er laga i Trondheim (som her truleg er Nidaros). Rettarbota er i fire handskrifter stila til alle menn i Bergen, to handskrifter, mellom dei Ms.4° 1, har ei generell formulering. Ho forbyd folk å reise rundt i bygdene med kramhandel, og halde torg for kvar manns dør. Bøndene kan handle seg imellom, men kjøpmennene skal selje varene sine i kjøpstaden. Kanslaren Åke sette segl ved brevet, og Jon notar skreiv det. Åke hadde studert i utlandet, og var truleg prost ved Mariakyrkja i Oslo fram til 1312-1314. Han var kongen sin kanslar, og kombinasjonen med stillinga som prost ved Mariakyrkja blei etterpå fastsett ved kongen i 1314. Frå det året kan ein rekne Oslo som Noregs fyrste hovudstad, dvs. det faste setet for kongen sitt regjeringskontor.

Håkon 5 Magnusson utferda i Tønsberg 29. mai 1303 ei rettarbot, trykt i NgL 3 nr. 16, trykt og omsett i Bagge, Smedsdal og Helle 1973 nr. 48. Rettarbota står på blad 116v, der slutten manglar. NgL reknar opp fem handskrifter, men nemner ikkje Ms.4° 1 mellom desse. Her blir det sagt at kongen har fått vite at handgjengne menn og biskopsmenn ikkje vil svare leidang, og at sysselmenn, riddarar og andre handgjengne menn ikkje vil møte når dei blir stemnde til lagmannen eller lagtinget av menn av lågare stand. Kongen set forbod mot og straff for dette. På blad 100v står det eit stykke som inneheld slutten av denne rettarbota (utan avslutningsformularen), med overskrifta *Wm iij aars leidangrs fall*.

I 1303 utferda Håkon 5 Magnusson også ei rettarbot om truslar mot kongens ombodsmenn, trykt i NgL 3 nr. 18. Ho er truleg utferda i to omgangar, i Tønsberg 29. mai og i Bergen 6. oktober. Rettarbota står på blad 106v-107v. NgL reknar opp 19 handskrifter, mellom dei Ms.4° 317. Ms.4° 1, som har Tønsberg, er ikkje mellom desse. Rettarbota er stila til alle menn i tolv handskrifter, mellom dei Ms.4° 1. Sju har Bergen og/eller Gulatingslag, eitt har Borgartingslag.

Det blir vist til klager over at slektningar av forbrytarar kjem med truslar mot dei ombodsmennene som har straffa dei. Kongen fastset straff for dette, og for dei som kjem med truslar mot dei som fører sak mot dei. Alle handgjengne menn får påbod om å hjelpe sysselmennene med dette. Kanslaren Åke sette segl ved brevet. I handskriftene er det nemnt fleire skrivarar, etter Ms.4° 1 er skrivaren Audun Pålsson.

Håkon 5 Magnusson utferda i Bergen 11. oktober 1303 ei rettarbot som gjeld handgjengne menn, trykt i NgL 3, nr. 19b. Rettarbota står på blad 111r-v. NgL reknar opp 15 handskrifter, og rettarbota er i dei stila til alle menn i Bergen og Gulatingslag. Ms.4° 1 er ikkje nemnt i NgL, og der er rettarbota stila til alle menn i Steigartingslag på Hålogaland. Det er kome klager på at nokre handgjengne menn nektar å betale gjelda si, eller bøte for lovbrøt. Dei har også late vere å møte for lagmannen og avleggje eid, fordi dei har svore til kongen og ikkje vil sverje oftare. Kongen set som straff for dette at dei må forlate hirda og ta sete saman med allmugen.

Håkon 5 Magnusson utferda i perioden 10. august 1299 - 9. august 1306 ei rettarbot om felag (felleseige) mellom ektefolk, trykt i NgL 3 nr. 57. Rettarbota står på blad 107v. Mange har bede om at reglane om dette i landslova blir forklarte og forbetra. Desse reglane finst i kapittel 3 i arvebolken i landslova. Kongen har med dei beste menns råd gjeve fire nye reglar, og har late dei føre inn i lovboka, dvs. landslova. NgL reknar opp 26 handskrifter, mellom dei Ms.4° 317, men nemner ikkje Ms.4° 1 mellom desse. I Ms.4° 1 er rettarbota stila til folket i Steigartingslag på Hålogaland. I dei andre handskriftene er det nemnt ting berre ein gong, og det er Borgarting.

Håkon 5 Magnusson utferda i Tønsberg 26. desember 1309 ei rettarbot som set forbod mot det vi dag ville kalle korrupsjon, trykt i NgL 3 nr. 27. Rettarbota står på blad 107v-108v. Mange har klaga over at dei ikkje får retten sin hos sysselmennene eller lensmennene deira i samsvar med orskurd eller dom frå lagmannen utan at det blir gjeve gåver til dei. Kongen forbyd sysselmennene å føre søksmål før dei har gjeve klagarane rett. NgL reknar opp 17 handskrifter, mellom dei Ms.4° 317, men nemner ikkje Ms.4° 1 mellom desse. I 1303 utferda Kanslaren Åke sette segl ved brevet, og Torgeir Tovesson klerk skreiv det.

Håkon 5 Magnusson utferda ei rettarbot i Bergen 23. juni 1310, trykt i NgL 3 nr. 28. Rettarbota står på blad 129v. NgL reknar opp 9 handskrifter av denne rettarbota. I desse handskrifter er ho oftast stila til alle menn i Gulatingslag, men eitt handskrift har Frostatingslag. NgL har ikkje med Ms.4° 1, som stilar rettarbota til alle menn i Steigartingslag på Hålogaland. Kongen påbyd bøter og straff dersom sysselmenn og lensmennene deira, biskopane sine ombodsmenn, og nemndemenn til lagtinget, ikkje kjem til tinget. Han forbyd også handgjengne menn som har prosteombod, å stemne undersåttane til biskopen om verdslege pengebøter. Det same forbodet gjeld for allmugesmenn og geistlege med prosteombod. Torgeir Tovesson klerk skreiv brevet.

Håkon 5 Magnusson utferda ei rettarbot på Avaldsnes 10. juni 1313, trykt i NgL 3 nr. 37. Rettarbota står på blad 129v. NgL reknar opp 7 handskrifter av denne rettarbota, og i to handskrifter er ho stila til sysselmenn, lensmenn og biskopsmenn, eit handskrift legg til «i lagdøma i Noreg». NgL har ikkje med Ms.4° 1, som stilar rettarbota til alle sysselmenn, lensmenn og biskopsmenn i Steigartingslag på Hålogaland. Kongen innskjerpar plikta til å

søkje lagtinget kvart år, og den straffa lova set for å forsøme dette. Bjarne Audunsson sette segl ved brevet, og Tord klerk skreiv det, eit anna handskrift seier Torgeir Tovesson klerk.

Håkon 5 Magnusson utferda 12. august 1313 ei rettarbot stila til alle menn på Hålogaland, trykt i NgL 3 nr. 38. Rettarbota står på blad 100v-102r. Ho finst i fire handskrifter. Her kjem kongen med desse påboda: 1. Ingen saker skal søkjast under skreifisket om våren, frå kyndelsmesse til marimessa i fasta, dvs. frå 2. februar til 25. mars. 2. Prestar som har hemmeleg skriftemål, skal ikkje ha prostedøme. 3. Tiend skal betalast etter gammal sedvane, og inga ny skal påleggjast. 4. På grunn av fattigdomen sin skal samane (i teksten står det *finnar*) betale berre ein tredjedel av dei fastsette bøtene til konge og erkebiskop dei fyrste 20 åra etter at dei er blitt kristne. 5. Når han saksøkjer etter kristenretten, skal kongens og erkebiskopens årmann ikkje føre falske søksmål mot samane (i teksten står det *finnar*) eller presse avgifter av dei. Bjarne Audunsson sette segl ved brevet, og Torgeir Tovesson skreiv det.

Håkon 5 Magnusson utferda ei rettarbot i Bergen 25. november 1315 om brot på føresegner i brev eller rettarbot frå kongen, trykt i NgL 3 nr. 44 og i Bagge, Smedsdal og Helle 1973 nr. 61, som også har omsetjing. Rettarbota står på blad 110r-v. NgL reknar opp 11 handskrifter av denne rettarbota, mellom dei Ms.4° 317. I dei fleste tilfella er ho stila til lagmannen, i eitt tilfelle til alle menn i Bergen. NgL har ikkje med Ms.4° 1, som stilar rettarbota til alle menn i Steigartingslag på Hålogaland. Kanslaren Ivar Olavsson sette segl ved brevet, og Torgeir Tovesson skreiv det.

Håkon 5 Magnusson utferda i Tønsberg 28. mars 1318 ei rettarbot, trykt i NgL 3 nr. 50 og i Bagge, Smedsdal og Helle 1973 nr. 64, som også har omsetjing. Rettarbota står på blad 110v-111r. Ho gjeld ættleiing eller adopsjon, det å ta ein uekte son opp i ætta si. Lagmennene har vore i tvil om korleis dei skulle tolke kapittel 5 i arvebolken i landslova, som gjeld ættleiing. Med råd frå dei visaste menn og ut frå den forståinga kong Magnus hadde då han utforma dette kapitlet, fastset kongen at ein ættleidd son skal ta same arven som ektefødd son. NgL reknar opp 21 handskrifter som inneheld denne rettarbota, mellom dei Ms.4° 317, men nemner ikkje Ms.4° 1.

Magnus Eriksson (1319-1374) utferda ei rettarbot i Oslo 18. februar 1348, trykt i NgL 3 nr. 85. Rettarbota står på blad 129r. NgL opplyser at seks handskrifter inneheld denne rettarbota, men nemner ikkje Ms.4° 1. Snikmordarar og dei som sver falskt, er ubotamenn, dvs. at dei ikkje kan sone brotsverket med bøter, og dei skal brennemerkjast. Knivstikking blir strengt straffa.

Magnus Eriksson utferda ei rettarbot i Tønsberg 1. mai 1373, trykt i NgL 3 nr. 104 og i NgL 4:725, note 1. Rettarbota står på blad 103v. NgL opplyser at to handskrifter inneheld denne rettarbota, men nemner ikkje Ms.4° 1. Rettarbota gjeld alle menn i Bergen, både innanlandske og utanlandske. Kongen forbyd dei å kjøpe skrei eller fersk fisk før han eller ombodsmennene hans har kjøpt inn det dei treng.

Magnus Eriksson og Håkon 6 Magnusson (1355-1380) utferda ei rettarbot i Bergen 10. mars 1374 (etter RN, NgL seier 8. mars 1364), trykt i NgL 3 nr. 95. Rettarbota står på blad 102v-103r. NgL reknar opp fire handskrifter som inneheld denne rettarbota, men nemner ikkje Ms.4° 1. Rettarbota er stila til alle menn i Bergen, og viser til at det er kome klager på at landet

blir lagt øyde fordi bøndene ikkje kan skaffe tenestefolk til å dyrke jorda. Grunnen til det er at alle unge menn vil slå seg på handel. Kongane forbyd difor nokon å bli kjøpmann utan at han har ei viss mengd handelsvarer, som skal vere skaffa med eigenkapital, og ikkje med lån. Det blir også forbode å drive handel i fjordar, vær eller på andre stader enn der det frå gammalt av har vore kjøpstemne eller takmark (einemerke).

Håkon 6 Magnusson utferda ei rettarbot 10. juni 1375 på Nedenes. Ho er ikkje trykt i NgL, men m.a. i DN XXI nr. 152. Rettarbota står på blad 100r-v. RN VII nr. 485 reknar opp fem handskrifter som inneheld denne rettarbota, men nemner ikkje Ms.4° 1. Ho er stila til begge lagmennene og allmugen på Island, og gjeld dom i ei arvesak på Island. Denne rettsavgjerda skal førast inn i lovboka, dvs. i *Jónsbók*, og skal i ettertida gjelde som lov i tilsvarende saker.

Det er påfallande kor lite rettarbøtene i Ms.4° 1 er brukte av utgjevarane av NgL. Av dei 22 rettarbøtene eldre enn 1400 som er omtalte framanfor, manglar NgL (eller RN) i 16 tilfelle opplysning om at rettarbota finst også i Ms.4° 1.

Det ser ut til at Ms.4° 1 er det einaste handskriftet som stilar desse rettarbøtene til Steigartingslag på Hålogaland, i alt seks gonger. Fem av desse tilfella står i rettarbøter der NgL ikkje bruker Ms.4° 1. Det sjette tilfellet er den store allmenne rettarbota frå Eirik Magnusson av 1280. Dei fem andre er alle frå Håkon 5 Magnussons regjeringstid, 1299-1319. Etter Knut Helle (1995:186) er tinget på Steig eitt av dei fem nye regionale lagtinga i Håkon 5 Magnussons tid. Men tinget er nemnt allereie i rettarbota frå 1280. Det er likevel usikkert kva som har stått i dei opphavlege formuleringane, for alle seks rettarbøtene i Ms.4° 1 er skrivne med ei hand frå ca. 1560.

Andre tekstar

Etter landslova har ei yngre hand nedst på blad 86v skrive ein liten notis som ser ut til å vere ei kvittering for mottekne varer.

Etter Håkon 5 Magnussons rettarbot frå 1303 står det eit lite stykke på blad 111v-112r med overskrifta *wm ffælagh*, dvs. «om felag (felleseige)». Dette er eit stykke som svarar til kapittel 53 i den eldre Gulatingslova. Tilsvarende stykke, i fyldigare form, er trykt i NgL 4:15-16.

Etter hertug Håkon Magnussons rettarbot frå 1297 kjem Truid Ulfstand og Claus Bille sin resess, Bergen 1539, på blad 115r-116r. Den fyrste delen er borte.

Deretter følgjer eit lite stykke på blad 116r med overskrifta *Vm Gridsettningh*, trykt i NgL 4:726, note 1. Dette er ein formular for garanti av personleg tryggleik (grid).

Innimellom rettarbøtene på slutten av handskriftet står det på blad 129r-v eit stykke med overskrifta «Om folks selvær», som gjeld forbod mot å fare til andres selvær i ein viss periode. Stykket er skrive på 1500-talet. I hovudsak inneheld dette stykket det same som kap. 11 i bolk XIV i den eldre Frostatingslova og i kap. 146 (kap. 140 i Hagland og Sandnes 1997) i Bjarkøyretten. Den norrøne teksten er utgjeven i NgL 1:252 og 330, omsetjing finst i Hagland

og Sandnes 1994:207-208 og i Hagland og Sandnes 1997:92-93. I Frostatingslova og i Bjarkøyretten er den «heilage» perioden for selværa tre veker før jonsok og seks veker før jul. I Ms.4° 1 er den fyrste perioden den same, men den andre er frå mikjelsmesse (29. september) til jul. Hagland og Sandnes (1994:226) seier dette om dei to periodane: «Kastingstida for fjordselen var på forsommaren, for haverkna på seinhausten, og nett i desse periodane ser vi at selværa er «heilage», dvs. fredlyste for andre enn eigarane.» Teksten i Ms.4° 1 inneheld eit tillegg om korleis ein kan fri seg for skulding om brot på denne rettsregelen. Liknande stykke om selvær er skrive med yngre hender etter siste kapitlet i landsleigebolken, som gjeld jakt på sel, i tre handskrifter av Gulatings-redaksjonen av landslova. Dei har same avvika som Ms.4° 1 i forhold til Frostatingslova og Bjarkøyretten. Eit liknande stykke finn vi også mellom rettarbøtene i GKS 1154 fol., som også inneheld Gulatings-redaksjonen av landslova (NgL 4:392, note 1). Dette stykket, som er skrive på 1500-talet, følgjer Frostatingslova og Bjarkøyretten når det gjeld perioden, men har også eit tillegg om korleis ein kan fri seg frå skuldinga. Liknande rettsregel finst ikkje i den eldre Gulatingslova eller i landslova (unnateke tilskriftene med yngre hender).

Før avslutninga om kval og sel finn vi på blad 130r artiklar frå ein herredag i Oslo 1548, og eit lite stykke om markelag (verdien av ei mark), kyrslag (verdien av ei ku) o.a.



Ms.4° 1, 130v

Heilt på slutten i handskriftet står det på blad 130v eit lite avsnitt, på ca. 1/2 side, som reknar opp dei ulike slaga av kval og sel i Grønlandshavet. På slutten står det *Ex speculo regali*, dvs. frå Kongsspegelen. Og dette verket har ei fyldig omtale av ulike kvalarter, men der er det snakk

om Islandshava, sjå Holm-Olsen 1983:15-17 for norrøn tekst, og Hellevik 1965:42-46 for omsetjing. Om selane seier Kongsspegelen at dei lever i Grønlandshavet, sjå Holm-Olsen 1983:28-29 for norrøn tekst, og Hellevik 1965:65-67 for omsetjing. Kongsspegelen fortel om 21 arter av kval, kor lange dei er, om dei kan etast, og om dei er farlege for folk i båt. Ms.4° 1 reknar opp 16 arter, og alle finst i Kongsspegelen, men beskriv dei ikkje, bortsett frå lengda på dei fleste, og den svarar til den vi finn i Kongsspegelen. Kongsspegelen reknar opp sju arter sel, gjev lengda på dei og fortel litt om dei. Ms.4° 1 reknar opp dei same sju artene, fortel ingenting om dei, og gjev lengda berre på rostungen, dvs. kvalrossen, som kan bli 14-15 alner. Forfattaren av Kongsspegelen seier at grønlendingane reknar rostungen saman med kvalane, men han sjølv meiner at han må reknast mellom selane.

Nedst på blad 88v står det følgjande notis på latin: *Dic homo mente pia mihi quinquies ave maria Vt succurreris per me quando maneris*. Den fyrste perioden lyder slik i omsetjing: «Sei, menneske, med fromt sinn fem Ave Maria for meg.» Meininga med den andre perioden er uklar.¹

Datering og heimfesting av hand a, landslova

Hovudhanda, hand a, har skrive landslova, og ikkje noko meir. Gustav Storm (1885:724) seier følgjande om henne: «en smuk Frakturhaand fra Begyndelsen af 14de Aarhundrede. Haandskriften ligner islandske fra c. 1300, men Ortografien er væsentlig norsk, altsaa er Bogen aabenbart skrevet af en Islænding i Norge eller efter en Nordmands diktat.»

Jónas Kristjánson (1967:53) seier det slik: *Íslenzk hönd, en stafsetning að mestu leyti norsk*, dvs. «islandsk hand, men ortografien for det meste norsk».

Didrik Arup Seip (1955:23) reknar Ms.4° 1 som ei islandsk avskrift av ei norsk lov.

Etter mi vurdering er språket i Ms.4° 1 norsk, og det er dette som vil bli drøfta i det følgjande.

Som kjent var det ikkje store skilnader mellom språket på Island og språket i Noreg på 1200- og 1300-talet. Og i sitt store verk *Vestnorske maalføre fyre 1350* (1906-1942) tek Marius Hægstad med også islandsk. Seinare har det vore fleire diskusjonar om norsk eller islandsk i norrøne handskrifter (sjå Rindal 1997:113-114).

Det har vore den allmenne oppfatninga at det var norsk påverknad på islandsk språk, men ikkje den andre vegen. Og det er dette som pregar Stefán Karlssons syn i artikkelen «Om norvagismer i islandske håndskrifter», trykt i tidsskriftet *Maal og Minne* i 1978.

Handskriftene er normalt ikkje daterte eller heimfeste, og gjev såleis eit usikkert grunnlag for studiet av regional språkleg variasjon. Men vi har eit stort materiale av både norske og islandske diplom, som normalt er daterte og heimfeste. Vi har fleire norskspråklege diplom skrivne på Island (sjå Rindal 1997:116). Og islendingar skreiv diplom i Noreg. Mest kjend er Hauk Erlendsson (ca. 1265-1334). Han var fødd og oppvaksen på Island, og var lagmann der 1294-1299. Seinare kom han til Noreg, og var lagmann i Oslo 1302 og lagmann i Bergen 1303-

1322. Vi har nokre originaldiplom der han er eineutfendar eller den fyrste av fleire utfendarar. Ingen av desse diploma har islandske særtrekk i språket.

I somme andre norske diplom kan vi finne islandske trekk, som *hl* og *hn*, *æ* for eldre /ø:/, *ie* for eldre /e:/, *ø* for eldre /a/ framfor ståande /u/ (sjå Rindal 1997:116).

Vi veit at det var mange nordmenn som oppheldt seg på Island i mellomalderen, og at det var mange islandske skrivarar i Noreg. Det var ein stor islandsk bokproduksjon for den norske marknaden (sjå Karlsson 1979), som førte med seg at nordmenn var fortrulege med islandsk språk. Vi kan difor ikkje sjå bort frå ein generell islandsk påverknad på norsk skriveskikk.

I si doktoravhandling seier Jan Ragnar Hagland (1986:224) at produksjonen av lovbøker i Noreg alt frå den eldste tida i «ganske stor grad» har vore utført av islendingar. Opponenten Kjell Venås (1986:13) meinte på si side at islandismar i norske handskrifter kan vere «allmenne innslag frå islandsk skriftspråksbruk opptekne av nordmenn, eller eventuelt overførte av folk som òg skreiv av etter islandske førelegg av andre tekstar.»

Etter Rindal og Spørck (2018:50) har berre 1 av 39 mellomalderhandskrifter av landslova islandsk språkform, og det er GKS 3260 4°, hand a, frå ca. 1350, som inneheld Gulatingsredaksjonen. Det er då ikkje teke stilling til om sjølve skriftera er norsk eller islandsk, eller om skrivaren er nordmann eller islending.

Eit studium av ortografien og fonologien i Ms.4° 1 gjev desse resultatata:

Vi finn aldri *h* framfor *n* eller *r*, f. eks. i *nodet* 15v18, *neckir* 70v4, *reinsanar* 71r16, *ræzlo* 7v2. Av dei svært mange moglege eksempla finn vi *h* framfor *l* berre to gonger, *hlutanvm* 2v19 og *hl[uti]* (*uti* er skore bort) 4r3, og begge eksempla er i byrjinga av handskriftet. Bortfall av *h* framfor *l* finn vi f.eks. i *lyðni* 10r16, *luta* 22v3, *loss* 49r21.

Vi finn aldri *ie* for eldre /e:/, jfr. *rettelega* 7v18, *ser* 37r11, *fe* 71v20.

Der er ingen eksempel på samanfall av /æ:/ og /ø:/, jfr. *ætlar* 17r4, *søke* 17r8, *bøta* 55r17, *hætte* 55v3.

For diftongen /øy/ er det oftast skrive *øy*, og ikkje *ey*, som er den islandske forma, jfr. *gløyma* 13v3, *løypr* 73v4, mot *geyma* 24v10.

For eldre /a/ framfor ståande /u/ er det normalt skrive *o*, f. eks. *ollum* 25r9, *snoru* 676v22, ein hende gong finn vi *a* eller *au*, som i *aðrum* 72r9 og *fauður* 86r3, men vi finn aldri *ø*, slik som islandsk kan ha. I gammalnorsk skriftspråk er *o* den vanlege skrivemåten, vi finn *a* særleg i trøndsk, nordaustlandsk og bergensk.

Det privative prefikset er /o:/ eller /u:/, med ei viss overvekt på /o:/ f. eks. *o maga* 19r10, *ulokna* 48v9, *obota* 83v10. I gammalnorsk skriftspråk blir det privative prefikset oftast skrive *u*, trøndsk har *o*, og nordvestlandsk ei blanding av *u* og *o*.

Vokalharmonien er temmeleg godt gjennomført. Det er ein prosess der hovudregelen er at det er brukt trykklett *i* og *u* etter høge trykksterke vokalar, og trykklett *e* og *o* etter mellomhøge og

låge trykksterke vokalar. Islandske handskrifter har ikkje vokalharmonii.

Det finst altså berre to enkeltksempel på særlandske former i Ms.4° 1, det er dei to formene med *hl*. Som vi har nemnt, kan også norske tekstar ha eksempel på *hl*. Språkforma i handskriftet må difor karakteriserast som norsk, truleg nordvestlandsk. Det kan ha blitt til i Bergen, som var skriftsenteret for Nordvestlandet.

Men sjølve skriftbiletet i Ms. 4° 1 har nokre få trekk som er meir vanlege i islandsk enn i norsk.

Islandske handskrifter markerer ofte lang konsonant med overskriven prikk eller med såkalla kapitél (liten bokstav med stor bokstavs form). I Ms. 4° 1 er det fleire tilfelle med slik markering, stundom også med prikk over kapitél. Men også norske handskrifter har eksempel på overskriven prikk eller kapitél for å markere lang konsonant (Seip 1954:80, 82, 125).

Ligaturen *e* er brukt nokre gonger i handskriftet, f. eks. *hette* 1r17, *eða* 12v4, *eiði* 83v10. Denne ligaturen er vanleg i islandsk skrift og heller uvanleg i norsk skrift, men finst sporadisk (Seip 1954:77-78, 122).

Eldre islandsk skrift bruker *þ* i staden for *ð* i innlyd og utlyd, men i løpet av 1200-talet trengjer *ð* inn i desse posisjonane (Seip 1954:44, 92). I norsk skrift finst *þ* i innlyd og utlyd berre sjeldan i dei eldste tekstane (Seip 1954:10). I Ms.4° 1 finn vi sporadiske eksempel på dette fenomenet, særlig i byrjinga, *aþr* 1r13, *iarþir* 1v19, *utlægþar* 71v21.

Dei trekka i skriftbiletet som er nemnde ovanfor, er vanlege i islandske tekstar, men meir sjeldsynte i norske. Islandske trekk kan kome inn i norske tekstar gjennom førelegget eller ved ein generell innverknad på norsk skrift. I Ms.4° 1 er dei islandske trekka i skriftbiletet få, og dei er også kjende frå andre norske tekstar. Dersom dei skulle kome frå førelegget, ville vi ha venta fleire islandismar i språkforma, men der finn vi berre to *hl*. Min konklusjon blir difor at skrivaren er norsk. Den blir støtta av at vi åtte gonger finn *Ð* i framlyd i staden for *Þ*, f. eks. *Ðess* 10v7, *Ðat* 78v3. Islandske handskrifter bruker ikkje *Ð* som stor forbokstav (Seip 1954:79).

Ruth J. Stokkedal Bokn skreiv i 1987 ei hovudfagsoppgåve om språket i Ms.4° 1, basert på dei elleve fyrste blada. Hennar konklusjon er at skrivaren er nordvestlandsk, og at dei islandske målmerka er påverknad frå førelegget (Bokn 1987:112-115).

Språkform og skriftbiletet i Ms.4° 1 er elles slik som vi ventar i norske handskrifter frå byrjinga av 1300-talet.

For *a* er såkalla toetasjes *a* vanlegast, men såkalla halslaus *a*, som dominerer på 1200-talet, finst også (Seip 1954:70, 116).

Såkalla rund *r* er berre brukt etter bokstavar med rund form, etter 1300 blir bruken utvida til andre bokstavar (Seip 1953:73, 119).

Såkalla insulær *v* finst ikkje i handskriftet, og den er uvanleg i norsk skrift etter 1300 (Seip 1954:75, 120).

Lang vokal blir ikkje dobbelskriven i Ms.4° 1. Slik dobbelskriving blei vanleg på 1300-talet (Seip 1954:122).

For frikativ /g/ blir det skriva *g*, ikkje *gh*. Før ca. 1300 var det berre søraustlandsk som markerte frikativ /g/ med *gh*, etter ca. 1300 blir denne skrivemåten vanleg i skrifter frå alle delar av landet (Rindal 1987:26, med litteraturtilvisingar). Mangel på *gh* peikar tilbake i tid.

I Ms.4° 1 er det ingen eksempel på reduksjon av vokalen /a/ i trykklett stilling. Også dette er eit trekk som peikar bakover i tid (jfr. Rindal 1987:43, med litteraturtilvisingar).

Handskriftet har ingen eksempel på såkalla svarabhaktivokal, noko som vitnar om høg alder (jfr. Rindal 1987:44, med litteraturtilvisingar).

Refleksivendinga i Ms.4° 1 er oftast *zt*, men det finst sporadiske eksempel på *z* og *st*, som *hittaz* 18r1, *berst* 47v12. Ending på *sk/zk* eller *sc/zc* finst ikkje. Dette peikar mot 1300-talet (jfr. Rindal 1987:134, med litteraturtilvisingar).

Etter ein gjennomgang av språk og skrift i hand a i Ms.4° 1 er konklusjonen at denne delen av handskriftet er frå ca. 1300 eller tidleg på 1300-talet. Den ser ut til å ha nordvestlandsk språkform, og er truleg skriven i Bergen.

I handskriftet er det kapitteloverskrifter i raudt. I hovudsak sluttar dei etter arvebolken på 40v. Men det finst også overskrifter til kap. 5, 6, 7 og 52 i landsleigebolken (blad 47v, 48r og 64v), til fyrste kapitlet i kjøpebolken (blad 71v) og til dei to fyrste kapitla i tjuvebolken (blad 80v og 81r).

Overskriftene går stundom ut i margen, og er truleg sette til etter at hovudteksten er skriven. Det er sett av plass til dei anten etter føregåande kapittel eller før det nye kapitlet. Skrifta er svært lik den vi finn i hovudteksten, den viktigaste ulikskapen finn vi i utforminga av bokstaven *g*. Ut frå skrifta er det vanskeleg å avgjere om det er ei eller to hender.

Språkforma i kapitteloverskriftene vik litt av frå den vi finn i hovudteksten. Av ord med *hl/l*, *hn/n*, *hr/r* finst det berre eitt eksempel, og det har den «norske» forma *lut* 2r14. For det privative prefikset finn vi både /o:/ og /u:/, f. eks. *obota* 19v11, *vsenu* 12r2. For eldre /a/ framfor ståande /u/ blir det to gonger skriva *ø*, *løgliga* 5v21, *løgvm* 30v3, noko som blir rekna som eit islandsk trekk. For eldre /ø:/ er det sju gonger skriva *æ*, aldri *ø*, f. eks. *bætr* 22r1, *færa* 38v22. Dette er eit avgjerande islandsk trekk. Det er difor grunn til å tru at det er ein islending som har skriva overskriftene.

Nedst på 38v er ei kapitteloverskrift skriven om att, med ei anna hand. Der finn vi den norske forma *føra*, mot den islandske forma *færa* i overskrifta over kapitlet. Liknande veksling finn vi på 80v, med den norske forma *øyris* i nedre marg, mot *eyris* i sjølvte teksten.

Nokre stader har hender frå 1300-talet sett til notisar i margen. Dei har norsk språkform, jfr. f. eks. *bøti* 27r, *rettyndum* 28v, *hafum* 28v, *øyris* 80v.

Språkforma i biskop Arnes kristenrett, hand d

Biskop Arnes kristenrett er skriven av hand d på blad 89-98, og denne handa har ikkje skrive noko meir i dette handskriftet. Gustav Storm (1885:724) reknar denne handa for islandsk, og daterer henne til ca. 1400. Også Jónas Kristjánsson (1967:54) reknar hand d for islandsk, og daterer henne til 1400-talet.

Ei gransking av språket på desse blada syner desse islandske særmerka: 1. Bevart *h* framfor *l* og *r*, f. eks. *hlutr* 90rb20, *hreinsan* 89vb5. 2. Samanfall av eldre /æ:/ og /ø:/, f. eks. *lærðra* 91rb6, *bæti* 89va13. 3. Avrunding av diftongen /øy/ i *reikelsi* 95vb25.

Av norske trekk finn vi sju gonger *v* for det privative prefikset, f. eks. *vbota* 91ra7. Men vi finn aldri bortfall av *h* framfor *l*, *n* eller *r*, eller *ø* for eldre /ø:/.

Konklusjonen er at hand d er islandsk. Ei datering til ca. 1400 synest rimeleg.

Språkforma i rettarbøtene, hand b, c og e


Håkon 5 Magnussons store rettarbot frå 1313 er skriven av hand b på blad 87 og mesteparten av blad 88. Frå 88r til 88v skiftar skrifta så mykje preg at ein normalt ville ha sagt at det er to ulike skrivarar. Men overgangen skjer inne i eit ord, så det er all grunn til å tru at det er same skrivaren på dei to sidene. Etter Storm (1885:724) går skrivaren over frå fraktur til kursiv.

Hand b er norsk. Vi finn bortfall av *h* framfor *l* to gonger, *luti* 87r9 og *luta* 87v22. Det er alltid skrive *ø* for eldre /ø:/, f. eks. *bøta* 87r9. Diftongen /øy/ blir skriven *øy*, f. eks. *høyra* 87r5.

Språket er tradisjonelt gammalnorsk, utan dialektale særdrag. Ei datering til ca. 1400 synest rimeleg, primært bygt på skriftbiletet.

Hand c og hand e har, med unntaket nemnt ovanfor, skrive alle rettarbøtene, og nokre få andre tekstar. Dei skriv kvar sin halvpart av blad 100v og 103v. Med eitt unntak står alle desse rettarbøtene etter biskop Arnes kristenrett. Begge hendene blir av Storm (1885:724) daterte til ca. 1560. Sidan dei vekslar om å skrive blad 100v og 103v, er det grunn til å tru at dei er samtidige. Og hand c kan sikkert daterast til etter 1562, som er årstalet for den yngste rettarbota som denne handa skriv. Den yngste rettarbota som hand e skriv, er frå 1374. Språket i dei gamle rettarbøtene er gammalnorsk, elles er språkforma dansk.

Ms.4° 317



Ms.4° 317, 118r

Beskriving

Ms.4° 317 er eit handskrift som inneheld Eidsivatings-redaksjonen av landslova, Eidsivatings eldre kristenrett, erkebiskop Jons kristenrett, ei rad rettarbøter, ein kalender, med helgedagar og festdagar, slutten av den norske kongerekke, to latinske notisar med sjukdomsråd og fire linjer verditaksering.

Handskriftet har tidlegare vore bunde saman med to andre lovhandskrifter frå mellomalderen, som inneheld dei svenske lovene Upplandslagen og Magnus Erikssons landslag. Handskriftet med desse tre delane tilhørde tidleg på 1800-talet Karl Schildener (1777-1843), frå 1810 professor i jurisprudence ved Universitetet i Greifswald, som den gongen tilhørde det svenske riket. Ca. 1835 blei dette handskriftet kjøpt av den svenske kammerherren Bernhard Emanuel Rosenblad (1796-1855). Han delte opp handskriftet, og den norske delen kom til Christiania Universitetsbibliothek i 1844. Sidan den norske delen var bunden inn som den andre delen, begynner pagineringa med blad 89, og sluttar med 173. Etter Storm (1885:734) var handskriftet bunde inn i eit gult, moderne papirbind. Noverande innbinding er brun.

Etter eit notat av Oddvar Vasstveit 12.05.76, som ligg i handskriftet, står nokre av blada 103-127 no i feil rekkjefølgje. Dette er ikkje nemnt i Storm 1885, og har truleg skjedd ved siste innbindinga, på 1940- eller 1950-talet. Eg viser til Vasstveits notat for den rette rekkjefølgja.

Handskriftet begynner midt inne i Håkon 5 Magnussons rettarbot frå 1318 (sjå seinare), byrjinga har stått på eit blad som manglar i dag Dei tre fyrste noverande blada har kanskje tilhøyrt eit anna handskrift. Blad 92-99 er innhefta framfor den eigentlege kodeks. Mellom blad 94 og 95 er to eller fleire blad borte. Etter blad 98 er to blad borte, slik at den siste delen av Eidsivatings eldre kristenrett manglar. Blad 99 var det opphavleg ikkje skrive noko på. Så følgjer den eigentlege kodeks, med landslova på blad 100-167, med 5 legg med 6 blad kvart og 5 legg med 8 blad kvart. Mellom blad 148 og 149 manglar no 2 blad. Frå slutten av blad 167v står det rettarbøter.

Handskriftet er skrive av åtte skrivarar, i Storm 1885:731 kalla a-h. Dateringane nedanfor er Storms.

Hand a frå siste halvdel av 1300-talet har skrive blad 89. Innhaldet er Håkon 5 Magnussons rettarbot frå 1318, sjå seinare.

Hand b frå ca. 1400 har skrive blad 90r. Innhaldet er latinske reseptar mot ymse sjukdomar. Det står også ein kort notis frå Oslo 1587 med verditaksring.


Hand c frå 1400-talet har skrive blad 90v, som inneheld Håkon 5 Magnussons rettarbot frå 1303, sjå seinare.

Hand d frå ca. 1400 har skrive blad 91r, som inneheld latinske råd om årelating o.a. På blad 91v er det ei teikning av Jesus på korset. Øvst til venstre er står det *Anno 1682*.

Hand e frå 1300-1350 har skrive blad 92r-98v og blad 100r-167r, handa sluttar i andre spalte i 167r. Innhaldet er dette: Innhaldsregister til Eidsivatings eldre kristenrett; ein latinsk kalender for månadene januar-oktober, med festdagane (ei anna hand har ført inn helgedagane); ein del av den norske kongerekka, frå Harald Hardråde til Magnus Lagabøte; Eidsivatings eldre kristenrett, der slutten manglar; erkebiskop Jons kristenrett, med eit kapittel om bøter o. l. som kongen og biskopen eig saman; landslova. I kalenderen har hand e ved 2. mai ført inn at Torstein biskop døydde. Han var biskop i Hamar frå 1288 til 1304.

Blad 99 har vore blankt. Ei hand frå slutten av 1500-talet har skrive notisar om mannebøter, markebol og liknande.

Hand f frå ca. 1350 har skrive frå slutten av blad 167r til og med blad 171v, med rettarbøter frå Eirik Magnusson og Håkon 5 Magnusson, den siste held fram på blad 172.



Ms.4° 317, 167r

Hand g frå ca.1350 har skrive mesteparten av blad 172, med to rettarbøter frå Håkon 5 Magnusson, den fyrste held fram frå blad 171. Sidan overgangen frå hand f til hand g skjer inne i ei rettarbot, må dei to skrivarane ha arbeidd samtidig.

Hand h frå ca. 1350 har skrive slutten av blad 172v og blad 173, med ei rettarbot frå Håkon Håkonsson og ei frå Magnus Lagabøte. Slutten manglar i den siste.

I kalenderen, blad 92v-94v, er det ført inn nokre opplysningar med yngre hender. Hand g har ved 1. juni ført inn opplysning om at sira Andres på Stange døydde i 1347. Andres Bjørnsson var prest på Stange, omtalt i diplom siste gongen i 1346. Ved 7. januar har hand h skrive inn at biskop Guttorm (av Stavanger) døydde i 1350. Han er nemnd som kannik i Hamar i 1324. Ei hand frå 1500-talet har skrive tre notisar: Ved 20. mai om at slottet blei bygt på Flekkerøy i 1556, og at det blei brote ned i 1561. Det er her tale om Flekkerhus festning på Flekkerøy på Agder, som den gongen var ei svært viktig hamn. Ved 22. mai om at i 1535 stod slaget ved Assens på Fyn, også kalla slaget ved Øksnebjerg. Ved 22. september om at det er rett tid for lagtinget på Nedenes.

Ms.4° 317 inneheld Eidsivatings-redaksjonen av landslova, Eidsivatings eldre kristenrett, den nyare kristenretten frå erkebiskop Jon og fleire rettarbøter som gjeld Eidsivating. Truleg var handskriftet laga for bruk i Eidsivating. Dette blir støtta av dei yngre tilføyngane i handskriftet, som tyder på at det var på Nordaustlandet, truleg Hamar, på 1300-talet.

Innhald

Landslova

Ms.4° 317, blad 117v-167r, inneheld Eidsivatings-redaksjonen av landslova. Handskriftet har ein lakune, kap. 10-16 i landsleigebolken. Det manglar også dei avsluttande rettarbøtene frå Håkon Håkonsson.

Dette handskriftet har ei anna redigering av kapitteloverskriftene enn dei andre handskriftene av landslova. Overskriftene står ikkje over det enkelte kapittel, men er samla framfor den aktuelle bolken. Der står både kapitteloverskriftene og dei fyrste orda i kapitlet. Seinare i teksten står det ikkje overskrifter over kapitla, berre romartal. Dei fyrste orda i kapitla kan vike av frå dei som står framfor bolken. Overskriftene på bolkaner og kapitla er i raudt, bortsett frå dei overskriftene som står aller fremst i lova.

Både bolk- og kapittelinitialane vekslar mellom raudt og grønt. Dei kan vere raude eller grøne, eller ha ein kombinasjon av raudt og grønt.

Eidsivatings eldre kristenrett, lengre versjon

Den lengre versjonen av Eidsivatings eldre kristenrett er overlevert i Ms.4° 317, blad 95r-98v, og AM 68 4°, og er utgjeven i NgL 1:376-393 og i Halvorsen og Rindal 2008:2-79. I den sistnemnde utgåva er teksten i AM 68 4° omsett, men ikkje teksten i Ms.4° 317. Men det er så liten skilnad på dei to tekstane at ein får eit godt inntrykk av innhaldet også i 317.

Fyrst i kristenretten er det reglar for døyping av barn, og for nauddåp. Der er det også sagt kva ei kvinne skal gjere om ho føder eit daudt barn. Denne delen inneheld også avsnitta om kva ein skal gjere med vanskapte barn. Dersom det barnet som blir fødd, er eit misfoster, utan menneskehovud eller menneskestemme, kan ein ta det med til kyrkja dersom ein vil, og la presten døype det dersom han vil. Så skal ein grave ei grav på kyrkjegarden og leggje barnet der. Over grava skal ein leggje ei helle, slik at hundar eller ramnar ikkje kan få tak i barnet. Ein skal la det leve så lenge det kan, og ikkje la jord falle over det før det er daudt.

Deretter er det ein bolk om helgedagar og søndag, med reglar for kva folk kan gjere av arbeid og anna desse dagane. Bolken inneheld også forbod mot samleie i visse periodar før helgedagar.

Det var eit generelt forbod mot skilsmisse, men dersom ektefolk likevel skil seg, kan dei ikkje gifte seg att så lenge den andre lever.

Det er denne kristenretten som har mest omtale av førkristen tru, og nemner forbod mot å ha stav eller alter eller blot som høyrer til heidensk sed.

Lova inneheld omfattande reglar for faste og kva folk har lov til å ete. Som hovudregel kan ein ete alt som er daudt på grunn av menneskeverk. Det ser ut til å vere forbod mot å ete kjøt av

hest eller hund, for det er sagt at ein kan ete slikt kjøt dersom ein har gått seg vill i skogen i sju dagar og sju netter.

Det var strenge reglar for kor nær slektskap det kunne vere mellom ektefolk. Det var ulovleg å gifte seg med nokon som var i nærmare slekt enn åttemeningar.

Den skal vere biskop som kongen vil, og som er rett vald. Og det er biskopen som innset prestar.

Tienda skal delast i fire like store delar. Biskopen skal få ein del, kyrkja den andre, presten den tredje og fattige folk den fjerde. Den siste delen skal bøndene sjølve styre med. I kapitlet om tiend er det ei setning om at biskopen skal konfirmere barna ved det årlege besøket i hovudkyrkja.

Her sluttar Ms.4° 317, men denne kristenretten finst også i Ms.fol. 87a og Ms.4° 695.

Dersom kyrkja forfell eller brenn opp, har bøndene ansvaret for å skaffe tømmer og byggje henne opp att. Men i fyrste instans har den ansvaret for gjenoppbygging som hadde ansvaret for elden. Bøndene har også ansvaret for gjerdet rundt kyrkja. Folk har liknande ansvar for privatkyrkjene.

Det er kongen som innset biskopar, og biskopen som innset prestar.

Dersom nokon blir saksøkt, kan han/ho velje mellom menns dom eller Guds dom. Ved Guds dom skal mannen bere glødande jarn, og kvinna skal ta noko opp frå ein kokande kjele.

Ingen skal tru på finnar (samar), eller trollkvinner, eller trolldomsmiddel som har med heidensk sed å gjere.

Lendmenn og konene og barna deira skal gravleggjast nærmast kyrkja, dernest frie bønder og konene og barna deira, så skal frigjevne trælur og barna deira gravleggjast. Nærmast gjerdet rundt kyrkja skal ein gravleggje trælur og trælkvinner. Mennene skal liggje sønnafor kyrkja, og kvinnene nordafor. Dette er den einaste kristenretten som har ei fordeling av gravene basert på kjønn. Lova reknar også opp kva brotsverk som fører med seg at den døde ikkje skal gravleggjast på kyrkjegarden, men i flomålet. Mellom desse er sjølv mord og å drive med åger.

Det er forbod mot å liggje med, eller gifte seg med, kvinner i nærmaste familie. I alt er det rekna opp 17 kvinner som ein blir ubotemann av å liggje med. Ein ubotemann er ein mann som har gjort eit brotsverk som ikkje kan sonast med bøter. Det er ulovleg å liggje med nokon som ein er i religiøs slektskap med gjennom dåp.

Erkebiskop Jons kristenrett

Erkebiskop Jons kristenrett er overlevert i fleire handskrifter, mellom dei Ms.4° 317, blad 100r-117v. Denne kristenretten seier at barn som har menneskehovud, skal døypast og fostrast opp, endå om det har store lekamsskadar eller er vanskapt. Den seier ikkje noko om kva som skjer med barn utan menneskehovud. Det er forbod mot å bere ut barn.

Den har eit heilt kapittel om konfirmasjon, som er uløyseleg knytt til dåp.

Når det gjeld bygging og vedlikehald av kyrkjer og gjerdet rundt, er ansvaret fordelt om lag som i Eidsivatings eldre kristenrett.

Det er biskopen som innset prestar. Denne kristenretten seier ikkje noko om kven som innset eller vel biskop.

Det er eit eige kapittel om testamente. I nokre handskrifter er det rekna opp kven som ikkje kan setje opp testamente for seg fordi dei ikkje rår over seg sjølve. Det gjeld trølar, sinnsforvirra, stumme, døve, umyndige, søner som ikkje har forlate farshuset, og klosterfolk.

Reglane for kven som ikkje kan gravleggjast på kyrkjegarden, er om lag dei same som i Eidsivatings eldre kristenrett. Men det er ikkje sagt noko om kvar dei skal gravleggjast, som ikkje får plass på kyrkjegarden. Det er ikkje sagt noko om sosial eller kjønnsdelt inndeling av kyrkjegarden. Lova understrekar kor viktig det er at det blir gjeve gåve eller offer for den avdøde. Og biskopen kan bruke sterke overtalingar.

Ti enda blir fordelt på same måten som i Eidsivatings eldre kristenrett.

Lova har avsnitt om søn- og helgedagar, og kva arbeid folk har lov å gjere desse dagane. Det er reglar for faste og kva folk har lov til å ete. Det er mindre strenge reglar enn i Eidsivatings eldre kristenrett for kva ein har lov til å ete, og det er ikkje sagt noko om kjøt av hest, hund eller katt.

Det er fylldige avsnitt om å inngå ekteskap. Det er forbod mot å liggje med, eller gifte seg med, kvinner i nærmaste familie. I alt er det rekna opp 11 kvinner som ein blir fredlaus av å liggje med. Det er ulovleg å liggje med nokon som ein er i religiøs slektskap med gjennom dåp. Sjå meir om religiøs slektskap under slutten av rettarbøtene i Ms.4° 317.

Denne kristenretten har eit lengre kapittel om åger. Dei som driv med dette, kan ikkje gravleggjast på kyrkjegarden.

Dersom folk blotar til dei heidenske gudane, eller driv med spådom eller trolldom, blir dei fredlause.

Dersom nokon har kjønnsleg omgang med bufe, er straffa utlegd. Dette er eit fenomen som også er omtalt i dei eldre lovene for Gulating og Frostating, men ikkje i Eidsivatings eldre kristenrett.

Denne kristenretten inneheld også to rettarbøter. Den fyrste er frå pave Alexander 3 (1159-1181), og gjeld løyve til å fiske sild på helgedagar, bortsett frå dei aller heilagaste. Den andre er frå erkebiskop Jon sjølv, og gjeld løyve til å skjere korn på alle helgedagar bortsett frå tre.

Rettarbøter og andre tekstar

Dette handskriftet har ei rad rettarbøter, i alt 13. Den eldste er frå Håkon Håkonsson i 1263, den yngste frå Håkon 5 Magnusson i 1318. To står framfor kristenrettane og landslova, dei andre står etterpå. Ingen av dei er skrivne av same skrivaren som står bak landslova og dei to kristenrettane. Dei fleste av rettarbøtene er skrivne av hender frå 1300-talet, ei er skriven av ei hand frå 1400-talet. I handskriftet er dei ikkje ordna kronologisk.

Dei to rettarbøtene som står framfor landslova, er begge frå Håkon 5 Magnusson (1299-1319). Den som står fyrst, er frå Agder (etter RN 3 nr. 1084) 13. desember 1318 (etter RN 3 nr. 1084), trykt i NgL 3 nr. 19a (der datert 1303), trykt og omsett i Bagge, Smedsdal og Helle 1973 nr. 66. NgL reknar opp 11 norske handskrifter, RN 3 nr. 1084 legg til ei rad islandske. Byrjinga vantar. Det blir gjeve fullmakt til merkesmannen, herr N., til å drive alle saker som høyrer kongen til. Han skal òg sjå til at lensmennene fører sakene sine på rett vis. Det blir fastsett straff for dei som ikkje møter når dei er stemnde til kongen. Merkesmannen skal ta opp prov og straffe i saker om utlegd etter lovboka, dvs. landslova. Alle menn, og særleg handgjengne menn, skal hjelpe merkesmannen i ombodet hans. Handgjengne menn som ikkje vil betale gjelda si og ikkje bøte for brotsverka sine, skal stengjast ute frå hirda, i samsvar med hirdskråa.

Den neste er frå Oslo 30. mars 1307, trykt i NgL 3 nr. 22. Ho er overlevert i 10 handskrifter, og er i 9 av handskriftene stila til alle menn i Borgartingslag. I Ms.4° 317 er ho stila til alle menn i Eidsivatingslag, som er nemnt ein gong til. Det er kome klager på at leiglendingane i Vika ikkje vil betale landskyld til den tida som har vore gammal sedvane og som den gamle lovboka for Vika bestemmer. Med dei beste menns råd har kongen fastsett at landskyld i Borgartingslag skal betalast julaftan. Arne Gjavalldsson skreiv brevet.

Mellom desse to rettarbøtene står det nokre latinske reseptar. Deretter kjem det ein liten notis datert Oslo rådstove 1587.

Mellom den andre rettarbøta og Eidsivatings eldre kristenrett kjem det fleire småstykker. Fyrst står det latinske forskrifter om årelating m.m. På neste side er det ei teikning av Kristus på korset, og der er det skriven «Anno 1682». Deretter kjem ei side med innhaldsregister for Eidsivatings eldre kristenrett, som skal starta med ei opprekning av dei norske kongane. Her er berre Halvdan Svarte og Harald Hårfagre nemnde. Så kjem ein latinsk kalender for månadene januar – oktober, med festdagar og helgedagar. Slutten på kalenderen har stått på nokre blad som no er borte. På desse blada har også den fyrste delen av den norske kongerekke stått. No står berre slutten, trykt i NgL 1:393, i fyrste spalten av den sida der Eidsivatings eldre kristenrett begynner. Kongerekke sluttar med Magnus, son til Håkon Håkonsson.

Etter landslova kjem ei rad rettarbøter. Dei blir her omtalte i den rekkjefølgja som handskriftet har, som ikkje er kronologisk.

Kong Eirik Magnusson (1280-1299) utferda ei stor, allmenn rettarbot ca. 1280, trykt i NgL 3 nr. 1, trykt og omsett i utdrag i Bagge, Smedsdal og Helle 1973 nr. 32. RN 2 nr. 246 meiner at

ho er laga i Bergen kort tid etter 2. juli 1280. Ho er overlevert i 23 handskrifter, 21 av dei frå mellomalderen, mellom dei Ms.4° 1. I 20 av dei finst òg landslova, slik også i Ms.4° 317. Innleiinga i denne rettarbota minner om den vi finn i landslova, og ho har eit landsgyldig verdsleg preg som ville forsvare ein plass der. Også rettarbota er fastsett etter råd frå dei beste menn. RN 2 nr. 246 meiner at ho blei kunngjord for dei ulike lagtinga, slik som landslova blei det. Ho er i handskriftene stila til alle menn i Noregs kongerike, eller alle menn i eit av dei fire sentrale lagtinga. I Ms.4° 317 er ho stila til alle menn i Eidsivating. Dette er ei omfattande rettarbot, med 32 artiklar frå ulike rettsområde. Ho tek som utgangspunkt at den lova som Magnus Lagabøte laga, ikkje alle stader gav så klar orskurd som folk treng. Og rettarbota held fram med «oc en finnast fleiri greinir malanna en uon se at sua litil bok megj or skyra», «Det fins også flere omstendigheter i sakene enn det kan være von at en så liten bok kan gi opplysning om» (Bagge, Smedsdal og Helle 1973:160). Det er verdt å merke seg at landslova her blir kalla ei lita bok.

Eirik Magnusson og hertug Håkon Magnusson (1273-1299) utferda ei rettarbot i Bergen 14. eller 28. mai 1290, trykt i NgL 3 nr. 3 og i Bagge, Smedsdal og Helle 1973 nr. 38, som også har omsetjing. Ho er overlevert i sju handskrifter. I to av dei er ho stila til alle som les og høyrer brevet. I fem handskrifter, mellom dei Ms.4° 317, er ho stila til lendmenn, sysselmenn, lagmenn og alle andre i Eidsivatingslag. RN 2 nr. 577 og Bagge, Smedsdal og Helle 1973 nr. 38 nemner berre «alle menn». Allmugen har klaga over at prostar og andre lærde menn har kome med nye tyngjande tiendkrav og andre nye lovbod. Kongen har difor gjort avtale med erkebiskopen og dei andre biskopane at den gamle kristenretten skal gjelde med omsyn til alt dei geistlege har rett på frå lekfolket. Det blir då slik som det var vanleg før sættargjerda i Tønsberg i 1277 mellom Magnus Lagabøte og erkebiskop Jon.

Kong Håkon 5 Magnusson (1299-1319) utferda ei rettarbot i Nidaros 2. mai 1313. Ho er overlevert i 24 handskrifter, mellom dei Ms.4° 1, trykt i NgL 3 nr. 36a. Dette er ei av dei store, allmenne rettarbøtene som kjem som tillegg til landslova, og som gjeld heile landet. Denne rettarbota blei vedteken på tingmøte i kongsgarden i Nidaros, og er forma som eit brev frå kongen til folket i riket. Landslova har ei liknande innleiing, og vi finn henne att i dei store, allmenne rettarbøtene. Rettarbota er i nokre handskrifter stila generelt til alle leke og lærde menn i Noreg, i andre til folket i Bergen, Nidaros, Oslo, Gulatingslag, Eidsivatingslag, Skien lagsokn, Elvarsysle eller Ranrike. I Ms.4° 317 er rettarbota stila til folket i Eidsivatingslag. Her finn vi 10 reglar som utfyller eller endrar reglane i landslova. Rettarbota påbyd sysselmennene og lagmennene å setje desse nye reglane inn i lovboka, dvs. i landslova. Somme handskrifter opplyser at Bjarne Audunsson i nærvære av kongen sette segl ved brevet. Bjarne var ein av stormennene i Noreg, han var kongen sin fehirde (skattmeister), og tok vare på kongen sitt segl 1311-1314. Han var geistleg utdanna, og hadde truleg studert rettsvitenskap ved universitetet i Bologna i 1292. Ms.4° 317 seier ikkje noko om kven som innsegla brevet. I gammalnorske brev er det normalt ikkje opplyst om kven som skreiv brevet. Det einaste unntaket er brev frå kongen, der skrivaren vanlegvis blir namngjeven. Fleire handskrifter av denne rettarbota opplyser om kven som skreiv, men namnet skifter i handskriftene. Dei som er nemnde, er Tord klerk, Håkon notar, Torgeir Tovesson notar og Trond klerk. I Ms.4° 317 er det ikkje sagt noko om kven som skreiv brevet.

Håkon 5 Magnusson utferda ei rettarbot i Bergen 5. mars 1304. Ho er overlevert i seks handskrifter, trykt i NgL 3 nr. 20. I fem av handskriftene, inkludert Ms.4° 317, er ho stila til folket i Bergen, i eitt til folket i Trondheim. Rettarbota innskjerpar forbod for dei fleste mot å bere våpen i byane. Rett til å bere våpen har sysselmannen og gjaldkeren og sveinane deira, dei som held vakt i byen, handgjengne menn, menn i kongens følgje og menn som er utsette for hemn. Byrjinga og slutten manglar i Ms.4° 317, som då ikkje har opplysning om konge, heimfesting eller datering.

I 1303 utferda Håkon 5 Magnusson ei rettarbot om truslar mot kongens ombodsmenn, trykt i NgL 3 nr. 18. Ho er truleg utferda i to omgangar, i Tønsberg 29. mai og i Bergen 6. oktober. NgL reknar opp 19 handskrifter, i tillegg kjem Ms.4° 1. Ms.4° 317 opplyser ikkje om utferdarstad, men dateringa høver med Tønsberg. Rettarbota er stila til alle menn i tolv handskrifter, mellom dei Ms.4° 317. Sju har Bergen og/eller Gulatingslag, eitt har Borgartingslag. Det blir vist til klager over at slektningar av forbrytarar kjem med truslar mot dei ombodsmennene som har straffa dei. Kongen fastset straff for dette, og for dei som kjem med truslar mot dei som fører sak mot dei. Alle handgjengne menn får påbod om å hjelpe sysselmennene med dette. Ms.4° 317 opplyser ikkje om kven som innsegla eller skreiv brevet.

Håkon 5 Magnusson utferda i perioden 10. august 1299 - 9. august 1306 ei rettarbot om felag (felleseige) mellom ektefolk, trykt i NgL 3 nr. 57. Mange har bede om at reglane om dette i landslova blir forklarte og forbetra. Desse reglane finst i kapittel 3 i arvebolken i landslova. Kongen har med dei beste menns råd gjeve fire nye reglar, og har late dei føre inn i lovboka, dvs. landslova. Rettarbota er overlevert i 27 handskrifter, mellom dei Ms.4° 1. I dei fleste handskriftene er ho stila til alle menn, i eitt til folket i Borgartingslag.

Håkon 5 Magnusson utferda 25. november 1315 ei rettarbot om brot på føresegner i brev eller rettarbot frå kongen, trykt i NgL 3 nr. 44, trykt og omsett Bagge, Smedsdal og Helle 1973 nr. 61. Kongen viser til klage over at folk bryt det som er påbode i kongens brev, og han fastset straff for dette. Rettarbota er overlevert i elleve handskrifter, mellom dei Ms.4° 1. Ho er stila til N. lagmann i ni handskrifter, til alle menn i Bergen i eitt og til Tore lagmann på Opplanda i Ms.4° 317.

Håkon 5 Magnusson utferda i Tønsberg 26. desember 1309 ei rettarbot som set forbod mot det vi dag ville kalle korrupsjon, trykt i NgL 3 nr. 27. Mange har klaga over at dei ikkje får retten sin hos sysselmennene eller lensmennene deira i samsvar med orskurd eller dom frå lagmannen utan at det blir gjeve gåver til dei. Kongen forbyd sysselmennene å føre søksmål før dei har gjeve klagarane rett. Rettarbota er overlevert i 18 handskrifter, mellom dei Ms.4° 1. I avslutninga opplyser Ms.4° 317 ikkje om heimstad, eller kven som innsigla eller skreiv brevet.

Håkon 5 Magnusson utferda i Tønsberg 28. mars 1318 ei rettarbot, trykt i NgL 3 nr. 50 og i Bagge, Smedsdal og Helle 1973 nr. 64, som også har omsetjing. Rettarbota gjeld ættleining eller adopsjon, det å ta ein uekte son opp i ætta si. Lagmennene har vore i tvil om korleis dei skulle tolke kapittel 5 i arvebolken i landslova, som gjeld ættleining. Med råd frå dei visaste menn og ut frå den forståinga kong Magnus hadde då han utforma dette kapitlet, fastset kongen at ein ættleidd son skal ta same arven som ektefødd son. Rettarbota er overlevert i 22 handskrifter,

mellom dei Ms.4° 1. Ms.4° 317 er åleine om å ha ei avslutning om at merkesmannen Pål Eiriksson og Pål Styrkårssson notar vitnar at brevet er ordrett slik kongen formulerte det.

Så kjem ei rettarbot frå Håkon Håkonsson, Bergen 6. juni 1263, trykt i NgL 1:462-463. Denne rettarbota gjeld tiend og kyrkja sine rettar i Hamar bispedøme, og er stila til alle i dette bispedømet. Ho er overlevert berre i Ms.4° 317, som Erik Gunnes kallar «Hamar bispestols lovbok» (RN 1 nr. 1009), og er skriven av to ulike hender.

Den siste rettarbota er frå Magnus Lagabøte (1263-1280), som ein gong i perioden 1267-1280 (sjå RN 2 nr. 240) utferda ei rettarbot om tiend og kyrkja sine rettar i Hamar bispedøme, trykt i NgL 2:486. Ho er stila til alt folket i Hamar bispedøme, og overlevert berre i Ms.4° 317. Slutten er borte, og med han datering og heimfesting. Kongen viser til lova og til tidlegare brev frå han sjølv og far hans, jfr. Håkon Håkonssons rettarbot ovanfor. Han påbyd sysselmennene å gripe inn her, slik at kyrkja og kongedømet får sin lovlege rett.

Mellom dei to siste rettarbøtene står det på blad 173r-v eit stykke om religiøs slektskap som oppstår ved dåpshandlinga, trykt i NgL 4:733-734, note 1. Ved slik religiøs slektskap kan to personar ikkje få kvarandre. Innhaldet er det same som eit tillegg i to av handskriftene av erkebiskop Jons kristenrett, det eine av desse to er Ms.4° 317, sjå NgL 2:376, note 21. Det er ein annan skrivar (frå 1300-talet) i stykket mellom rettarbøtene enn den som har skrive det kapitlet som er integrert i kristenretten. I Ms.4° 317 står stykket som siste delen av kap. 52 i erkebiskop Jons kristenrett, som svarar til kap. 50 i NgL 2. Også den fyrste delen gjeld religiøs slektskap gjennom dåp, men innhaldet er litt annleis. Den fyrste delen er omsett i Spørck 2009:136. Siste delen av kap. 52 i erkebiskop Jons kristenrett lyder slik i mi omsetjing:

«Ved dåpen blir desse menneska i religiøs slektskap med kvarandre: For det fyrste mellom presten som døyper, og det barnet som blir døypt. For det andre mellom presten og faren til det barnet som blir døypt. For det tredje mellom den som døyper, og mora til barnet. For det fjerde mellom det barnet som blir døypt av presten, og barna til presten. Difor er prestar i religiøs slektskap med alle dei barna dei døyper, og foreldra deira. Og barnet til presten må ikkje ha lekamleg omgang med nokon som presten har døypt. For det femte er det religiøs slektskap mellom det barnet som blir døypt, og den som held det til dåpen. For det sjette mellom den som blir døypt, og den kvinna som held det til dåpen. For det sjuande mellom den som døyper, og barna til den som held det til dåpen. For det åttande mellom den som held barnet til dåpen, og faren til den som blir døypt. For det niande mellom presten som døyper, og mora til den som held barnet til dåpen.»

Stykket mellom rettarbøtene har same formuleringane, bortsett frå det niande eksemplet, som lyder slik: «For det niande mellom den som held barnet til dåpen, og mor til den som blir døypt.»

Religiøs slektskap gjennom dåp er omtalt i alle kristenrettane. Oftast er et tale om tre måtar slik religiøs slektskap kan oppstå, sjå f.eks. erkebiskop Jons kristenrett. Formuleringane i Ms.4° 317 går litt vidare. Her er det mest slektskap med dei kristenrettane som NgL 2 kallar Borgartings og Gulatings nyare kristenrettar.

Språkforma i landslova og kristenrettane, hand e

Om hand e seier Storm (1885:731): «Retskrivningen er ganske omhyggelig og konsekvent, men har Egenheder». Som «Egenheder" nemner han m.a. hyppig bruk av æ for a, som i *sinæ* og *auræ*, og ikkje sjeldan -ar for -r, som i *kømar* og *prestar*. På Storms tid meinte ein enno at det gammalnorske språket var utan dialektar, og former som dei ovanfor blei rekna som eksempel på inkonsekvent og slurvete språk. I dag veit vi at det var dialektar også i gammalnorsken, og vi finn restar av variasjonen att i dagens norsk. Dei to fenomena Storm nemner, er i dag kjende som vokalreduksjon og svarabhaktivokal.

Ljubiša Rajic skreiv i 1975 ei hovudfagsoppgåve om språket i hand e: *Om språket i OUB Ms 4° 317. Noen teoretiske og metodologiske spørsmål i språkhistorisk forskning og deres relevans for analysen av språket i hånd e*. Hans konklusjon er at språket er austlandsk, sannsynlegvis søraustlandsk (Rajic 1975:158). På paleografisk grunnlag daterer han denne delen av handskriftet til slutten av 1200-talet eller byrjinga av 1300-talet (Rajic 1975:130).

I ein artikkel frå 1989 har Eyvind Fjeld Halvorsen studert endingsvokalismen i Eidsivatings eldre kristenrett, skriven av hand e. Han tenkjer seg at handskriftet er skriven ved bispesetet på Hamar, men han legg til at det ikkje treng seie at skrivarane er opplendingar (Halvorsen 1989:103).

I det følgjande skal vi sjå på nokre paleografiske og ortografiske trekk som kan vere med på å tidfeste og heimfeste språket i landslova i Ms.4° 317, som er skriven av hand e.

Lang konsonant blir aldri markert med liten kapitél eller overskriven prikk. Slike markeringar er vanlegast i islandsk.

Ligaturen *e* blir ikkje brukt. Denne ligaturen er vanlegast i islandsk.

Vi finn ikkje eksempel på *þ* i staden for *ð* i innlyd og utlyd. Slik bruk av *þ* er vanlegast i islandsk.

For *a* kan vi stundom finne såkalla toetasjes *a*. Slik *a* finst sporadisk i norsk frå midten av 1200-talet, og blir vanleg etter 1300 (Seip 1954:70, 116).

Såkalla rund *r* er brukt etter bokstavar med rund form, men også etter *a* og *y*. Opphavleg blei rund *r* brukt berre etter runde bokstavar, men etter 1300 blir bruken utvida til andre bokstavar, f. eks. *a* og *y* (Seip 1953:119).

Såkalla insulær *v* finst ikkje i handskriftet. Den er vanleg i norsk skrift før ca. 1300, og er uvanleg etter 1300 (Seip 1954:75, 120).

Lang /a/ blir nokre gonger dobbelskriven. Slik dobbelskriving blei vanleg på 1300-talet (Seip 1954:122).

For frikativ /g/ blir det stundom skrive *gh*. Før ca. 1300 var det berre søraustlandsk som markerte frikativ /g/ med *gh*, etter ca. 1300 blir denne skrivemåten vanleg i skrifter frå alle delar av landet (Rindal 1987:26, med litteraturtilvisingar).

For eldre *ð* er det brukt både *ð* og *d*, f.eks. *iærðar* 107va13, *modor* 114ra1, *iærðar* 108va2, *bioðæ* 152ra20. Dette er eit yngre trekk, utover på 1300-talet begynner *ð* å bli erstatta av *d* i norske tekstar (Rindal 1981:44, Seip 1954:71).

Refleksivendinga er oftast *-st* (jfr. Rindal 1987:134, med litteraturtilvisingar). Også dette peikar mot 1300-talet.

Alt i alt peikar paleografiske og ortografiske trekk på ei datering til etter 1300.

For eldre /a/ framfor ståande /u/ (det som tradisjonelt blir kalla yngre *u*-omlyd) er det oftast skrive *a*, f.eks. *hærsagu* 130ra6, *fadur* 136ra17-18, *margum* 151rb2. Men vi finn også skrivemåtane *o* og *au*, f.eks. *ollum* 153va18, *faudur* 114ra2. Den dominerande skrivemåten med *a* er typisk for trøndsk, nordaustlandsk og bergensk (Rindal 1987:30, med litteraturtilvisingar).

Det finst nokon eksempel på overgangen /ja/ > /jæ/ (kalla progressiv *j*-omlyd): *iærðar* 108va2, *iæmfñan* 118vb16. Denne overgangen finst særleg i trøndske og austlandske skrifter (Rindal 1987:32, med litteraturtilvisingar).

Hand e har tolleg godt gjennomført vokalharmoni.

Hos hand e er det fleire eksempel på vokalreduksjon, dvs. overgangen /a/ > /æ/ etter lang staving, dette gjeld særleg på slutten. Følgjene av denne endringa ser vi i dag i det som blir kalla kløyvd infinitiv. Eksempel på ureduisert og redusert /a/ er *falla* 140ra15, *løysa* 143vb17, *bioðæ* 152ra20, *bøtæ* 165vb10. Slik vokalreduksjon finst etter 1300 helst i austlandske skrifter (Rindal 1987:43, med litteraturtilvisingar).

Vi finn fleire eksempel på svarabhaktivokal, dvs. ein vokal som kjem inn mellom ein konsonant og endinga *-r*. Den vanlegaste svarabhaktivokalen hos hand e er *a*, f.eks. *einløypar* 104ra3, *kømar* 132ra23. Men vi kan også finne *æ*, f.eks. *rænnær* 155rb9. Svarabhaktivokalen *a* er er typisk for søraustlandske skrifter (Rindal 1987:44, med litteraturtilvisingar).

Framfor /i/ i neste staving blir det nokre gonger skrive *æi*. f.eks. *hæingia* 154vb4, *kuæidia* 160vb26-27. Denne skrivemåten er særleg frekvent i austlandsk (Rindal 1987:17, med litteraturtilvisingar).

Det privative prefikset er /u:/ eller /o:/, f. eks. *vsekkju* 109va10, *osanne* 143ra32. Denne vekslinga finst helst i nordvestlandske og austlandske skrifter (Rindal 1987:37, med litteraturtilvisingar).

Den korte gjennomgangen ovanfor stør ei datering til fyrste halvdel av 1300-talet. Dei omtalte trekka peikar mot austlandsk, helst søraustlandsk.

Språkforma i rettarbøtene, hand a, c, f, g og h

Hand a frå siste halvdel av 1300-talet har skrive blad 89, som inneheld Håkon 5 Magnussons rettarbot frå 1318 (dateringa er etter RN II nr. 184) om handgjengne menn. Byrjinga vantar.

Ei undersøking av språket i hand a tyder på at det er austlandsk, kanskje nordaustlandsk.

Vi finn både *a* og *o* for eldre /a/ framfor ståande /u/, f.eks. *allom* 89rb23, *ollum* 89va4.

Det er mange eksempel på reduksjon av /a/ etter lang staving, f.eks. *hugsæ* 89ra3, *bøtæ* 89va27. Men om lag like ofte finn vi uredusert vokal, f.eks. *handa* 89ra9, *halda* 89va22

Vi finn eitt eksempel på svarabhaktivokal, *adhær* 89rb3.

Det privative prefikset er /u:/ eller /o:/, f. eks. *vbota* 89rb24, *ologligha* 89rb20.

Hand c frå 1400-talet har skrive blad 90v, som inneheld Håkon 5 Magnussons rettarbot frå 1303 om landskyld i Vika.

Ei undersøking av språket i hand c tyder på at det er austlandsk, kanskje nordaustlandsk.

Vi finn ein gong progressiv *j*-omlyd: *jærder* 90v4.

Vi finn både *a* og *o* for eldre /a/ framfor ståande /u/, f.eks. *hafwom* 90v7, *ollum* 90v2.

Det er konsekvent gjennomført reduksjon av /a/ etter lang staving, f.eks. *sinæ* 90v3, *hinnæ* 90v8.

Det er eitt eksempel på det privative prefikset: *vblidu* 90v17.

Hand f frå ca. 1350 har skrive frå slutten av blad 167r til og med blad 171v, med rettarbøter frå Eirik Magnusson og Håkon 5 Magnusson. Handa sluttar midt inne i ei rettarbot, som hand g fullfører. Dei må difor ha arbeidd på same tid.

Ei undersøking av språket i hand f tyder på at det er austlandsk, kanskje nordaustlandsk.

Vi finn fleire gonger progressiv *j*-omlyd, f.eks. *giæfuer* 168ra, *jærdar* 171va17.

Det blir skrive *a* for eldre /a/ framfor ståande /u/, f.eks. *allum* 167rb27, *markum* 171vb7.

Det er nesten konsekvent gjennomført reduksjon av /a/ etter lang staving, f.eks. *sinæ* 167rb27, *standæ* 171va2. Nokre få gonger er vokalen ikkje redusert, f. eks. *bøta* 167ra7-8. Også etter kort staving er det fleire gonger reduksjon, f. eks. *takæ* 167vb30, *hafuæ* 169ra2.

Det er nokre få eksempel på det privative prefikset, som *vmaghæ* 169ra5.

Det er nokre få eksempel på svarabhaktivokal, som *tækær* 168vb2.

Framfor /i/ i neste staving blir det nokre gonger skrive *æi*, f.eks. *sæigir* 168ra30.

Hand g frå ca. 1350 har skrive blad 172r og mesteparten av blad 172v, med rettarbøter frå Håkon 5 Magnusson. Handa fullfører ei rettarbot som hand f har begynt på. Dei må difor ha arbeidd på same tid.

Ei undersøking av språket i hand g tyder på at det er austlandsk, kanskje nordaustlandsk.

Med få unntak blir det skrive *a* for eldre /a/ framfor ståande /u/. Eksempel med *a* er *hafum* 172ra8 og *fadur* 172rb29, men vi finn også eksempel som *logum* 172rb24, *oskaudu* 172vb14.

Det er vanlegvis reduksjon av /a/ etter lang staving, f.eks. *þæírræ* 172ra3, *græinæ* 172va10. Nokre gonger er vokalen ikkje redusert, f. eks. *høyra* 172rb4. Også etter kort staving er det nokre gonger reduksjon, f. eks. *bídíæ* 172ra4, *ædæ* 172ra29.

Det er eitt eksempel på det privative prefikset, *oskaudu* 172vb14.

Det er eitt eksempel på svarabhaktivokal, *hændær* 172ra14.

Hand h frå ca.1350 har skrive slutten av blad 172v og blad 173, med ei rettarbot frå Håkon Håkonsson og ei frå Magnus Lagabøte. Slutten manglar i den siste. Mellom dei to rettarbøtene står det eit stykke om religiøs slektskap.

Ei undersøking av språket i hand h tyder på at det er austlandsk, kanskje nordaustlandsk.

Det blir vanlegvis skrive *a* for eldre /a/ framfor ståande /u/, f.eks. *allum* 172vb22, *annur* 173ra15. Vi finn *o* i *ansuorum* 173ra18-19.


Etter lang staving finn vi både *a* og *æ*, f.eks. *høyra* 172vb23, *lata* 173vb1, *gangæ* 173ra22, *halldæ* 173va10. Også etter kort staving er det stundom reduksjon av /a/, f. eks. *fræmíæ* 172vb27. Nokre gonger kan *æ* stå for eldre trykklett /i/, f.eks. *hæímsæns* 173ra4.

Det er eitt eksempel på det privative prefikset, *olyðni* 173va22.

Framfor /i/ i neste staving blir det ein gong skrive *æi*, f.eks. *sæigia* 173vb8.

I *flítíæ* 172vb27 kan vi ha delabialisering av /y/, også kalla itakisme, noko som er eit austlandsk fenomen (jfr. Rindal 1987:35).

Fragment av landslova i Ms.8° 2037



Ms.8° 2037, 1

Ms.8° 2037 er sju uinnbundne blad som inneheld Magnus Lagabøtes landslov. Språket ser ut til å vere norsk frå rundt 1500. Teksten representerer såleis den norrøne versjonen av landslova, og ikkje noka omsetjing til dansk.

Dei to fyrste blada inneheld starten på mannhelgebolken, frå kap. 1 og til slutten av kap. 4. Dei fem neste inneheld delar av arvebolken og odelsløyingsbolken. Dei begynner i fyrste arven i kap. 7 i arvebolken. Etter trettande arven sluttar arvebolken, og teksten går rett over i kap. 1 i odelsløyingsbolken, og sluttar med kap. 11. Handskriftet manglar kap. 3, 5, 6, 8, 9 og 10 av odelsløyingsbolken.

Biblioteket fekk handskriftet frå Carl Richard Unger i 1887.

Ms.8° 2037 er naturleg nok ikkje nemnt i Storm 1885.²

Handskrifter med omsetjing til dansk av landslova

Ms.fol. 4

Det er fire skrivarar i dette handskriftet, som er frå slutten av 1500-talet. Hovudhanda har skrive landslova, bylova og ei rad rettarbøter. Handskriftet startar med Magnus Lagabøtes prolog til landslova, som blir kalla «den rette gamle fortale som kong Magnus sjølv laga». Omsetjinga er etter ein Gulatings-redaksjon. Etter prologen kjem eit register over bolkaner og kapitla i dei. Der er ingen eigen kristendomsbolk, den er inkorporert i tingfarebolken, og credo-kapitlet manglar. Handskriftet har 22 kapittel i landevernsbolken, det vanlege i dei norrøne handskriftene er 18. Ms.fol. 4 har i alt åtte bolkar. Som nemnt er der ingen eigen kristendomsbolk, og det er ingen bolk med rettarbøter.

Etter tjuvebolken seier handskriftet at det er slutt på Noregs lovbok. Kong Håkon og kong Magnus sine rettarbøter og epilogen står seinare, etter ein instruks om kyrkjjas handel og *Regulæ juris*. Rett etterpå kjem det 49 rettarbøter, som spenner over tidsrommet 1293-1584. Denne omsetjaren har sett på rettarbøtene frå Håkon Håkonsson og Magnus Lagabøte på same måten som dei andre rettarbøtene, dei er ikkje ein del av landslova.

Rettarbøtene er ikkje fullstendig kronologisk ordna. Dei som har hatt norrøn språkform, er omsette til dansk. Ei av dei gamle rettarbøtene i omsetjing er hertug Håkon Magnussons store rettarbot for Ringerike og Hadeland, trykt i NgL 3 nr. 7 (sjå under Ms.4° 1). I handskriftet er ho datert til fire dagar før påske i det åttande året i hertugen si regjeringstid, som blir 2. april 1298. Ho gjev også årstalet med romartal, og det er 1227, som må vere ei feilskrift. Også andre omsetjingar av rettarbota har denne feildateringa. I RN 2 nr. 872 er ho datert til 10. april 1297. I Ms.fol. 4 begynner rettarbota med artikkel 8, om skysshestar, slik også nokre andre omsetjingar gjer, sjå NgL 3:27.

På slutten av handskriftet kjem det ei omsetjing til dansk av Bergens bylov, fullført 18. mai 1568, skriven av same handa som har skrive landslova. I byrjinga er det sagt at omsetjinga berre inneheld dei artikkane som ikkje står i landslova.

Den instruksjonen som står etter landslova, er skriven under av m.a. «D. Jens Skielderup», som truleg er han som var biskop i Bergen 1557-1582. Handskriftet inneheld Gulatings-redaksjonen av landslova og Bergens bylov, det er difor all grunn til å tru at det har blitt til i Bergen. Det er fire ulike hender i handskriftet, alle frå slutten av 1500-talet. Hovudhanda har skrive landslova

og bylova, men dei har ulik datering. I penningsvinget etter kvar bolck i landslova stå det 1581, medan bylova har årstalet 1568.

Etter NgL 4:711 var boka (i 1885) bunden inn i brunt figureert lerbind frå ca. 1600 med spor av messingspinner. Bindet var då halvt avrive, og blada til dels moletne. Etter at handskriftet kom til biblioteket, er det bunde inn på nytt.

Ms.fol. 5



Ms.fol. 5, 1r

Bortsett frå éi side er heile handskriftet skrivne av éin skrifvar. På innsida av framsida av bandet på handskriftet står det «Morten Nielsen forrige Laugmand i Staffanger, haffuer denne Lougbog schreffuen». Morten Nilssøn var lagmann i Stavanger 1590-1601, og før det byskrifvar i Bergen 1588-1590. Han har også skrivne ein del av landslova i Holm perg 31 4° (Gulatings-redaksjonen), GKS 3262 4° (bylova), AM 97 4° (bylova i omsetjing) og Ms.4° 507 (bylova i norrøn tekst og omsetjing). Han har skrivne heile handskriftet, bortsett frå framsida av blad 255. Hovuddelen inneheld norrøn tekst av landslova og omsetjing til dansk, i kvar sin spalte. Etter Storm 1885:712 er den norrøne teksten skriven av etter AM 322 fol., som m.a. inneheld Gulatings-redaksjonen av landslova. Men i prologen er AM 322 fol. det einaste handskriftet som flytter avsnittet om arv, bortgiftning av kvinner osb. til slutten, og det gjer ikkje Ms.fol. 5. Det er difor lite truleg at AM 322 fol. er førelegget. Men det er vanskeleg å peike på kva handskrift av landslova som Morten Nilssøn har brukt. Teksten gjev aldri noko namn for lagtinget, men skriv *N: ting*. Det same gjer Holm perg 31 4°, som inneheld Gulatings-redaksjonen av landslova, og som delvis er skrivne av Morten Nilssøn. Det er fleire innskot av utdrag av rettarbøter, resessar (den yngste er Jørgen Lykkes frå 1568) og andre rettstekstar, m.a. den eldre Gulatingslova og *Jónsbók*. Dei avsluttande rettarbøtene frå kongane Håkon og Magnus er ikkje med i avslutninga.

Ms.fol. 5 har den vanlege prologen i landslova, formulert som eit brev frå Magnus Lagabøte. I tillegg har det ein ny prolog, som viser tilbake til Olav den heilages lovarbeid. Credo-kapitlet har den gamle formuleringa. Tingfarebolken og kristendomsbolken har ikkje eigne nummer. Landevernsbolken er andre bolken, og har 18 kapittel. Det er ingen bolk med rettarbøter. Men kong Magnus sin epilog er med.

Før landslova står det to bøner, formular for å setje og løyse opp tinget, eit kalendarium og eit alfabetisk register over viktige ord og uttrykk i landslova, med sidetilvising.

Etter landslova kjem ei norsk kongerekke på latin (med ei anna hand), frå Sverre til Kristian 4, eit register over kapitla i dei ulike bolkanen i landslova, eit stykke om mynt, vekt osv., fleire rettarbøter, somme med både norrøn tekst og dansk omsetjing. Dei er ikkje fullstendig kronologisk ordna. Her står også dei rettarbøtene frå kongane Håkon og Magnus, som elles i handskriftene er ein avsluttande del av landslova. Utanom desse inneheld handskriftet 13 rettarbøter og domar.

Siste kapitlet i landsleigebolken gjeld jakt på sel. Ms.fol. 5 set deretter inn ei rettarbot frå kong Håkon om forbod mot å fare til andres selvær i ein viss periode (sjå på slutten under rettarbøtene i Ms.4° 1). Her er den andre perioden frå mortensmesse til jul, som svarar til seks veker før jul. Også Ms.fol. 5 har eit tillegg til det som står i Frostatingslova og i Bjarkøyretten.

Handskriftet er innbunde i brunt figurert skinn. På frampermen ser vi Justitia med vekta, og vi kan lese M N 1597. Det same er skriva inne i handskriftet etter epilogen i landslova. M N er nok initialane til Morten Nilssøn. Ved slutten av prologen står årstalet 1595. I kalendariet finn vi årstala 1592 og 1599.

Vi veit ikkje noko om handskriftets proveniens.

Ms.fol. 230

På tittelbladet står følgjande: «Norgis laugbog, huilcken den herre s. Oluff konning med mange gode herrer oc fremfarne konninger vdi Norgis rige stadfest haffuer oc nu aff norsk tungemaall paa danske vdsat och forklarit mennige mandt till nytte oc gaffn». Der står også H. G. 1585 og MB 92. H. G. er nok Henrik Gyldenstjerne. På blad 3r står det *Niclas Poulsen manu propria* (dvs. «med eiga hand»), med ei hand frå 1700-talet (Storm 1885:714). Det er fire skrivarar i handskriftet. Hand a har skriva blad 1-141, og i pennesvinget på siste sida står årstalet 1585. Truleg er det denne skrivaren som kallar seg MB på tittelbladet, der vi også finn same årstalet. Hand b har skriva blad 142-151r, og årstalet 1591 står øvst på fyrste sida. Hand c har skriva blad 151r-157r. Der er det inga datering, men den yngste rettarbota er frå 1594. Hand d har skriva resten av handskriftet, blad 157v-160r. Der er det inga datering, men det yngste dokumentet er frå 1631. Hand a har skriva landslova og ei rad rettarbøter.

Landslova har ein ny prolog, som viser tilbake til Olav den heilages lovarbeid. Også tittelbladet viser til Heilag-Olav. Kristendomsbolken er her ikkje eigen bolk, men den siste delen av

tingfarebolken. Credo-kapitlet manglar. Landevernsbolken har 22 kapittel. Kong Håkon og kong Magnus sine rettarbøter manglar. Det same gjer epilogen. Landslova er generelt formulert, og viser ikkje til noko bestemt ting.

Etter landslova kjem 88 *Regulæ juris* på latin, med omskriving til dansk. Så kjem ei rad rettarbøter, frå Magnus Lagabøtes tid tid og til 1608. Rettarbøtene er ikkje fullstendig kronologisk ordna. Innimellom rettarbøtene kjem eit stykke om saker der kongen og biskopen saman har rett til bøter og inndragingsgods, den norske kongerekka frå Harald Hårfagre til Hans (d.1513), eit stykke om eidar og meineidar (*De iuramento et significatione eius*). Der er også to resessar, Truid Ulfstand og Claus Bille sin resess, Bergen 1539 og Bjørn Andersens resess, Oslo 1578. Resessane blir i handskriftet kalla rettarbøter. På slutten av handskriftet er det svar på eit par supplikkar (bøneskrift eller klageskrif stila til kongen) som er sende inn frå fire sorenskrivarar i Akershus og frå bøndene i fire fiskevær på Nordmøre.

Mellom det hand a og hand b har skrive, står det ein notis som opplyser at det finst mange brev på Båhus som har kome Henrik Gyldenstjerne i hende. Det gjeld truleg dei etterfølgjande rettarbøtene. Denne notisen er skriven eigenhendig av Henrik Gyldenstjerne. Etter Storm (1885:715) var Henrik Gyldenstjerne lensherre på Båhus 1576-1592, og han har truleg late handskriftet binde inn i brunt figurert skinnbind med messingspinner.

Handskriftet blei gjeve til Universitetsbiblioteket i 1842 av bergråd Peter Petersen (1767-1850), som også var stortingsmann.

Ms. fol. 278

Heile handskriftet er skrive av éin skrifvar. Landslova har ein ny prolog, som viser tilbake til Olav den heilages lovarbeid. Skriftemål og faste er med i credo-kapitlet. Landevernsbolken har 12 kapittel. Kong Håkon og kong Magnus sine rettarbøter manglar. Det same gjer epilogen. Landslova er generelt formulert, og viser ikkje til noko bestemt ting.

Etter landslova kjem ei rad rettarbøter, frå Magnus Lagabøtes tid og til 1587. Rettarbøtene er ikkje fullstendig kronologisk ordna. Innimellom rettarbøtene står det seks resessar, frå Truid Ulfstand og Claus Bille, kong Fredrik 2, Trond Benkestokk, Erik Rosenkrantz, Jørgen Lykke, Bjørn Andersen. Det finst også nokon fleire rettsdokument.

Handskriftet inneheld også slektstavla frå Magnus Måneskjold, med kroninga av kong Hans. Vi finn også lista over saker der kongen og biskopen saman har rett til bøter og inndragingsgods.

Før siste stykket i handskriftet står det «Anno 1598 denn 3 Nouemb: bleff denne bog endt». Handskriftet var innbunde i brunt figureert skinnbind. Det blei omfattande reparert/konservert og ombunde i 1960. Det gamle midtfeltet i frampermen er innfelt i den nye, og der står det «I. P. S. 98». Den gamle bakpermen blei fjerna, og ligg no i ein konvolutt som er limt til den nye bakpermen. Der ligg også seks blad frå ei samtidig rekneskapsbok, og seks små fragment. Desse fragmenta har truleg lege i ryggen på handskriftet, og dei inneheld helgendelen av eit graduale frå 1100-talet, av tysk type.

Handskriftet blei kjøpt til Universitetsbiblioteket på auksjon etter Jens Christian Berg (1775-1852). Han hadde juridisk utdanning, og var justitiarius ved Akershus stiftsoverrett 1814-1843. Berg var ein framstående historikar, og hadde eit stort bibliotek med ca. 10000 band, som blei selt på auksjon etter hans død.

Ms. fol. 530

Bortsett frå dei siste 16 sidene, som inneheld Bjørn Andersens resess, er heile handskriftet skrive av éin skrifvar. Fyrst kjem *De officio Iudicis* og ei liste over dei mest interessante artiklane i landslova og rettarbøtene, med tilvising til kvar dei finst. Landslova er generelt formulert, men Storm (1885:722) meiner at ho byggjer på Frostatings-redaksjonen. Lova har kong Magnus sin prolog. Kristendomsbolken er her ikkje eigen bolk, men den siste delen av tingfarebolken. Credo-kapitlet nemner faste, men ikkje skriftemål. Landevernsbolken har 18 kapittel. Kong Håkon og kong Magnus sine rettarbøter manglar. Etter tjuvebolken står det at det er slutten på Noregs lovbok, med årstalet 1594. Deretter kjem epilogen, kalla *Conclusio*, som viser tilbake til Olav den heilages lov. Etter mannhelgebolken står årstalet 1593. Dernest kjem giftingsbolken, med 6 kapittel, og Arvetalet, med 13 arvar. Deretter står det at det som følgjer, ikkje står i lovboka, men er sett saman av lagmannen O. W. F. Etter Storm (1885:722)

er dette Olav Vigfastsson, lagmann i Trondheim, død ca. 1538, omtalt i DN 7 nr. 702. Det følgjande er ein giftingsbolk med to slektstre og 24 kapittel.

Etter landslova står det eidsformularar. Så kjem det ei rad rettarbøter, frå Magnus Lagabøtes tid og til 1548. Siste delen av kong Magnus sine rettarbøter er i hovudsak dei som elles står som del av landslova. Handskriftet inneheld også resessar frå Truid Ulfstand og Claus Bille, udaterte, frå Peder Huitfeldt og lagmennene, Bergen 1557, frå Erik Rosenkrantz (kalla «Resess oc Rettebøder»), Bergen 1561 og 1565, frå Jørgen Lykke, Bjørn Andersen og Kristoffer Valkendorf (kalla «Resess oc Rettebøder»), Bergen og Trondheim 1568 og frå Bjørn Andersen og andre gode menn (kalla «Rettebøder»), Trondheim 1578. Vi finn også *Regulæ juris* og ei liste over dei norske kongane, frå Harald Hårfagre til Sigurd og Øystein, søner av Magnus Berrføtt (d. 1103). På to sider står det også ei beskriving, kalla *søkort*, av segling til Grønland. Særleg interessant er resessen frå Peder Huitfeldt og lagmennene. Peder Huitfeldt (d. 1584) var Noregs rikens kanslar 1547-1565. I 1557 var han og alle lagmennene i Noreg med på eit rettarting i Bergen, der ein lovrevisjon var påtenkt. Men det ser ut til at det var uråd å få til ein fullstendig revisjon av landslova, og resultatet blei berre 6 artiklar (sjå meir i Robberstad 1976:225, som seier 14 paragrafar).

På frampermen er det trykt H A 1594. På innsida av frampermen står det m.a. *iohannis Andreæ. B.* og årstalet 1594. Same namn og årstal finn vi att på sida framfor landslova, og det står også datoen 24. januar. Det står også at Niels Lange fekk handskriftet som gåve av Jacob Trolle 1599, og at det i 1796 og 1837 tilhørde Iver Pedersen Bøe i Gausdal. Etter Storm (1885:723) blei handskriftet innsendt i 1837. Seinare har det tilhøyrt Jacob Aall (1773-1844), og arvingane hans gav det til biblioteket i 1883.

Handskriftet er bunde i brunt figurert skinnbind med messingspenner, ei messingspenne er øydelagd.

Saman med boka ligg no halvparten av eit vertikaldelt blad, truleg delar av ein rekneskap, der vi kan lese årstalet 1763.

Ms.4^o 14

Heile handskriftet er skriven av éin skrifvar. Landslova har ny prolog, som viser tilbake til Olav den heilages lovarbeid. Kristendomsbolken er her ikkje eigen bolk, men den siste delen av tingfarebolken. Credo-kapitlet manglar. Landevernsbolken har 22 kapittel. Kong Håkon og kong Magnus sine rettarbøter manglar. Det same gjer epilogen. Lova er generelt formulert, og viser ikkje til noko bestemt ting. Etter sjølve lova kjem det eit register over kapitla i alle bolkanene. Deretter kjem det ei rad rettarbøter, frå Håkon Håkonssons tid og til Kristian 3 (d. 1559). Desse er ikkje fullstendig kronologisk ordna. Fyrst kjem ei rettarbot frå Eirik Magnusson. Deretter kjem rettarbøter frå Håkon Håkonsson og Magnus Lagabøte, nokre av dei er dei same som vi elles finn som del av landslova. Så kjem Truid Ulfstand og Claus Bille sin resess, Oslo utan år. Deretter kjem slektstavla frå Magnus Måneskjold. Til slutt står det ei liste

over norske kongar, med opplysning om kor mange år dei regjerte. Ho startar med Harald Hårfagre og sluttar med Kristoffer av Bayern, konge 1442-1448. I alt omfattar lista 534 år.

Handskriftet er bunde inn i kvitt skinnbind med reimar, som no delvis er borte. På fyrste sida med tekst står det Lars Lünov.

Vi veit ikkje noko om handskriftets proveniens.

Ms.4° 58

Heile handskriftet er skriven av éin skrifvar. Framfor fyrste bladet er minst eitt blad borte. Der har prologen stått, no er det berre seks linjer att. Det ser ut til å vere ein ny prolog, og ikkje Magnus sin. Kristendomsbolken er her ikkje eigen bolk, men den siste delen av tingfarebolken. Credo-kapitlet manglar. Landevernsbolken har 11 kapittel. Kong Håkon og kong Magnus sine rettarbøter manglar. Det same gjer epilogen. Lova er generelt formulert, og viser ikkje til noko bestemt ting. På slutten av lova står det: «Her ændis Norgis Lagbog, Som schreffuen war anno 1560».

Etter landslova kjem det ekstrakt av 12 rettarbøter frå kong Håkon (truleg Magnusson) og av ei rettarbot frå kong Eirik Magnusson. Deretter kjem rettarbøter frå Håkon Håkonsson og Magnus Lagabøte, nokre av dei er dei same som vi elles finn som del av landslova. Så kjem åtte rettarbøter frå Håkon 5 Magnussons tid og fram til Kristian 3 (d. 1559). Til slutt kjem Truid Ulfstand og Claus Bille sin resess, som manglar avslutninga.

Handskriftet er bunde inn i nyare bind, og på ryggen er trykt «K Magni Guletings Lov». På frampermen står eit eigarmerke i form av eit elefanhovud, der snabelen ber ei krone med tre piler. Dette eigarmerket tilhøyrer Bolle Willum Luxdorph, 1716-1788, dansk embetsmann og litterat. Og på baksida av fyrste bladet står det «Luxdorph». Han hadde ei omfattande boksamling på ca. 15000 band, som blei seld på auksjon etter hans død. I katalogen over Luxdorfs boksamling står det at handskriftet inneheld ei dansk omsetjing av Gulatingslova. Men på framsida av fyrste bladet står det «Denne er ikke Kong Magni Guletings Lov, men Kong Olufs norske Lovbog», dvs. den eldre Gulatingslova. Etter Storm (1885:728) skal Luxdorph ha skriven dette, men katalogen ved Nasjonalbiblioteket opplyser at det er Halvor Andersens (1745-1810) hand. Dette kan tyde på at handskriftet har tilhøyrt Halvor Andersens samling, som blei testamentert til det nye universitetsbiblioteket.

Ms.4° 302

Heile handskriftet er skriven av éin skrifvar, bortsett frå fem blad rett etter landslova. Lova har ny prolog, som viser tilbake til Olav den heilages lovarbeid. Kristendomsbolken er her ikkje eigen bolk, men den siste delen av tingfarebolken, credo-kapitlet manglar. Landevernsbolken

har 22 kapittel. Kong Håkon og kong Magnus sine rettarbøter manglar. Det same gjer epilogen. Lova er generelt formulert, og viser ikkje til noko bestemt ting.

Etter landslova kjem det ein dom og to rettarbøter skrivne med ei anna hand. Domen er frå Bergen 13. juli 1589, og gjeld ei sak mellom bøndene og Peder Frost, fut i Dale i Sunnfjord. Dei to rettarbøtene er frå kong Kristian 3, København 1550, og frå dronning Filippa (d. 1430). Den siste er feilaktig datert til 1525.

Deretter kjem det ei rad rettarbøter, frå Håkon Håkonssons tid og til 1573, og dei er ikkje kronologisk ordna. Rettarbøtene frå Håkon Håkonsson og Magnus Lagabøte er delvis dei same som vi elles finn som del av landslova. Håkons rettarbøter er stila til Eidsivating, og Magnus sine til alle Noregs menn, men også Magnus sine ser ut til å vere gjevne til Eidsivating. I tillegg til desse finn vi 23 andre rettarbøter.

Handskriftet inneheld også eit oversyn over norske kongar og 88 *Regulæ juris*, på latin og dansk. Vi finn også Truid Ulfstand og Claus Bille sin resess, Bergen 1539, nokre andre rettstekstar og slektstavla frå Magnus Måneskjold. Alle desse tekstane er det vanskeleg å lese på grunn av vasskade.

Handskriftet inneheld også eit stykke om selvær, og her er den andre «heilage» perioden frå mikjelsmesse (29. september) til jul, slik som i Ms.4^o 1. Teksten inneheld eit tillegg om korleis ein kan fri seg for skulding om brot på denne rettsregelen, slik som i Ms.4^o 1. Der er også eit stykke om leidangsfall.

I handskriftet ligg det no eit originalbrev frå 1558.

I 1812 kjøpte Teis Lundegaard (1774-1856) handskriftet av «Madame Holm» (Storm 1885:729). Han har skriva namnet sitt inne i omslaget rundt permen.

Handskriftet har seinare vore i jurist Henrik Steenbuchs (1774-1839) eige, og Universitetsbiblioteket kjøpte det på auksjonen etter hans død i 1839. (Jfr. Witting 2020.)

Ms.4^o 311

Heile handskriftet er skriva av éin skrivar. Det er defekt, og inneheld no berre 31 blad. Den gamle nummereringa viser at følgjande er bevart: Blad 22, som inneheld slutten på landevernsbolken, og starten på mannhelgebolken; blad 55-61, som inneheld kap. 25-29 av mannhelgebolken og kap. 1-3 av arvebolken, som her blir kalla *quinde gifting*; blad 87-109, som inneheld kap. 23-25 av arvebolken, kap. 1-15 (som er siste kapitlet) av odelsløysingsbolken og kap. 1-6 av landsleigebolken. Etter Storm (1885:729) inneheld handskriftet også blad 62-86, men det er truleg ei feilaktig opplysning.

Landevernsbolken er andre bolk, så anten har handskriftet mangla kristendomsbolken eller han har vore inkorporert i tingfarebolken. Vi kan ikkje sjå kor mange kapittel det har vore i

landevernsbolken. Vi kan heller ikkje sjå om kong Håkon og kong Magnus sine rettarbøter har vore ein del av lova.

Handskriftet er bunde inn i papirbind. Det er inga datering i det, Storm (1885:729) seier ca. 1550. På innsida av frampermen står det C. Anker. Handskriftet har altså tilhøyrt Carsten Anker (1747-1824). Også Ms.4° 309, frå 1700-talet, som inneheld Frostatings kristenrett, har tilhøyrt Carsten Anker. Handskriftet har seinare vore i jurist Henrik Steenbuchs (1774-1839) eige, og Universitetsbiblioteket kjøpte det på auksjonen etter hans død i 1839. (Jfr. Witting 2020.)

Ms.4° 314

Bortsett frå dei to siste blada, som ser ut til å vere hefta inn seinare, er handskriftet skriva av éin skrivar. Landslova er generelt formulert. Ho har Magnus Lagabøtes prolog. Der står det at kristendomsbolken er fyrste delen av tingfarebolken, men det nå vere ein skrivefeil, for i det følgjande utgjer kristendomsbolken siste delen av tingfarebolken. Credo-kapitlet manglar. Landevernsbolken har ti kapittel.

Handskriftet seier at lovboka sluttar etter tjuvebolken, trass i at prologen har den gamle formuleringa om at rettarbøtene er ein del av lova. Også epilogen manglar.

Etter landslova kjem det ekstrakt av rettarbøter frå kong Håkon (truleg Magnusson) og ei rettarbot frå kong Eirik Magnusson. Deretter kjem rettarbøter frå Håkon Håkonsson og Magnus Lagabøte, nokre av dei er dei same som vi elles finn som del av landslova. Magnus sine er daterte til 1274.


Så kjem tolv rettarbøter frå kong Håkon Magnussons tid og fram til Kristian 3, siste rettarbota er datert 1541. Til slutt i det som hovudhanda har skriva, kjem Truid Ulfstand og Claus Bille sin resess, Oslo 1539. Denne delen inneheld også ein riksrådsdom om bøndene på Hedmark og Romerike, Oslo 1348.

På dei to siste blada står Fadervår og ei taksering av jord. Denne blir avslutta med årstalet 96 og initialane C: T: S:

Innbindinga er av nyare dato. På innsida av frampermen er det limt eit stykke papir som seier at Jens Christopherssen har gjeve handskriftet til svogeren Otte Mogenssen. Den sistnemnde kan vere Otte Mogensen Gyldenaar (d. 1660), som var lagmann på Opplanda 1635-1660.

På innsida av permen er det opplyst at biblioteket fekk handskriftet som gåve i 1842 av bergråd Peter Petersen (1767-1850).

Ms.4° 377



Ms.4° 377, tittelbl.

Bortsett frå dei tre siste blada er heile handskriftet skriva av éin skrifvar. Etter tjuvebolken i landslova står det følgjande: «Her endis Loubogen skreffuit paa Lindaas vdi Norhoreleen aff Albert Albertzøn effter Erick Pederssøn egen handskriff Anno 1601 den 26. Decemb. Soli deo gloria» (Storm 1885:734). Lovboka blir altså avslutta her, og inkluderer ikkje kong Håkon og kong Magnus sine rettarbøter eller epilogen. Denne omsetjinga har kong Magnus sin prolog. Etter tingfarebolken er fleire blad borte, og teksten begynner att i kap. 15 i landevernsbolken. Sidan tingfarebolken er kalla fyrste *Bog*, og landevernsbolken andre, kan ikkje handskriftet ha innehalde nokon kristendomsbolk. Landevernsbolken har 25 kapittel. Sidan kong Håkon og kong Magnus sine rettarbøter ikkje er med, har landslova her åtte bolkar. Tittelbladet kallar lova Heilag-Olavs lov.

Deretter kjem det 30 rettarbøter, frå Håkon Håkonssons tid og til 1557. Fyrst står rettarbøter frå Håkon Håkonsson som elles er ein del av landslova. Deretter kjem Magnus Lagabøtes rettarbøter, som elles er ein del av landslova, og ein forkorta versjon av Magnus sin epilog til landslova. Rettarbøtene er ikkje fullstendig kronologisk ordna.

På dei tre siste blada har ei hand frå 1600-talet skriva om betydninga av eiden, i ei anna utforming enn i NgL 2:337.

Handskriftet er innhefta i eit breviarium frå 1200-talet (jfr. Edwards 2013:340).


Dette er ei omsetjing av Gulatings-redaksjonen av landslova. Etter Storm 1885:734 skal ho byggje på eit tapt handskrift. Men under omtalen av AM 307 fol. meiner Storm 1885:483 at dette handskriftet er grunnlaget for omsetjinga. AM 307 fol. inneheld ikkje rettarbøter, så dei må i så fall vere tekne frå andre handskrifter. Før kong Magnus sin prolog er det vist til at Olav den heilage laga lova, som dei norske kongane seinare har stadfest, og som kong Magnus har retta og forbetra.

Det einaste vi veit om proveniensen, er at handskriftet kom til biblioteket i 1852. (Jfr. Witting 2020.)

Ms.4° 502

Heile handskriftet er skriven av éin skrifvar, og inneheld berre omsetjing av landslova. Det har ein ny prolog, som viser tilbake til Olav den heilages lovarbeid. Kristendomsbolken er inkorporert i tingfarebolken. Credo-kapitlet manglar. Landevernsbolken har 11 kapittel (ikkje 21, som opplyst av Storm 1885:735). Kong Håkon og kong Magnus sine rettarbøter manglar. Det same gjer epilogen. Lova har såleis åtte bolkar. Ho er generelt formulert.

Handskriftet, som skal vere frå slutten av 1500-talet, er bunde inn i brunt skinnbind frå 1700-talet. Det har i 1764 tilhøyrt Philip Smit, som også kalla seg Philipus Georgius Fabritius. Biblioteket kjøpte det 1855 på auksjon etter høgsterettsassessor Debes, som er høgsterettsassessor Jens Peter Gløersen Debes, 1776-1832. Debes sitt namn står på fyrste sida i handskriftet.




Ms.4° 526, 39r

Heile handskriftet er skrive av éin skrifvar. På tittelbladet står det at dette er Noregs lovbok, omsett til dansk frå den gamle lovboka for Gulating, skrive på Nedenes i 1592. Handskriftet startar med ei opplisting av kongane i Noreg, frå Harald Hårfagre til Kristian 4 (d. 1648). Deretter kjem slektstavla frå Magnus Måneskjold. Etter eit stykke om landskyld kjem det ei dansk omsetjing av kong Magnus sin prolog til landslova. Deretter begynner sjølve lovboka, med ein ny prolog, som viser tilbake til Olav den heilages lovarbeid. Kristendomsbolken er her ikkje eigen bolk, men den siste delen av tingfarebolken. Skriftemål og faste er med i credo-kapitlet. Landevernsbolken har 12 kapittel. Kong Håkon og kong Magnus sine rettarbøter er ikkje med. Det er heller ikkje kong Magnus sin epilog. Mange av kapittelinitialane har andlet teikna inn i seg. Etter sjølve lova kjem det eit register over kapitla i alle bolkanane.

Deretter kjem lista over saker der kongen og biskopen saman har rett til bøter og inndragingsgoods, og ei rad rettarbøter, frå Magnus Lagabøtes tid og til 1508. Rettarbøtene er ikkje fullstendig kronologisk ordna. Så kjem Truid Ulfstand og Claus Bille sin resess, Bergen 1539. Resessen blir i handskriftet kalla rettarbøter. Dernest kjem ei arvetavle i 13 ledd. Til slutt er det brotstykket av eit skriv til kongen om dom i ei arvesak.

Handskriftet er bunde inn i eit brunt skinnbind med spor til messingspenner. På innsida av det bakre bindbladet står årstalet 1593, og at boka tilhøyrrer Christoffer Jørgenssøn. Det blir også opplyst at han var fogd i Nedenes len og i Mandals len, og at han i 1604 var borgar i Køge. På fyrste bladet i handskriftet er det rundt 1600 skrive Anne Marie Larsdatter, og med ei nyare hand «Till Universitets Bibliotheket i Christiania af P. O. Liljevalch». Liljevalch (d. 1877) var livlækjar for den svenske kongen, og samla også på gamle handskrifter. Han gav det til biblioteket i 1857. (Jfr. Witting 2020.)

Ms.4° 528



Ms.4° 528, tittelbl.

Handskriftet inneheld berre landslova med etterfølgjande register. Lova er skriven med ei hand, og registeret med ei anna.

På fyrste sida i handskriftet står årstalet 1544, og same årstalet står i avslutninga etter lova.

På fyrste sida i handskriftet står også følgjande tekst: «Norrigiis laegbog er partthett vdi otthe bogez och er aff viisse och forstandige mendt wdragen aff rett gammell norske och wdsatt paa dette maall alle till nytte och gaffn som henne lesse och kunne forstaa henne ret *et cetera* miitt hop er christus». Det blir her altså vist til at «vise og forstandige» menn har omsett Noregs lovbok frå gammalnorsk til dansk. Men vi får ikkje vite noko om kven desse mennene var.

Ms.4° 528, skrive 1544, er det nest eldste av handskriftene av den danske omsetjinga av landslova. Det har same skrivaren (Rassmus Hertuicksen) som det eldste, AM 85 4° frå 1543. Begge handskriftene har kanskje blitt til i Trondheim. Ms. 4° 528 inneheld berre landslova. AM 85 4° inneheld også Bergens bylov, Farmannslova, Nidaros' takmark (einemerke) og mange rettarbøter.

Landslova, som er generelt formulert, har ny prolog, som viser tilbake til Olav den heilages lovarbeid. Kristendomsbolken er inkorporert i tingfarebolken. Credo-kapitlet manglar.

Landeverbsbolken, som blir kalla *wdtfarbolchenn*, har 11 kapittel. Kong Håkon og kong Magnus sine rettarbøter og epilogen manglar.

Handskriftet er innbunde i brunt figurert skinnbind.

Det er ikkje nokon opplysningar i sjølve handskriftet om eigarar, men det har tilhøyrt Christian Hersleb Hornemann (1781-1860), overrettsassessor i Trondheim 1815-1860, og stortingsmann. Då han døydde, hadde han ei boksamling på ca. 10000 bind. I testamentet sitt bestemte han at fyrst Universitetsbiblioteket i Christiania, og deretter DKNVS i Trondheim, skulle få dei bøkene dei sjølve ønskte. Ms.4° 528 var mellom dei som kom til Universitetsbiblioteket.

Ms.4° 553

Handskriftet ber tittelen «Norske Lougbog, som er wdskreuen effter Edtzwalds Lougbog», men det er slett ikkje Eidsivatings-redaksjonen av landslova vi har her. Hovuddelen (hand a frå ca. 1575) av handskriftet er ei omsetjing av NKS 1642 4° (etter Storm 1885:741), som inneheld Borgartings-redaksjonen. Omsetjinga er gjord av Hans Jakobsen Loe, lagmann i Skien 1567-1573 og i Tønsberg 1573-ca. 1580. Sjølve teksten skriv han i gotisk skrift, men i notar og i overskrifter bruker han kursiv. Prologen, Kristenretten, Håkon og Magnus sine rettarbøter og epilogen manglar. Tingfarebolken er generelt formulert. Landeverbsbolken har 18 kapittel. Etter landslova kjem det ei rad rettarbøter «aff Tønsberg loug bog». Det er vel dette som får Gustav Storm til å meine at 553 er omsett etter NKS 1642 4°, som også blir kalla Codex Tunsbergensis. Rettarbøtene i 553 følgjer ikkje rettarbøtene i 1642, men stikkprøver i landslova viser at 553 følgjer 1642 der 1642 vik av frå dei andre handskriftene. Dessutan seier 553 at lagtinget skal møte persokaftan, denne møtetida finn vi berre i 1642 og to andre handskrifter med Borgartings-redaksjonen av landslova. Det er alt i alt grunn til å tru at 553 verkeleg inneheld omsetjing av landslova i 1642. Denne omsetjinga av landslova er skriven av i AM 92 4° og UBB Ms 65.

I tillegg til landslova har Hans Jakobsen Loe skrive dei eldste rettarbøtene, til og med dronning Margretes. To andre hender frå slutten av 1500-talet har skrive det som står føre landslova, og rettarbøtene etter dronning Margretes tid, pluss ei frå 1357. Den eine skrivaren kallar seg Hartuigh Rasmussen.

Framfor landslova står: 1. Tabell over markebol, øyresbol osv. 2. Forklaring av ord som vinternatt, frillebarn osv. 3. Alfabetisk register over innhaldet i landslova. 4. Liste over norske kongar frå Harald Hårfagre til Kristian 4, «ther endnu leffuer». 5. Nyttige artiklar frå lova. 6. Liste over høvedsmenn på Båhus, frå Jørgen Lauritssøn til Hannibal Gyldenstjerne til Restrup (1592-1595).

Etter landslova kjem 44 rettarbøter og nokre andre rettstekstar. Rettarbøtene, som ikkje er fullstendig kronologisk ordna, skriv seg frå Magnus Lagabøtes tid og til Kristian 4 i 1596. Der er to resessar, Truid Ulfstands og Claus Billes frå Oslo i 1539 og Jørgen Lykkes, stadfest 1574.

Hans Jakobsen Loe har i tillegg skrive Deichman 11 8° (landslova). AM 95 b 4° (delar av landevernsbolken etter Holm perg fol. 29) og notisar i AM 60 4° og i NKS 1642 4°. Storm 1879:24 meiner at han også har skrive AM 80 4°.

Handskriftet er bunde inn i eit brunt skinnbind. På innsidene av permen har Hartuigh Rasmussen skrive fleire notisar. Det har tilhøyrt R. Keyser, som gav det til biblioteket i 1859.

Ms.4° 591

Bortsett frå nokre notisar er handskriftet skrive av tre hender på slutten av 1500-talet. Hovudhanda har skrive landslova og rettarbøtene. Den andre handa har skrive kristenretten, og den tredje har skrive stykket om betydninga av eiden.

Landslova har ein ny prolog, som viser tilbake til Olav den heilages lovarbeid. Handskriftet nyttar termen *bog* for dei enkelte bolkane. Kristendomsbolken er inkorporert i tingfarebolken. Credo-kapitlet manglar. Landevernsbolken har 18 kapittel. Kong Håkon og kong Magnus sine rettarbøter manglar. Det same gjer epilogen. Lova har såleis åtte bolkar. Ho er generelt formulert.

Etter landslova kjem det ekstrakt av rettarbøter frå kong Håkon (truleg Magnusson) og frå kong Eirik Magnusson. Deretter kjem rettarbøter frå Håkon Håkonsson og Magnus Lagabøte, nokre av dei er dei same som vi elles finn som del av landslova.

Deretter kjem åtte rettarbøter, frå Håkon 5 Magnussons tid og til 1541. Dei er ikkje fullstendig kronologisk ordna.

Så kjem dei artikkane som lagmennene vedtok på rettaringsmøtet i Bergen i 1557. Handskriftet har med 12 artiklar.

Dernest kjem det fire resessar. Den fyrste er utferda Bergen 1551 (Storm 1885:743 skriv feilaktig 1557), og er frå Christoffer Huitfeldt, lensherre på Bergenhus 1542-1556. Den andre er frå Truid Ulfstand og Claus Bille, utferda Oslo 1539 og Bergen 1539. Den tredje er frå Erik Rosenkrantz, utferda Bergen 1565. Den siste er frå Jørgen Lykke, utferda Bergen 1568 og Trondheim 1568.

Med ei ny hand følgjer den såkalla Gulatings nyare kristenrett i omsetjing til dansk. Omsetjinga skal vere gjord etter eit tapt handskrift (Storm 1885:743). I byrjinga er det vist til Noregs lov, ikkje til lova for Gulating. Denne versjonen av kristenretten har 28 kapittel, mot 39 i dei fleste handskriftene av den norrøne teksten (NgL 2:306-325). Det som manglar, er fire kapittel om kongeval, kap. 29 om menn som rømer bort med andre menns ektekoner, mesteparten av kap. 33 og resten. Handskriftet AM 62 4°, frå fyrste halvdel av 1300-talet, inneheld dei same kapitla som Ms.4° 591, jfr NgL 2:326-335. Men det kan ikkje vere grunnlaget for omsetjinga, for i fire av kapitla er det berre skrive dei fyrste orda, følgt av *et cetera*. Kap. 24 om felag (felleseige) mellom ektefolk følgjer ikkje den såkalla Gulatings nyare

kristenrett, men landslova, kapittel 3 i arvebolken, i den versjonen som finst i dei fleste handskriftene, sjå NGL 2:77, note 18. Her har AM 62 4° berre dei fyrste tre orda av kapitlet.

Etter Jørgen Lykkes resess har ei hand frå 1600-talet skrive ei opplysning om at Endre Skarestad hadde ansvaret for Bøyum kyrkje i Fjærland. Og på framsida av andre bladet står det at Endre Skarestad eig boka. På innsida av frampermen er det limt inn eit ex libris, der det er trykt to greske ord og «E. Hagerup, Dr.». Dette er Eiler Hagerup (1685-1743), biskop i Nidaros 1731-1743, teologisk doktorgrad i 1742 (jfr. Witting 2020.) Etter Espen Karlsen tyder den greske teksten «å kristne omhyggeleg».

Handskriftet kom til biblioteket i 1863. (Jfr. Witting 2020.)

Ms.4° 691 B

Bortsett frå eit stykke om sjukdomar på slutten er heile handskriftet skrive av éin skrifvar på slutten av 1500-talet. I byrjinga er eit par blad borte. Handskriftet begynner no i slutten av innhaldsregisteret for landslova, med dei to siste kapitla i tjuvebolken (Storm 1885:746 skriv feilaktig tingfarebolken). Slik handskriftet er overlevert, manglar prologen. Men han kan ha stått framfor innhaldsregisteret.

Kristendomsbolken er inkorporert i tingfarebolken. Credo-kapitlet manglar. Landevernsbolken har 11 kapittel. Kong Håkon og kong Magnus sine rettarbøter manglar. Det same gjer epilogen. Lova har såleis åtte bolkar. Ho er generelt formulert.

Etter landslova kjem rettarbøter frå Magnus Lagabøte og Håkon Håkonsson, nokre av dei er dei same som vi elles finn som del av landslova.

Deretter kjem ei udatert rettarbot frå Hans, konge i Noreg 1483-1513.

Så følgjer resessen frå Truid Ulfstand og Claus Bille, her udatert. Resessen blir her kalla rettarbøter.

Til slutt kjem eit stykke om sjukdom, dedisert til Noregs rikes kanslar Jens Bjelke til Austrått (1580-1659), datert København 1633.

Handskriftet tilhørde G. Stenersen og D. Brochmann, som ca. 1836 sende det til kommisjonen for utgjeving av Norges gamle Love. Sannsynlegvis har R. Keyser gjeve det til Universitetsbiblioteket.³ Truleg kom det til biblioteket ein gong mellom 1882 og 1885. (Jfr. Witting 2020.) Handskriftet er bunde inn i brunt figurert skinnbind med messingspinner.

Ms.4° 694

Dei fyrste 29 blada i handskriftet, som inneheld omsetjing til dansk av Tønsbergs bylov, er skrivne av Anders Pederessønn, som etter Storm (1885:746) var rådmann i Tønsberg, og døydde

i 1597. Resten av handskriftet er skriven av éin skrivar på slutten av 1500-talet.

Omsetjinga av bylova er gjord etter Codex Tunsbergensis (NKS 1642 4°). Etter denne følgjer landslova, men fleire blad er borte i starten. Teksten begynner no med landevernsbolken, som har 18 kapittel. Kong Håkon og kong Magnus sine rettarbøter manglar. Det same gjer epilogen. Etter lova står det eit innhaldsregister, som begynner med tingfarebolken. Kristendomsbolken manglar, og er ikkje inkorporert i tingfarebolken. Det er såleis åtte bolkar i lova.

Etter landslova kjem det 25 rettarbøter, ikkje fullstendig kronologisk ordna. Av desse er 20 frå kong Håkon 5 Magnusson, tre er frå kong Eirik Magnusson, ei frå kong Magnus Eriksson, og ei frå dronning Margrete, datert 1379.

Bak i handskriftet har Ole Nitj og Ellen Eriksdatter skrive fødselsdagane sine, 23. august 1742 og 28. mai 1752. På andre bladet står namnet M Tonsberg. På innsida av frampermen står namnet Peder Stranger, skrive med runer.

Handskriftet er bunde inn i brunt figurert skinnbind med messingbeslag og spenner. På frampermen er trykt «ANDERS PEDERSEN», og på bakpermen «ANNO 1595».

Handskriftet er nemnt som gåve i universitetet si årbok for 1883, utan opplysning om kven som var gjevar. (Jfr. Witting 2020.)

Ms.4° 736 a

Heile handskriftet, som er frå andre halvdel av 1500-talet, er skriven av éin skrivar. Det begynner med denne formuleringa: «Den norske Lag som kong Magnus gaff Norgis menige indbyggere Anno 1274». Dernest kjem nokre notisar om landskyld og om bøter. Så følgjer landslova. Framfor kvar bolk står eit innhaldsregister. Handskriftet har kong Magnus sin prolog, som er stila til Eidsivating. Kristendomsbolken er inkorporert i tingfarebolken, som har 23 kapittel. Credo-kapitlet har med skriftemål og faste. Landevernsbolken har 11 kapittel. Etter tjuvebolken kjem kong Magnus sine rettarbøter, og epilogen. Kong Håkon sine rettarbøter er ikkje med, slik vi også ser i nokre norrøne handskrifter av landslova.

Dette er det einaste handskriftet på Nasjonalbiblioteket som har med alle delane av landslova, utan noko tillegg av seinare rettarbøter. Det kallar dei ulike bolkaner for *bolck* eller *bog*, og reknar med åtte bolkar. Bolkane blir avslutt med *finis*, gjerne med tillegg av bolkenummer og *libri*.

Handskriftet er hefta inn i eit blad frå eit latinsk legendarium.

På 1600-talet tilhørde handskriftet Kiethell Biosthadt og Anund Kietilsøn. Seinare har det tilhørt Jacob Aall (1773-1844), og arvingane hans gav det til biblioteket i 1883.

Ms.4° 736 b

Heile handskriftet, som er frå andre halvdelen av 1500-talet, er skriven av éin skrifvar. På byrjinga er nokre blad borte, og handskriftet begynner i kap. 3 av landevernsbolken, som har 11 kapittel. Kong Håkon og kong Magnus sine rettarbøter manglar. Det same gjer epilogen. Tjuvebolken er rekna som den åttande bolken. Det har altså ikkje vore nokon eigen kristendomsbolke, og sidan byrjinga vantar, veit vi ikkje om han har vore inkorporert i tingfarebolken.

Etter landslova kjem det ei lang liste med forklaringar av ord som er brukte i lova, ordna etter bolke og kapittel.

Deretter kjem tre rettarbøter frå Håkon Håkonsson, andre enn dei som er ein del av landslova, ei rettarbot frå Eirik Magnusson og seks frå Håkon 5 Magnusson.

Ei rettarbot er frå dei norske kongane Magnus og Håkon, utferda i Oslo i niande styringsåret. Ho gjeld folk som har drive med hor, manndrap, falske eidar, falske vitnesbyrd eller andre ugjerningar. Dei to kongane er truleg Magnus Eriksson (1319-1374) og Håkon 6 Magnusson (1355-1380), og det niande året er då 1363-1364. Denne rettarbota ser ikkje ut til å vere trykt i NgL. Storm (1885:748) meiner at vi har å gjere med hertug Håkon Magnussons store rettarbot for Hedmark og Toten, utferda Hamar 1293, i det 14. året i hans tid som hertug. Denne identifikasjonen er uforståeleg.

Denne delen av handskriftet inneheld også det som blir kalla «Konning Magni Retteboed om Tiende, vdschreffuen aff denn gamle Cristenn Ret j Raadsens Laubogh j Bergenn», datert Tønsberg 1277. Dette stykket svarar til kap. 18-19 av erkebiskop Jons kristenrett, som gjeld tiend.

Etter stykket om tiend står Kristian 3s stadfesting av lova, datert København 1548. Han kallar lova Olav den heilages lov.

Både byrjinga og slutten av handskriftet er borte. Det same er innbindinga. Vi veit difor ingenting om historia til handskriftet, bortsett frå at det låg saman med Ms.4° 736 a, då dette blei gjeve til biblioteket.

Ms.4° 1392

Det er fleire hender i handskriftet, dei seinare er frå tida etter 1600. Landslova står fyrst. Ho har ny prolog, som viser tilbake til Olav den heilages lovarbeid. Kristendomsbolken er inkorporert i tingfarebolken. Credo-kapitlet manglar. Landevernsbolken har 22 kapittel. Kong Håkon og kong Magnus sine rettarbøter manglar. Det same gjer epilogen. Lova har såleis åtte bolkar. Ho er generelt formulert.

Etter landslova kjem 88 *Regulæ juris* i dansk omsetjing og ei rad rettarbøter, som ikkje er fullstendig kronologisk ordna. Mellom dei er rettarbøter frå Håkon Håkonsson og Magnus

Lagabøte, som delvis er like dei som er ein del av landslova. Håkon Håkonssons er stila til Eidsivating. Der er elles 27 rettarbøter, frå kong Eirik Magnussons tid til 1557.

Så kjem lista over saker der kongen og biskopen saman har rett til bøter og inndragingsgoods, og eit stykke om eidar og meineidar «De iuramento et significatione ejus».

Deretter kjem ein rad resessar og forordningar frå 1500-talet, som alle blir kalla rettarbøter. Mellom desse er resessen frå Truid Ulfstand og Claus Bille, Oslo 1539, og resessen frå Bjørn Andersen, Oslo 1578.

Etterpå står det eit oversyn over når det skal haldast lagting sønnafjells. Dette er truleg henta frå Kristian 4s norske lov av 1604, kap. 1 i tingfarebolken. Det er ukjent kva som er kjelda for dette kapitlet (Hallager og Brandt 1855:7).

Der er også eit oversyn over dei dagane som etter lova er «ij gredstadt», her har vi truleg ordet *griðastaðr*, brukt om den tida då det er høgare bøtesatsar for å krenkje den personlege tryggleiken.

Så følgjer formular for rådmannseiden, som også står i landslovhandskriftet Holm perg 34 4°, skrive med ei hand frå ca. 1400, jfr NgL 4, note 1.

Dernest kjem det rettarbøter som er tekne frå Jon Simonssøns lovbok, det gjeld herredagsresess i Oslo 1548. Jon Simonssøn (1512-1575) er nemnd som rådmann i Bergen 1544, frå 1546 var han lagmann på Agder. Han har skrive Thott 1273 fol., som inneheld dansk omsetjing av landslova.

Så følgjer rettarbot frå Kristian 2, datert 1514, formular for futeeiden, utarbeidd av Jørgen Lykke og andre i 1568 (Storm 1885:786 skriv feilaktig 1468), ein resess frå Jørgen Lykke, Bjørn Andersen og Kristoffer Valkendorf, Trondheim 1568, og tre rettarbøter frå kong Fredrik 2.

Deretter kjem stykke om utrekning av landskyld, om myntverdiar og om «Jorders affwoxter o.s.v.», delvis etter lovboka til Lasse (Laurits) Hansen, lagmann i Stavanger på 1500-talet.

Som siste del av det opphavlege handskriftet står Mathias Scavenius sin prolog til landslova, skriven til den kristelege lesar.

Resten av handskriftet er frå 1628, og inneheld rettarbøter frå kong Kristian 4, kong Erik Kristoffersons handfesting, forklaring på artiklar i lova og resessane, verdiberekning i skifte, gammal mynt i Danmark.

I resten av boka finst det notisar som Storm (1885:787) karakteriserer som «værdiløse theologiske Optegnelser».

Handskriftet er hefta inn i eit gult skinnbind. På frampermen står det Kristiansands Kathedralskole, og der hadde handskriftet signaturen E. 13 4°. På ein innklistra setel står det at det blei gjeve til Kristiansands skolebibliotek i 1775 frå I Schavland. Kanskje er det Jacob Schavland (1716-1788), prest i Mandal. Då Gustav Storm laga oversynet over lovhandskriftene

trykt i NgL 4 i 1885, låg handskriftet framleis i Kristiansand. Kristiansands katedralskole gav det til Universitetsbiblioteket i 1931. (Jfr. Witting 2020.)

Ms.8° 29

Handskriftet er skriva av tre skrivarar. Den fyrste har skriva landslova, og på fyrste sida finn vi årstalet 1603. Den andre har skriva det som blir kalla «christen retten», og i avslutninga står dateringa 13. august 1594, deretter kjem eit innhaldsregister. Den tredje har rundt 1600 skriva to blad med den norske kongerekka. Dei tre delane har truleg vore sjølvstendige, og seinare hefta saman.

Landslova har ein kort prolog, som viser tilbake til Olav den heilages lovarbeid. Den seier også at lovboka er delt i åtte «Bøger». Der er ingen Kristendomsbolke. Landevernsbolken er svært kortfatta, berre eitt blad. Håkon og Magnus sine avsluttande rettarbøter og epilogen manglar.

I prologen er lovtæksten omtalt som «Norgis laugbog korteligen Befattet. En kort summa offuer huer Bogs Capitel». Det er rettare å kalle denne tæksten eit samandrag enn ei omsetjing av landslova. Det ser vi også av at kapitla ikkje er fortløpande nummererte. Siste kapitlet i landsleigebolken har nummeret 63, men bolken inneheld berre 49 kapittel. I sjølv lovtæksten er det sett inn fleire rettarbøter, frå kongane Magnus, Håkon og Eirik, dronning Margrete, og det er vist til resessar frå Erik Rosenkrantz og Jørgen Lykke.

Etter landslova står det rettarbøter frå kongane Håkon og Eirik, dronning Margrete og kong Hans, og resessar frå Truid Ulfstand, Erik Rosenkrantz og Jørgen Lykke.

Den kristenretten som står i dansk omsetjing i andre delen av handskriftet, er den som er overlevert i den eldre Frostatingslova. Tæksten er trykt i NgL 4:31-50. Etter Trygve Knudsen (1959:660) er det versjonen i Ms.8° 29 som gjev den mest fullstendige tæksten for kristenretten i den eldre Frostatingslova. Og Hagland og Sandnes (1994:XL) meiner at den «ser ut til å ha tækstkritisk verdi». Den har 70 kapittel, som er fortløpande nummererte. Dei fleste handskriftene av denne kristenretten deler han i to, med 46 kapittel i den fyrste delen og 24 i den andre. Truleg skriv samlinga av dei to delane av kristenretten seg frå den kristenretten som erkebiskop Øystein Erlendsson (1161-1188) skal ha utarbeidd (jfr. Hagland og Sandnes 1994:X, XLI; Knudsen 1959:660-661).

Kap. 24 og 25 om helgedagar i dei andre handskriftene av denne kristenretten er slegne saman i eitt kapittel, nr. 25 i Ms.8° 29. Dette handskriftet deler opp kap. 35 i to kapittel. Dei har begge nr. 35, men neste kapittel har nr. 37. I innhaldsregisteret er kapittelnummera riktige. Det deler også kap. 41 i to kapittel, nr. 42 og 43.

I Frostatingslova gjeld kap. 45 i den fyrste delen jarnburd, dette er utelate i Ms.8° 29. I eit brev frå 1169 frå pave Alexander 3 til erkebiskop Øystein Erlendsson seier paven at jarnburd er i strid med kyrkjeretten og må avskaffast (jfr. RN nr. 129). Utelate er også kap. 8 i den andre delen, som gjeld forbod mot å gifte seg med nokon som ein er i religiøs slektskap med gjennom

dåp. Kap. 53 i kristenretten i Ms.8° 29 svarar til kap. 6 i den andre delen av kristenretten i Frostatingslova, men der er ein skilnad. I den fyrste er det forbod mot å liggje med mor eller dotter til kona si, eller med si eiga syster, i den andre gjeld forbodet morsyster eller dotter til kona.

Kristenretten i Ms.8° 29 har eit fyrste kapittel som manglar i kristenretten i Frostatingslova. Det inneheld den tronfølgjelova som blei vedteken i 1163/1164, og som står i kap. 2 i den eldre Gulatingslova. Slik den eldre Frostatingslova er overlevert, og utgjeven i NgL, manglar denne tronfølgjelova. Men det har vore blad borte i Codex Resenianus på denne staden, så tronfølgjelova kan ha stått der (sjå NgL 1:129, note 1 og NgL 1:130, note 5). Men heller ikkje dei andre mellomalderhandskriftene av kristenretten har hatt noka tronfølgjelov. I landslova står den nye tronfølgjelova av 1260 som del av kristendomsbolken. Det synest då klart at den eldre Frostatingslova, slik ho er overlevert, ikkje er eit resultat av Håkon Håkonssons arbeid med ei ny lov. Det som blir rekna som kong Håkons innleiing til lova, kan opphavleg ha vore ei større rettarbot om rettstryggleik. Sjå meir utførleg argumentasjon i Rindal og Spørck 2018.

Det siste bladet i handskriftet inneheld den norske kongerekke frå Harald Hårfagre til Kristoffer av Bayern i 1446.

Framfor kristenretten står det m.a.: «Denne bog er mig foræret Aff Suend Erichsøn D 4. 8bris 1676 Hendrich Hendrichsøn". Handskriftet har vore i handelsmannen Bernt Holms (1765–1829) eige, og blei kjøpt av Universitetsbiblioteket på auksjonen etter han i 1835. (Jfr. Witting 2020.)

Handskriftet er bunde inn i eit gammalt, gult skinnbind.

Ms.8° 71

Heile handskriftet er skriven av ein skrivjar i andre halvdel av 1500-talet. Landslova har ein ny prolog, som viser tilbake til Olav den heilages lovarbeid. I det innleiande registeret er det borte blad, frå kap. 28 i mannhelgebolken til kap. 11 i landsleigebolken. Kristendomsbolken er inkorporert i tingfarebolken. Credo-kapitlet manglar. Landevernsbolken har 11 kapittel. Kong Håkon og kong Magnus sine rettarbøter manglar. Det same gjer epilogen. Lova har såleis åtte bolkar. Ho er generelt formulert.

Etter landslova kjem ei rettarbot frå Håkon 5 Magnusson. Så kjem rettarbøter frå Magnus Lagabøte til alle Noregs menn, ei rettarbot frå kong Hans og ei frå dronning Margrete, som feilaktig er datert 1292. Til slutt kjem resessen frå Jørgen Lykke, Bjørn Andersen og Kristoffer Valkendorf, utferda i Bergen.

Handskriftet er bunde inn i eit nyare bind.

I 1818 kjøpte Ingvard Hansen Seland (d. 1858) handskriftet. Sonen hans, Andreas I. Seland, skolelærer i Hellesund, gav det til universitetet i 1861.

Ms.8° 296

Handskriftet er skrive av seks skrifvarar. Hovudhanda frå 1500-talet har skrive landslova og rettarbøtene, som utgjer den dominerande delen av handskriftet. Det har ein ny prolog, som viser tilbake til Olav den heilages lovarbeid. Kristendomsbolken er inkorporert i tingfarebolken. Credo-kapitlet manglar. Landevernsbolken har 11 kapittel.

Etter landslova står det forklaring av nokre norske uttrykk brukte i lova. Så kjem det ei rad rettarbøter, som ikkje er kronologisk ordna, frå Håkon Håkonsson til Kristian (seinare kong Kristian 2) 1508. Håkons rettarbøter er stila til folket i Eidsivatingslag, og er i hovudsak dei same som i landslova.

Deretter kjem slektstavla frå Magnus Måneskjold, og byrjinga av kong Hans si historie. Så kjem ei liste over dei norske kongane, frå Harald Hårfagre til Kristoffer av Bayern, konge 1442-1448. Etter tre linjer på nedertysk kjem 88 *Regulæ juris*, i dansk omsetjing. Deretter kjem lista over saker der kongen og biskopen saman har rett til bøter og inndragingsgods. Så følgjer eit innhaldsregister for landslova.

Etterpå kjem det ei rad rettarbøter, som ikkje er kronologisk ordna, frå Håkon Håkonsson til Kristian 2. Så følgjer liste over erkebiskopane i Nidaros 1328-1537, nokre notisar, liste over lensherrar i Trondheim 1537-1688, Nidaros' takmark (einemerke).

Ved handskriftet ligg det ei beskriving med innhaldsliste, som etter katalogen ved Nasjonalbiblioteket truleg er skriven av Wilhelm Munthe.

Handskriftet er bunde inn i brunt kalveskinn, med to spenner. På innsida av frampermen er det klistra inn ein lapp med namnet Olluf Bagger Hanssøn. Dette namnet står to stader til, ein gong med årstalet 1620. Ut frå innhaldet er det grunn til å tru at handskriftet har vore i Trondheim på 1600-talet. På 1800-talet tilhøyrdet det Slottsbiblioteket. Handskriftet blei saman med resten av slottet si boksamling gjeve til den norske stat ved unionsoppløysinga i 1905. Universitetsbiblioteket fekk lov til å velje ut delar av denne gåva. (Jfr. Witting 2020.)

Ms.8° 296 er naturleg nok ikkje nemnt i Storm 1885.

Ms.8° 3121

Heile handskriftet er skrive av éin skrifvar, og er frå ca. 1600. Det har ein ny prolog, som viser tilbake til Olav den heilages lovarbeid. Kristendomsbolken er inkorporert i tingfarebolken. Credo-kapitlet manglar. Landevernsbolken har 22 kapittel.

Etter landslova kjem det ei mengd rettarbøter frå Magnus Lagabøtes tid og til Fredrik 2 i 1583, ikkje fullstendig kronologisk ordna.

Så følgjer 88 *Regulæ juris*, i dansk omsetjing.

Deretter kjem lista over saker der kongen og biskopen saman har rett til bøter og inndragingsgods.

Til slutt står slektstavla frå Magnus Måneskjold, og eit stykke om då kong Hans blei krona (1483).

Handskriftet, som er innbunde i pergament, blei kjøpt i 1979 av dr. Trond Berg Eriksen, Universitetet i Oslo. Ved handskriftet ligg eit udatert notat av Agnete Loth, Det arnamagnæanske institutt, som inneheld eit oversyn over innhaldet.

Ms.8° 3121 er naturleg nok ikkje nemnt i Storm 1885.

[AM 318 fol.]

Dette er eit handskrift som er skriva i Marstrand i 1554 av Rasmus skrivar. Det inneheld ei omsetjing til dansk av landslova etter AM 31 8°, generelt formulert. Det inneheld også omsetjing av bylova (generelt formulert) og Farmannslova. Då Storm gav ut sin katalog i 1885, låg handskriftet i Christiania Universitetsbibliothek, med nummeret 3 fol. Men Storm (1885:709) skriv at det utan tvil er eit sakna handskrift frå Den arnamagnæanske samling i København, med katalogsignaturen AM 318 fol., og 318 står på ryggen. Kålund (1889:266) seier i sin katalog at handskriftet blei lånt ut til Christiania Universitetsbibliothek i 1816, og tilbakelevert i 1886. Det er ikkje opplyst noko om kvifor handskriftet har vore innlemma i Universitetsbiblioteket sine samlingar.

Andre handskrifter av norske mellomalderlover

Ms. fol. 87a

Dette er eit handskrift skriven av ein skrifvar ca. 1700. Jónas Kristjánsson (1967:23) meiner at det er skriven på Island. Det inneheld avskrifter av ei rad rettstekstar. Her blir berre dei viktigaste nemnde.

Kristenretten i den islandske lova frå fristatstida, *Grágás*. Dette er ei avskrift av handskriftet AM 334 fol., også kalla Staðarhólsbók, frå andre haldelen av 1200-talet. På ein gammal lapp i boksen på Nasjonalbiblioteket står det misvisande *Kristin rett nyia*. Denne kristenretten har mykje av det same innhaldet som dei eldste norske, men ser ut til å vere litt yngre (Kværness 1996:155-156).

Járnsíða, truleg skriven av etter AM 334 fol.

Biskop Arnes kristenrett (sjå meir under Ms.4° 1 om denne kristenretten). Han begynner med kapittel 8, som nokre andre handskrifter. Siste halvdel av kap. 41 manglar, som i nokre andre handskrifter. Teksten sluttar med kap. 42, som eitt anna handskrift. På slutten legg handskriftet til rettarbota frå kardinal Vilhelm av Sabina frå 1247 om lemping av kva ein kan gjere på helgedagar. På grunn av fattigdom i landet og dårleg klima er det på visse tider tillate å berge høy og korn, og å fiske.

Hirdskráa.

Eidsivatings eldre kristenrett, den lengre versjonen (sjå meir under Ms.4° 317 om denne kristenretten). Byrjinga er borte, teksten startar i kap. 11.

Rett etter kristenretten, på same sidan utan noko mellomrom, begynner landslova, med Landevernsbolken. Denne lova er mest sannsynleg skriven av etter AM 68 4°, frå fyrste halvdel av 1300-talet, som også set Eidsivatings eldre kristenrett inn mellom kristendomsbolken i landslova og landevernsbolken.

Saman med handskriftet er det lagt inn ein eigen konvolutt med seks blad frå *Jónsbók*.

Dette handskriftet skal vere identisk med nr. 101 i salskatalogen over overbibliotekar Bernhard Møllmanns (1702-78) samling.

Ms. fol. 87b

Dette er eit handskrift frå 1700-talet, skrive av mange skrivarar, dei fleste i København (Kristjánsson 1967:11). Det er ikkje nemnt i Storm 1885. Det inneheld avskrifter av ei rad rettstekstar. Her blir berre dei viktigaste nemnde.

Bjarkøyretten, same teksten som i AM 123 a 4° (trykt i NgL 1:305-315), som er Árni Magnússons avskrift av eit handskrift frå Haukadal på Island.

Den såkalla versjon 1 av Borgartings eldre kristenrett. Det er ei avskrift frå 1700-talet av AM 78 4°, eit handskrift frå fyrste halvdel av 1300-talet som også inneheld m.a. bylova.

Kristenretten er følgd av ei rettarbot frå Magnus, Noregs konge, om kjøpmenn i Bergen, avskrifta opplyser at førelegget er AM 138 4°, eit islandsk handskrift frå 1500-talet. Jónas Kristjánsson (1967:12) opplyser ikkje om denne rettarbota er trykt, og ho er ikkje å finne i NgL. Sidan Magnus er omtalt berre som konge av Noreg, er det truleg Magnus Lagabøte det er snakk om. I så fall er det uventa å finne ei uttrykt rettarbot frå han.

Den såkalla Gulatings nyare kristenrett. Han inneheld kap. 3, 9-27 og 30-32, og legg til eit kapittel om åger, som er henta frå erkebiskop Jons kristenrett, kap. 55. Han legg også til ei rettarbot frå kardinal Vilhelm av Sabina i norsk omsetjing. Ho er datert 17. august 1247 og gjeld to saker (sjå NgL 1:456-458 og RN 1 nr. 781). På grunn av vanskelege klimatiske forhold i Noreg skal folk ha lov til å berge høy, korn og grønsaker på helgedagar, og dessutan fiske sild. Rettarbota forbyd også biskopane å ta inntektene frå kyrkjer som står ledige. Også NKS 1642 4° (Codex Tunsbergensis) har den same versjonen av kristenretten, etterfølgt av kardinal Vilhelms rettarbot. Det er såleis all grunn til å tru at førelegget her er Codex Tunsbergensis, som er eit handskrift frå fyrste halvdel av 1300-talet som inneheld m.a. landslova. Denne versjonen av den såkalla Gulatings nyare kristenrett finst også ein annan stad i Ms.fol. 87b, med ein annan skrivar.

Kong Sverres kristenrett, som sluttar i kap. 29.

Eidsivatings eldre kristenrett, den kortare versjonen. Førelegget er truleg AM 58 4° (Kristjánsson 1967:19) frå ca. 1350 som også inneheld m.a. landslova.

Ms.fol. 104

Dette handskriftet er skrive av éin skrivar. Det inneheld avskrift av privilegium for Trondheim by frå Håkon 5 Magnussons tid til kong Fredrik 4, konge 1699-1730. Det eldste dokumentet er frå 16. oktober 1299, trykt i NgL 3 nr. 12. Det yngste er frå 21. mai 1700.

Handskriftet skal vere frå ca. 1730 – 1750, og blei etter katalogen ved NB kjøpt på auksjon etter krigskommissær Holm i 1835. Det er skrive av i Ms.fol. 292.

Ms.fol. 292

Dette handskriftet er ei seinare avskrift av Ms.fol. 104.

Ms.fol. 293

Dette handskriftet er skriven av éin skrifvar. Det inneheld avskrift av privilegium for Trondheim frå Håkon 5 Magnussons tid til kong Kristian 5, konge 1670-1699. Det eldste dokumentet er frå 16. oktober 1299, trykt i NgL 3 nr. 12. Det yngste er frå 29. august 1670. Fremst står eit register over alle 66 dokumenta.


Handskriftet er bunde inn med skinnrygg og marmorerte permar og band.

Ms.fol. 370

Dette handskriftet er skriven av 14 skrifvarar på byrjinga av 1600-talet (kanskje 1646, sjå Storm 1885:722). Det inneheld avskrifter av rettarbøter, herredagsdomar, resessar og liknande som særleg vedkjem Bergen. Det er i alt over 150 dokument, frå 1294 og til 1607. Etter Gustav Storm (1885:722) er handskriftet truleg skriven av skrifvarar hos lensherren i Bergen.

Handskriftet er innbunde i kvitt skinnbind med reimar. Det er ei gåve frå stud. jur. Jac. N. Mohn i 1857.

Ms.4° 41



Ms.4° 41, 11

Dette handskriftet er skriva med éi hand på 1700-talet. Det inneheld ei tilnærma nøyaktig avskrift, med forkortingar, av Codex Rantzovianus, som inneheld den eldre Gulatingslova. Det har same lakunen i kap. 150 som Codex Rantzovianus har.

Etter opplysningar i handskriftet blei det kjøpt 26. september 1786 (feil årstal i Storm 1885:727) av S. Thorarensen på auksjon etter magister H. Einarsen. Her er det snakk om amtmanden Stefán (feil fornamn i Storm 1885:727) Þórarinnsson og Hálfðan Einarsson, rektor på skolen i Hólar.

Handskriftet er bunde inn i kvitt skinnbind.

Ms.4° 309

Dette handskriftet er skriva av éin skrivar, rundt 1800. Det inneheld ei islandsk avskrift av Frostatings kristenrett i AM 60 4°. Skrivar er truleg Oddur Jónsson (Kristjánsson 1967:74-75). Han levde frå 1734-1814, hadde teologisk utdanning frå København, var interessert i historie og skreiv av gamle handskrifter. I byrjinga er det eitt blad med ei latinsk omsetjing av fyrste delen

av kap. 1. I margane er det ført inn variantar frå kong Sverres kristenrett og frå erkebiskop Jons kristenrett.

Kap. 20 i den andre delen i kristenretten er delt på to kapittel i Ms.4° 309, slik som i Codex Resenianus (sjå NgL 1:164, note 26). Overskriftene på kap. 23 og 24 (kap. 22 og 23 i utgåva i NgL) er også dei same som i Codex Resenianus (sjå NgL 1:155, note 1 og 18). Men overskrifta på kap. 17 er i samsvar med dei fleste handskriftene, og i strid med Codex Resenianus (sjå NgL 1:153, note 1). Og vi ser fleire eksempel på at overskriftene skifter mellom å følgje Codex Resenianus eller ikkje. Overskrifta på kap. 25 (kap. 24 i utgåva i NgL) er annleis enn i dei andre handskriftene. Ms.4° 309 kan også elles følgje Codex Resenianus i variantar (sjå f. eks. NgL 1:154, note 2 og 1:156, note 21), men kan også følgje dei andre handskriftene (sjå f. eks. NgL 1:137, note 1). Teksten i NgL er trykt etter AM 60 4°, og dei eksempla vi har sett ovanfor, tyder på at den som skreiv Ms.4° 309, må ha brukt fleire handskrifter. Variantane i margane, som er skrivne med same handa, peikar i same lei.

Handskriftet er kjøpt på auksjon etter Carsten Anker i 1823.

Ms.4° 339

Handskriftet er skriven av fleire hender, alle yngre enn 1500-talet, truleg frå 1700- og 1800-talet. På tittelbladet står «Den Norske Lov som kong Magnus gav Norges meenige Indbyggere Anno 1274». Hovuddelen av handskriftet inneheld attgjeving av landslova, rettarbøter og ymse notisar knytte til lova. Det blei overført frå diplomsamlinga ved Riksarkivet i 1847. Ms.4° 339 er ikkje nemnt i Storm 1885.

Ms.4° 507

Med nokre få tillegg er dette eit handskrift som er skriven av Morten Nilsson, byskrivar i Bergen 1588-1590, lagmann i Stavanger 1590-1601. Han har også skriven ein del av landslova i Holm perg 31 4° (Gulatings-redaksjonen), GKS 3262 4° (bylova), AM 97 4° (bylova i omsetjing) og Ms.fol. 5 (landslova i norrøn tekst og omsetjing).

Det fyrste bladet har eit stykke om julefred i byen, med overskrifta *Wm Jula Gridt*. Julefred er også nemnt seinare i kap. 1 i byordninga i bylova, men innhaldet er heilt annleis der.

Dernest kjem eit alfabetisk register over viktige artiklar i bylova og i rettarbøtene.

Så kjem bylova, med norrøn tekst i venstre spalte, og dansk omsetjing i høgre. Teksten byggjer truleg på bylova for Bergen, men er redigert til bruk i Stavanger. Kjøpebolken blir avslutta med innleiinga i eit kapittel om Stavangers takmark (einemerke), det er sett ope rom for sjølve teksten. Elles skriv handskriftet til vanleg *N.* for bynamnet.

Storm 1884:735 meiner at Ms.4° 507 er i slekt med, men ikkje identisk med, AM 322 fol., eit handskrift frå ca. 1320, som også inneheld landslova. I Ms.4° 507 manglar prologen og arvebolken. Av mannhelgebolken har handskriftet berre kap. 10, som er skote inn etter kap. 2 i byordninga. Også AM 322 fol. manglar prologen og arvebolken, og har med berre kap. 10 av mannhelgebolken, men dei set til dette kapitlet som siste kapittel i landevernsbolken. Ms.4° 507 flytter kap. 28 i kjøpebolken til slutten av byordninga. Også AM 322 fol. flytter dette kapitlet til byordninga, men til ein annan stad. Tjuvebolken har berre fem kapittel, deretter seier handskriftet at dei resterande kapitla er som i landslova. AM 322 fol. har berre fire kapittel i tjuvebolken. Rettarbøtene og epilogen manglar, som i dei fleste handskriftene av bylova, mellom dei AM 322 fol. Ms.4° 507 manglar farmannslova, som AM 322 fol. har.

Eksempla over syner at Ms.4° 507 ikkje byggjer berre på AM 322 fol. Det har såleis tekstkritisk verdi, og må vere med i grunnlaget for ei ny utgåve av bylova.

Det er innarbeidd fleire rettarbøter i bylovsteksten.

Etter bylova kjem 14 kapittel med reglar vedtekne i Stavanger på eit lagting i jula 1594.

Så kjem det korte stykke om rekneskap for byane sine inntekter, grunnleige, rådmannseid og byfutseid.

Deretter kjem det meir enn 60 rettarbøter, resessar o.l. Dei fem fyrste er frå Håkon Håkonsson, og er dei same som dei fem fyrste rettarbøtene på slutten av landslova, berre den sjette manglar. Elles spenner rettarbøtene i tid frå Magnus Lagabøte (det står berre kong Magnus i handskriftet) til 1590.

På frampermen står eit eigarmerke i form av eit elefanthovud, der snabelen ber ei krone med tre piler. Dette eigarmerket tilhøyrrer Bolle Willum Luxdorph, 1716-1788, dansk embetsmann og litterat. (Sjå vidare i Storm 1885:738.) Han hadde ei omfattande boksamling på ca. 15000 band, som blei seld på auksjon etter hans død. På baksida av det andre tilsette bladet stå det tre namn under kvarandre: Luxdorph, C. Anker og I. H. Debes. Handskriftet har altså også tilhøyrt Carsten Anker (1747-1824). Biblioteket kjøpte det 1855 på auksjon etter Debes, som truleg er høgsterettsassessor Jens Peter Gløersen Debes (det er i såfall usikkert kva initialen *H* står for) 1776-1832.

Handskriftet er bunde inn i eit brunt skinnbind frå 1700-talet.

Ms.4° 546

Dette handskriftet er skriven med éi hand på 1700-talet. Det inneheld ei islandsk avskrift av den eldre Gulatingslova. Handskriftet har same lakunen i kap. 150 som Codex Rantzovianus har, og har stort sett same teksten som det handskriftet. Men Ms.4° 546 har ofte forkortingar der Rantzovianus skriv ordet fullt ut. I margen har andre skrivarar ført inn fleire rettingar eller variantar, nokre gonger med referanse til *T*, andre gonger utan referanse. Truleg viser *T* til Codex Rantzovianus. Ei nyare hand har nokre gonger skriven *Mbr* rett etter *T*. Kanskje har

denne skrivaren samanlikna Ms.4° 546 med Rantzovianus, og kalla det sistnemnde *Mbr*, dvs. membran, pergamenthandskrift.

Mange av feila i Ms.4° 546 som er retta i margen, kan vere vanlege avskrivarfeil, som feilskrift, mistyding og utelatingar, m.a. overhopping frå eit ord til eit likelydande ord like etterpå. Men eit par eksempel viser at Ms.4° 546 ikkje kan vere avskrift av Rantzovianus. I Ms.4° 546 begynner kap. 6 slik: *Enn ver hafem sva mælt vit biskup varn at hann skal oss þíónustu veíta*. Rantzovianus har denne byrjinga: *Þat er nu því nest*. I margen i Ms.4° 546 står varianten frå Rantzovianus, utan referanse. I Ms.4° 546 er eit lengre stykke borte, frå slutten av kap. 58 til byrjinga av kap. 61. Dette bortfallet viser ikkje i Ms.4° 546, som har ein samanhangande og meiningsberande tekst. Det er ingenting i Rantzovianus som kan forklare denne overhoppinga. Ei nyare hand har skrive av den manglande teksten på eit blad som er limt i Ms.4° 546. Denne teksten følgjer Rantzovianus, men har forkortingar som Rantzovianus manglar.

Konklusjonen må vere at Ms.4° 546 er skrive av etter eit anna handskrift enn Codex Rantzovianus. Men dette handskriftet må ha stått Rantzovianus nær, for Ms.4° 546 og Rantzovianus har same lakunen, og teksten i dei to handskriftene følgjer i hovudsak kvarandre. Storm (1885:740) seier følgjande: «Afskrift (paa anden Haand) efter Cod. Rantzovianus.»

På fyrste bladet i handskriftet står det «R. Keyser 1827». Han har truleg fått tak i det på Island i 1826-1827. Det er usikkert om nokon av margnotisane er med hans hand, og det innlimte bladet er ikkje skrive av han. Keyser gav handskriftet som gáve til biblioteket i 1859.⁴

Ms.4° 695

Dette handskriftet er skrive av éin islandsk skrifvar, på slutten av 1600-talet eller i byrjinga av 1700-talet.

Hovuddelen av handskriftet inneheld Eidsivatings-redaksjonen av landslova, i ei avskrift av AM 68 4°, som er frå ca. 1300-1325. På same måten som i AM 68 4° skyt Ms.4° 695 den lengre versjonen av Eidsivatings eldre kristenrett inn mellom kristendomsbolken og landevernsbolken i landslova.

Etter landslova kjem mannhelgebolken i Bjarkøyretten. Det er i hovudsak same teksten som i AM 123 a 4° (trykt i NgL 1:305-315), som er Árni Magnússon's avskrift av eit handskrift frå Haukadal på Island. I Ms.4° 695 manglar kap. 25, og kap. 26 kjem etter kap. 27.

Deretter kjem eit lengre utdrag av Bjarkøyretten, som svarar til det som er trykt i NgL 4:75-97. Her er den «heilage» perioden for selværa tre veker før jonsok og seks veker før jul, som elles i Bjarkøyretten og den eldre Frostatingslova.

Handskriftet har tilhøyrt Benedikt Jónsson Gröndal (1762-1825), lagmann på Island. R. Keyser fekk tak i det på Island i 1826-1827, og gav det seinare til Universitetsbiblioteket, der det blei innlemma i samlinga 1880-1890 (Kristjánsson 1967:99).⁵

Handskriftet er innbunde i pappbind.

Ms.8° 66

Dette handskriftet er skrive av éin skrivar ca. 1750.

Fyrst kjem landslova, som skal vere skriven av etter AM 322 fol., eit handskrift frå ca. 1320. Dette er rett, for i prologen er AM 322 fol. det einaste handskriftet som flytter avsnittet om arv, bortgifting av kvinner osb. til slutten, og det same gjer Ms.8° 66.

Så kjem Oslos bylov, Oslos privilegium og fyrste delen av eit domsbrev frå 1348 frå erkebiskop Arne m. fl. (trykt i NgL 3:171-172, ikkje nemnt i NgL 1:749). Desse tekstane er skrivne av etter AM 305 fol., ei hand frå ca. 1450.

Deretter kjem Tønsbergs bylov, skriven av etter AM 307 fol., eit handskrift frå ca. 1350.

Til slutt kjem Bergens bylov og farmannslova, skrivne av etter AM 322 fol.

Etter notisar i handskriftet er det truleg skrive av den islandske filologen Eggert Ólafsson (1726-1768). R. Keyser fekk tak i det på Island i 1826-1827, og gav det til Universitetsbibliotheket i 1859.⁶ Storm (1885:749) seier følgjande om handskriftet: «Texten er helt igjennem corrigeret af Keyser efter Originalen.»

Handskriftet er innhefta i skinnbind.

R. Keyser og P. A. Munch sine avskrifter av lovhandskrifter

Innleiing

I band 1 av *Norges gamle Love* (1846) gjev innleiinga ein historikk for verket. I 1830 løyvde Stortinget ein sum for dei tre skatteåra 1830-1833 til arbeidet med å gje ut dei gamle norske lovene. Den departementsoppnemnde komitéen såg straks at denne summen ikkje ville strekke til. Dei tok kontakt med Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab i Trondheim, som gav tilsegn om ein årleg sum i fem år. Men Regjeringa meinte at den økonomiske ramma likevel var for trong for å kunne realisere komitéen sin plan, og arbeidet måtte vente. I 1833 vedtok Stortinget å be Regjeringa setje i gang arbeidet med dei summene som var stilte til disposisjon.

Ved kongeleg resolusjon 27. august 1834 blei det bestemt at lektor Rudolf Keyser og cand. jur. Peter Andreas Munch skulle dra til Danmark og Sverige, der dei gamle lovhandskriftene låg. I mai 1835 begynte dei arbeidet i København, ved Det Kongelige Bibliotek, Den arnamagnæanske samling og Gehejmearkivet. I april 1837 drog dei til Sverige, til Kungliga biblioteket i Stockholm og universitetsbiblioteka i Uppsala og i Lund. Kort tid etter at dei kom til Sverige, blei Munch utnemnd til lektor i historie ved universitetet i Christiania, og reiste dit i løpet av sommaren. Keyser fullførte arbeidet åleine, og kom tilbake til Christiania desember 1837. I 1839 kollasjonerte P. A. Munch Gunnerus, XA HA, Qv. 1 i Trondheim (Indrebø og Kolsrud 1924:26). Seinare kollasjonerte dei Ms.4° 1 og Deichman 11 8°.

Det arbeidet Keyser og Munch gjorde, var avskrivning og kollasjonering av handskriftene. Dei valde ut gode handskrifter som grunnlag, og skreiv variantar frå dei andre handskriftene som inneheldt same lovteksten. I avskrivninga gjengav dei bokstavinga i handskriftet, og dei markerer oppløyste forkortingar med kursiv. Dessverre har dei trykte utgåvene ikkje behalde kursiv for oppløyste forkortingar.

Keyser og Munch sine kollasjoneringar er oppbevarte ved Nasjonalbiblioteket (sjå nedanfor). Men kollasjoneringa av Deichman 11 8° finst ikkje der, og av Ms.4° 1 er berre fyrste delen kollasjonert.

Landskapslover og eldre kristenrettar

Ms.4° 681

Ms.4° 681 inneheld Rudolf Keyzers avskrifter av handskrifter som inneheld den eldre Gulatingslova. Det einaste komplette handskriftet, frå ca. 1250, ligg ved Det Kongelige Bibliotek i København og har signaturen E donatione variorum 137 4°. Det blir også kalla Codex Rantzovianus, etter grev Otto Rantzau (1632-1719).

Ms.4° 681 inneheld også avskrift av fire fragment av lova, samla i AM 315 fol. e og AM 315 fol. f. Dei er restar av to handskrifter, begge frå fyrste halvdel av 1200-talet. Der er òg avskrift av kristenretten i den eldre Gulatingslova, etter AM 309 fol., med ei hand frå ca. 1325.

Ms.4° 681 inneheld også ei avskrift av NKS 1633 4°, som er ei avskrift frå 1700-talet av ein del av AM 315 fol. f. Denne avskrifta fyller ut somme lakunar i AM 315 fol. f. Denne avskrifta er ikkje nemnd i Storm 1885:743.

I tillegg til avskriftene har Keyser laga beskrivingar av Codex Rantzovianus og dei aktuelle delane av AM 309 fol. og AM 315 fol. Han beskriv også handskriftene AM 306 fol., AM 308 fol. (utegløymt i Storm 1885:743), AM 66 4° og Thott 2083 4°, som alle er avskrifter frå rundt 1700 av Codex Rantzovianus.

Ms.4° 681 inneheld eigenleg tre handskrifter, med eigne pagineringar. Det fyrste er avskrifta av Codex Rantzovianus, det andre er avskrifter av dei andre tekstane, det tredje inneheld beskrivingar av handskriftene.

Ms.4° 681 ligg til grunn for den trykte utgåva av den eldre Gulatingslova i NgL 1:3-118. Beskrivinga av Codex Rantzovianus er trykt i Storm 1885:641-644.

Etter Gustav Storm (1885:743) er Ms.4° 681 skriven av Keyser i 1835. Det inneheld berre avskrifter av handskrifter i København. Der var Keyser frå mai 1835 til april 1837. Noka nærmare datering kan ikkje gjevast.

På innsida av frampermen står datoen 24.11.82. Truleg er dette skriven i samband med at biblioteket har bunde inn handskriftet, som då har skjedd i 1882.

Ms.4° 682

Ms.4° 682 inneheld eigenleg seks handskrifter, med eigne pagineringar, med avskrifter av handskrifter av den eldre Frostatingslova, *Járnsíða* og Bjarkøyretten: 1. AM 312 fol., som er Árni Magnússons avskrift av Codex Resenianus, med variantar frå andre avskrifter av Codex Resenianus. 2. Frostatings kristenrett i AM 322 fol., med variantar frå AM 60 4°, AM 315 fol. g, AM 315 fol. k og Holm perg 35 4°. 3. Hákonarbók eller *Járnsíða* etter AM 334 fol. 4. Bjarkøyretten etter Árni Magnússons avskrift i AM 123 a 4°. 5. Bjarkøyretten etter Árni Magnússons avskrift i AM 123 d 4°, som er avskrift av AM 123 c 4° frå ca. 1600, her er det variantar frå AM 123 b 4° og AM 123 c 4°. 6. Bjarkøyretten etter fragmentet AM 315 fol. g frå 1200-talet, dessutan Árni Magnússons merknader om AM 123 a-d 4° og beskriving av AM 315 g fol.

Gustav Storm (1885:744) opplyser feilaktig at Ms.4° 682 også inneheld avskrift av GKS 1155 a fol., som har ei avskrift frå ca. 1700 av Codex Resenianus. GKS 1155 a fol. er brukt som varianthandskrift i Ms.4° 682, endå om oversynet over innhaldet tyder på noko anna.

Den eldre Frostatingslova er utgjeven i NgL 1:121-258. Der er kristenretten utgjeven etter AM 60 4°, endå om Ms.4° 682 bruker AM 322 fol. som grunnlag. Denne utgåva byggjer på avskrifter av AM 60 4° med kollasjoner i Ms.4° 683. Hákonarbók eller *Járnsíða* er utgjeven som tillegg til Frostatingslova i NgL 1:259-300, der kalla Hákonarbók. Bjarkøyretten er utgjeven i NgL 1:303-336.

Etter Gustav Storm (1885:744) er Ms.4° 682 skriven av Munch (nr. 1 og 2) og Keyser (nr. 3-6) i åra 1835-1836. Det inneheld avskrifter av handskrifter i København, men også av eitt handskrift i Stockholm. Det er difor grunn til å tru at arbeidet blei avslutta fyrst i 1837.

Ms.4° 683

Ms.4° 683 inneheld eigenleg ni handskrifter, med eigne pagineringar, alle med avskrifter av handskrifter av eldre kristenrettar: 1. Frostatings etter AM 60 4°, med variantar. 2. Borgartings (kalla Vikens i Ms.4° 683) etter AM 78 4°, med variantar frå NKS 1642 4° (Codex Tunsbergensis) og eitt blad i AM 68 4°. 3. Borgartings etter NKS 1642 4° (Codex Tunsbergensis). 4. Borgartings etter AM 31 8°. 5. Borgartings etter bladet i AM 68 4°. 6. Borgartings etter Holm perg 28 4°. 7. Eidsivatings etter AM 68 4°, med variantar frå Ms.4° 317. 8. Eidsivatings etter AM 58 4°, med variantar frå AM 77 c 4°. 9. Den såkalla kong Sverres kristenrett etter AM 78 4°.


Borgartings eldre kristenrett er utgjeven i NgL 1:339-372. Eidsivatings eldre kristenrett er utgjeven i NgL 1:375-406. Kong Sverres kristenrett er utgjeven i NgL 1:409-434.

Bakarst i Ms.4° 683 er det limt inn eit ark med avskrift av Árni Magnússons beskriving av AM 77 c 4°, som er trykt i Storm 1885:567-568.

Etter Gustav Storm (1885:744) er Ms.4° 683 skriven av Keyser i 1835, med variantar til nr. 1 og 2 av Munch. Med to unntak inneheld det avskrifter av handskrifter i København. Men der er også avskrift av eit handskrift i Stockholm, og av Ms.4° 317, som inntil 1844 tilhørde kammerherre Bernhard Rosenblad i Stockholm. Det er difor grunn til å tru at arbeidet blei avslutta fyrst i 1837.

Landslova

Ms.4° 684



Ms.4° 684, 18-19

Dette handskriftet inneheld avskrift av AM 60 4°, med variantar frå AM 322 fol. og AM 304 fol. Alle tre handskriftene er skrivne av same skrivaren ca. 1320, og inneheld Gulatingsredaksjonen av landslova. Avskrifta med variantar er utført av Keyser. Under teksten har Munch ført inn variantar frå Ms.4° 685-688, til og med fyrste tredjedelen av kap. 8 i landsleigebolken. Dette er eit fullstendig variantapparat bygt på det som då var kjende handskrifter. Men i den trykte utgåva er berre dei viktigaste variantane tekne med, slik at meir enn halvparten av Munchs variantar er utelatne. Dette er markert med overstreking av notenummeret. Frå kap. 8 i landsleigebolken er det sett inn notenummer til ord i teksten, men den aktuelle varianten måtte hentast frå Ms.4° 685-688. Dette er eit så krevjande arbeid at det må ha vore nokon med fagkompetanse som har utført det. Men vi veit ikkje kven det er. I margane er det sett inn tal som svarar til sidetala i den trykte utgåva. I margen står også, delvis med raudt, dei opplysningane som står i den trykte utgåva mellom hovudteksten og variantane. Det synest opplagt at Ms.4° 684 har stått sentralt ved trykkinga av landslova.

Truleg er Ms.4° 684 det fyrste Keyser og Munch tok fatt på, og alle tre handskriftene ligg i København. Arbeidet med desse blei så fall utført i 1835, Storm (1885:744) seier 1835-1836.

Munchs innføring av variantar frå Ms.4° 685-688 begynte truleg i 1839. I eit brev av 15. juni 1839 til kommisjonen for NgL skriv han at han om våren begynte på dette arbeidet, «som i Virkeligheden er langt møisommeligere, end jeg havde forestillet mig det» (Indrebø og Kolsrud 1924:26-27). Han skriv vidare at han med 6-8 timars dagleg arbeid ikkje greidde meir enn eit par sider i Thorkelins utgåve (dvs. den arnamagnæanske utgåva frå 1817). Han var då komen eit stykke ut i kristendomsbolken. I brev av 15. september 1839 (Indrebø og Kolsrud 1924:30) er han komen til dei fire fyrste kapitla i mannhelgebolken. I brev av 17. mars 1840 (Indrebø og Kolsrud 1924:37) er han ferdig med mannhelgebolken. Vi veit ikkje når han førte inn variantar frå arvebolken til kap. 8 i landsleigebolken.

Landslova er utgjeven i NgL 2:7-178.

Ms.4° 685

Dette handskriftet inneheld avskrift av GKS 1154 fol., med variantar frå 14 andre handskrifter og eitt fragmentert handskrift, som alle inneheld Gulatings-redaksjonen av landslova. Fyrst i varianttrekkjefølgja kjem handskrifter frå Danmark, så kjem handskrifter frå Sverige og til slutt Ms.4° 1, som blir kalla T. Vi veit ikkje når variantane frå T blei førte inn, og det ser ut til at dei sluttar i kap. 3 i mannhelgebolken, med eit par tillegg i kap. 4. Men i Ms.4° 684 er det variantar frå T i heile den delen av landslova som har eit fullstendig variantapparat, dvs. til og med fyrste tredjedelen av kap. 8 i landsleigebolken.

Etter Gustav Storm (1885:744) er Ms.4° 685 skriven av Keyser i 1836. Der er avskrifter av fleire handskrifter i svenske samlingar, så det er rimeleg å tru at arbeidet blei avslutta i 1837.

Ms.4° 686

Dette handskriftet inneheld avskrift av NKS 1642 4° (Codex Tunsbergensis), med variantar frå ti andre handskrifter og eitt fragmentert handskrift, som alle inneheld Borgartings-redaksjonen av landslova. Fyrst i varianttrekkjefølgja kjem handskrifter frå Danmark, så kjem handskrifter frå Sverige.

Etter Gustav Storm (1885:745) er Ms.4° 686 skriven av Keyser i 1836. Der er avskrifter av fleire handskrifter i svenske samlingar, så det er rimeleg å tru at arbeidet blei avslutta i 1837.

Ms.4° 687

Dette handskriftet inneheld avskrift av AM 309 fol., med variantar frå fem andre handskrifter, som alle inneheld Eidsivatings-redaksjonen av landslova. Fyrst i varianttrekkjefølgja kjem handskrifter frå Danmark, så kjem handskrifter frå Sverige, og til slutt kjem eit handskrift i Trondheim (Gunnerus, XA HA, Qv. 1). Eitt av handskriftene i Sverige tilhørde då kammerherre Bernhard Rosenblad i Stockholm. Det blei kjøpt av det norske universitetsbiblioteket i 1844, og fekk signaturen Ms.4° 317.

Etter Gustav Storm (1885:745) er Ms.4° 687 skriven av Munch i 1846. Der er avskrifter av fleire handskrifter i svenske samlingar, så det er rimeleg å tru at arbeidet med handskrifter i utanlandske samlingar blei avslutta i 1837. Truleg er 1846 trykkfeil for 1836. Gunnerus, XA HA, Qv. 1 i Trondheim blei kollasjonert av Munch i 1839 (Indrebø og Kolsrud 1924:26).

Ms.4° 688

Dette handskriftet inneheld avskrift av AM 69 4°, med variantar frå fem andre handskrifter, som alle inneheld Frostatings-redaksjonen av landslova. Fyrst i varianttrekkjefølgja kjem handskrifter frå Danmark, så kjem handskrifter frå Sverige.

Etter Gustav Storm (1885:745) er Ms.4° 688 skriven av Munch i 1836. Der er avskrifter av fleire handskrifter i svenske samlingar, så det er rimeleg å tru at arbeidet blei avslutta før Munch drog heim til Noreg sommaren 1837.

Bylova

Ms.4° 689

Dette handskriftet inneheld eigenleg sju handskrifter, med egne pagineringar, alle med avskrifter av handskrifter av bylova. 1. Bergens bylov etter AM 323 fol., med variantar frå 18 andre handskrifter. 2. Bergens bylov etter AM 60 4°, med med variantar frå AM 322 fol. og AM 304 fol., skrivne av same skrivaren. 3. Farmannslova etter AM 322 fol., med variantar frå AM 60 4° og AM 304 fol., skrivne av same skrivaren. 4. Oslos bylov etter AM 309 fol., med variantar frå eitt anna handskrift. 5. Tønsbergs bylov etter NKS 1642 4° (Codex Tunsbergensis), med variantar frå eitt anna handskrift. 6. Nidaros bylov etter GKS 3262 4°, med variantar frå eitt anna handskrift. 7. Ei generell bylov etter AM 31 8°.

Etter Gustav Storm (1885:745) er Ms.4° 689 skriven av Keyser (nr. 1, 2 og 4-7) og Munch (nr. 3) i 1834-1836. Der er avskrifter av fleire handskrifter frå Sverige, så arbeidet blei vel utført i perioden 1835-1837.

Bylova er trykt i NgL 2:185-288.

Nyare kristenrettar

Ms.4° 690

Dette handskriftet inneheld eigenleg 13 handskrifter, med egne pagineringar, alle med avskrifter av handskrifter av nyare kristenrettar: 1. Borgartings etter GKS 3261 4°, med variantar frå Gunnerus, XA HA, Qv. 1 (Keyser 1885:745 nemner ikkje variantane). 2. Norsk kristenrett (Gulatings) etter Holm perg 29 4°, med variantar frå sju (Keyser 1885:745 seier seks) handskrifter. 3. Referansar til stykke a og b i NgL 2:336-337, dessutan avskrift av to stykke frå Holm perg 29 4° og Holm perg 34 4°, trykte i NgL 2:338 (punkt 3 er ikkje nemnt i Storm 1885:745). 4. Kong Magnus sin kristenrett etter AM 62 4°, med variantar frå seks handskrifter og eitt fragment. 5. Kong Magnus sin kristenrett etter AM 60 4°, med variantar frå Codex Tunsbergensis og AM 62 4°. 6. Tillegg til kong Magnus sin kristenrett etter Codex Tunsbergensis, med variantar frå fire handskrifter. 7. Tillegg til kristenretten etter GKS 3260 4°, med variantar frå tre handskrifter. 8. Tillegg til kristenretten etter Codex Tunsbergensis,

med variantar frå to handskrifter. 9. Erkebiskop Jons kristenrett etter AM 65 4°, med variantar frå fem handskrifter. 10. Norsk kristenrett etter AM 77 b 4°. 11. Kristenretten etter AM 313 fol. 12. Innholdsregisteret i Holm perg 35 4° (kalla utdrag i Storm 1885:745). 13. Erkebiskop Jons kristenrett etter Gunnerus, XA HA, Qv. 1.

Vi ser her at Keyser i dei fleste tilfella ikkje tek stilling til kva lagdøme kristenretten var laga for. Og i ein parentes til overskrifta på nr. 2 ser det ut til at han skil mellom Gulatings nyare kristenrett og kong Magnus sin kristenrett.

Etter Gustav Storm (1885:745) er Ms.4° 690 skriva av Keyser (nr. 1-10 og 12) og Munch (nr. 11 og 13) i 1835-1836. Der er avskrifter av fleire handskrifter frå Sverige, så hovudarbeidet blei vel utført i perioden 1835-1837. Avskrifta i nr. 13 er gjort i 1839 (Indrebø og Kolsrud 1924:26).

Dei nyare kristenrettane er utgjevne i NgL 2:293-386 og NgL 4:160-182.

Ei forsvunnen avskrift

Etter Storm (1885:746) skal fyrste delen av Ms.4° 691 A innehalde Keyser og Munch sine avskrifter av tre handskrifter av hirdskråa, og andre delen avskrifter av rettarbøter. I Nasjonalbiblioteket sin katalog er berre rettarbøtene nemnde. No viser det seg at dette handskriftet er forsvunne, dvs i.p.p. (ikkje på plass). I biblioteket si liste over materiale som er i.p.p. står det «1946 iflg. eldre lakune-liste».⁷

Men det må ha funnest andre avskrifter av hirdskråa enn dei som er nemnde av Storm her, i alt tre, for i utgåva i NgL 2:389-450 er det vist til i alt 16 handskrifter og fragment.

Gustav Storms notat i Ms.4° 1081

Ms.4° 1081 a-h inneheld åtte hefte med notat og avskrifter frå Gustav Storm, som gav ut band 4 av NgL i 1885. Det hadde då gått 36 år sidan band 3 kom ut. I mellomtida hadde R. Keyser trekt seg frå arbeidet i 1862, og P. A. Munch døydde i 1863. I 1881 overtok Gustav Storm arbeidet med band 4, som etter planen skulle innehalde ei beskriving av dei handskriftene som var brukte i NgL. Under opphaldet i Danmark og Sverige 1835-1837 hadde Keyser og Munch laga ei kortfatta beskriving av dei handskriftene dei hadde studert (Ms.8° 1626), men arbeidet hadde blitt lagt til side. Sjølv hadde Storm i 1879 gjeve ut det vesle arbeidet *Om Haandskrifter og Oversættelser af Magnus Lagabøters Love*.

Gustav Storm oppheldt seg vinteren 1881-1882 i København. Han sat på Det Kongelige Bibliotek, og fekk lånt dit handskrifter både frå Den arnamagnæanske samling og frå svenske samlingar. Seinare fekk han lånt inn lovhandskrifter både frå danske og svenske samlingar til Riksarkivet i Oslo. Våren 1883 var han ei kort tid i Lund, Stockholm og Uppsala, og hausten same året var han i dei offentlege biblioteka i Trondheim og i Bergen. Og seint på hausten 1882 kunne dei begynne trykkinga av band 4 av NgL. Der er det beskriving av i alt 426 handskrifter.

Hefte a inneheld beskriving av nokre arnamagnæanske handskrifter. Denne er hefta saman med eit kort oversyn over somme verk frå den norrøne litteraturen.

Hefte b inneheld beskriving av handskrifter ved Universitetsbiblioteket og Deichmanske bibliotek i Oslo og ved biblioteket ved museet i Bergen. Denne er hefta saman med latinske notat frå Thomas Bartholins samlingar.

Hefte c inneheld avskrift av ein liten del av AM 94 4°. Dette er eit handskrift frå ca. 1600, som inneheld avskrift av landslova i AM. 322 fol., og omsetjing til dansk.

Hefte d inneheld ymse notat om handskrifter ved Det Kongelige Bibliotek i København.

Hefte e inneheld lagmannslistar m.m.

Hefte f inneheld ymse notat om handskrifter i Den arnamagnæanske samling i København.

Hefte g inneheld m.a. avskrift av to fragment i Riksarkivet i Oslo. Avskrifta av NRA 4 ser ut til å vere grunnlaget for fyrste delen av utgåva i NgL 4:138-140. Der er også overskrifta på ei avskrift av NRA 5, men deretter fleire sider skorpe bort, så vi kan ikkje sjå om dette er manuskriptet til utgåva i NgL 4:145-149. Der er i tillegg ymse notat og avskrifter av lovtekstar.

Hefte h inneheld ymse notat om handskrifter i svenske samlingar.

Med eit lite unntak i hefte g ser det ikkje ut til Ms.4° 1081 a-h inneheld noko manuskript til det som er trykt i NgL 4.

Ms.4° 1 inneheld den eldste norskspråklege bok i norske samlingar

Dei eldste tekstane vi har med norsk språk, er runeinnskrifter frå ca. 700 av. Dette er berre kortare tekstar, hogne inn på stein eller skorne inn i tre eller bein. Men Danmark har ei heil bok på 101 blad skriven med runer ca. 1300, den såkalla *Codex Runicus*, som inneheld Skånske lov.

På 1000-talet kom det latinske alfabetet til Noreg saman med kristendomen. Tekstane blei no skrivne på pergament, laga av kalveskinn, med fjørpenn, helst av gås, og blekk laga av eikegalleple og jernsulfat. Og det blei laga bøker. Eg definerer her *bok* som ei samling av blad med skrift på som er bundne saman i ein kant, med eit stivare omslag. Det er semje om at det blei skriva norskspråklege tekstar med det latinske alfabetet i løpet av 1000-talet. Dei fleste meiner at dette begynte i siste halvdel av hundreåret. Sjølv har eg argumentert for at nedskrivinga av dei norske lovene begynte i fyrste halvdel av 1000-talet, og i nokre kongesoger er det vist til lovbøker frå 1000-talet (Rindal 2004:108-110).

På 1000-talet får vi nok også dei fyrste norskproduserte bøkene. Det er ikkje bevart noko av dei, men dei har truleg vore skrivne både på latin og på gammalnorsk. Latinen har nok stått sterkast, noko vi også ser av at *bókmál* er brukt om latin. Ordet *bók* finn vi fleire gonger i norrøne tekstar, f. eks. om handskrifter av landslova.

Dei eldste bevarte norskspråklege tekstane vi har, er fragment av forteljingar om helgenar frå ca. 1150. Den eldste norskspråklege boka som er bevart, er *Gammalnorsk homiliebok* frå ca. 1200. Dette er ei samling av preiker, bevart i handskriftet AM 619 4°, som ligg ved Den arnamagnæanske samling i København.

Den eldste boka som er bevart i Noreg, er det såkalla Kvikne-psalteriet, Ms.8° 102, som inneheld salmar frå Bibelen. Ho er frå siste halvdel av 1100-talet, og er skriven på latin. Kanskje er det dette psalteriet, og ikkje *Gammalnorsk homiliebok*, som er eldste bevarte bok produsert i Noreg.

Som kjent har dei fleste norske handskriftene, eller bøkene, frå mellomalderen gått tapt. Dei som har overlevd, ligg nesten alle i dag i samlingar i Sverige og Danmark.

I norske samlingar finst det i dag berre få norskspråklege handskrifter frå mellomalderen. Riksarkivet har nokre jordebøker og Gunnerusbiblioteket i Trondheim har eit handskrift av landslova. Dei to einaste handskriftene som inneheld delar som er eldre enn ca. 1350, ligg begge ved Nasjonalbiblioteket, Ms.4° 1 og Ms.4° 317. Av desse er Ms.4° 1 eldst, etter mi vurdering frå byrjinga av 1300-talet.

Dette gjer at lovhandskriftet Ms.4° 1 inneheld den eldste norskspråklege boka som er bevart i norske samlingar.

Codex Hardenbergianus på utstilling i Nasjonalbiblioteket

Den 2. august 2018 kom Codex Hardenbergianus tilbake på utlån til Noreg etter ca. 450 år i København.

Codex Hardenbergianus, GKS 1154 fol., er eitt av 39 mellomalderhandskrifter som inneheld Magnus Lagabøtes landslov. Men Hardenbergianus er vakrare enn alle dei andre. Vi kjenner berre to illustrerte handskrifter frå norsk mellomalder. Det eine er LundUB Mh 15, som også inneheld landslova, men illustrasjonane der er ikkje av same kvaliteten som i Hardenbergianus.

I omtale av mellomalderhandskrifter bruker ein også termen *illuminasjon*, med same tydinga som *illustrasjon*. Både *illustrere* og *illuminere* tyder opphavleg «opplyse», seinare «pryde med fargar». *Illuminere*, latin *illuminare*, er avleidd av latin *lumen*, som tyder «lys». *Illustrere*, latin *illustrare*, er avleidd av latin *lux*, som også tyder «lys». Vi kan også finne også termen *miniatyr* om ein bokillustrasjon i mellomalderen. Ordet heng saman med latin *minium* («mønje, sinober»), som blei brukt om raud farge. Seinare kunne miniatyrane også ha andre fargar.

Det er diskutert om den som skreiv Hardenbergianus, var islending eller nordmann. Men det er semje om at handskriftet har blitt til i Bergen ca. 1350. (Jfr. Rindal 1983 og Karlsson 1987.) Knut Berg, som har studert illuminasjonane, meiner at dei er norske, og i slekt med illuminasjonar i engelske handskrifter frå 1200- og 1300-talet. Han dreg også parallellar til dei måla frontalane frå norsk mellomalder. (Jfr. Berg 1983.) Det har seinare blitt hevda at kunstnaren bak illuminasjonane er ein islending, som også har illuminert islandske lovhandskrifter. Men den siste som har behandla spørsmålet, Lena Liepe (2009:141-142), meiner at det ikkje er same kunstnaren, men at begge står i den same ikonografiske tradisjonen.

Codex Hardenbergianus er eineståande også ved namnet sitt. Mange handskrifter har fått namn etter menn (f. eks. Milzovianus, Rantzovianus, Resenianus), men dette har fått namnet sitt etter ei kvinne, Helvig Hardenberg. Ho blei fødd i 1540 som dotter til lensherren Jacob Eriksen Hardenberg til Arreskov på Fyn. I 1558 blei ho gift med Erik Ottesen Rosenkrantz (f. 1519), som var lensherre på Bergenhus 1560-1568, og fekk fullført Rosenkrantzårnet. I 1568 vende paret tilbake til Danmark, der Rosenkrantz var stiftslensmann i Odense til sin død i 1575, og dei åtte Arreskov gods. Helvig døydde i 1599 i Odense.

Codex Hardenbergianus inneheld m.a. Gulatings-redaksjonen av landslova, og har blitt til i Bergen. Lensherren på Bergenhus har truleg gjeve denne praktfulle boka som gåve til den unge kona si. Ho har tre gonger skrive namnet sitt i margin i handskriftet. Gustav Storm (1885:390)

karakteriserer skrifta som «En styg Haand», men det er ei vanleg skriftform frå 1500-talet. Dei tre notisane seier at Helvig Hardenberg eig boka, og at ho har skriva eigarnotisen med eiga hand. På framsida av fyrste bladet skriv same handa «denne bog hører meg». Truleg har Helvig teke med seg handskriftet til Danmark då ekteparet drog dit i 1568. Så veit vi ikkje meir om det før vi finn det nemnt i ein katalog frå 1663-1670 over handskrifter ved Det Kongelige Bibliotek i København. Truleg har det kome dit frå medlemmer av Rosenkrantz-familien.

Helvig Hardenbergs namn er også knytt til handskriftet AM 309 fol., som m.a. inneheld Eidsivating-redaksjonen av landslova. Også i dette handskriftet har ho skriva at boka tilhøyrer Helvig Hardenberg. Ein annan stad står Erik Rosenkrantz sitt namn, og våpna til Rosenkrantz og Hardenberg.

Med mange av dei norske handskriftene frå mellomalderen gjekk det som med dei islandske, dei vandra til utanlandske samlingar. Dei fleste ligg i dag ved Den arnamagnæanske samling og Det Kongelige Bibliotek i København og ved Kungliga biblioteket i Stockholm.

Men vi skal vere glade for at historisk interesserte svenske og danske stormenn tok vare på desse handskriftene, som seinare tok vegen til bibliotek og samlingar. Med nokre få unntak leid dei som blei verande att i Noreg, ein ublid lagnad. Handskriftene var laga av skinn, og dei kunne difor brukast om att, til innlegg i bispelue, til å lappe klede, til mønster for kleplagg eller til å sy på. Mange handskrifter blei skorpe opp og brukte i innbindingar av lensrekneskap på 1600-talet. På Riksarkivet ligg det fragment av 46 handskrifter av landslova, og av fleire andre norrøne tekstar.

Grunnen til at handskriftene blei behandla på denne måten, var i hovudsak at folket ikkje lenger forstod det gammalnorske språket som dei var skrivne på. Og mange av dei var handskrifter av landslova, som blei overflødige då Kristian 4s norske lov kom i trykt form i 1604.

Avslutning

Dette arbeidet har hatt som mål å beskrive alle dei handskriftene Nasjonalbiblioteket har som inneheld norske mellomalderlover. Utgangspunktet har vore Gustav Storms (1885) handskriftbeskrivingar i band 4 av *Norges gamle Love indtil 1387* og katalogen ved Nasjonalbiblioteket.

Det er funne fem handskrifter som ikkje er med i Storm 1885, to av dei er komne til Nasjonalbiblioteket etter 1885. Viktigast av dei er fragmentet Ms.8° 2037, som inneheld delar av landslova. Dette fragmentet er ikkje brukt i utgåva i NgL 2.

Det viser seg at Nasjonalbiblioteket har avskrifter av alle dei norske mellomalderlovene, med unntak av den eldre Frostatingslova (utanom kristenretten). Det er særleg fire av dei som burde granskast nærmare.

Det eine er Ms.4° 546, som inneheld ei avskrift av den eldre Gulatingslova, men truleg ikkje etter det einaste bevarte mellomalderhandskriftet, Codex Rantzovianus.

Det andre er Ms.8° 29, som inneheld ei dansk omsetjing av Frostatings kristenrett, med tekstkritisk verdi.

Det tredje er Ms.4° 591, som inneheld dansk omsetjing av den såkalla Gulatings nyare kristenrett. Omsetjinga skal byggje på eit tapt handskrift.

Dessutan bør ein granske Ms.4° 377 nærmare. Dette er ei omsetjing til dansk av Gulatingsredaksjonen av landslova. Etter Storm 1885:734 skal ho byggje på eit tapt handskrift. Utgåva av landslova i Rindal og Spørck 2018 byggjer på alle kjende handskrifter med norrøn tekst, som ikkje er avskrifter av andre kjende handskrifter. Det digre materialet av handskrifter (i alt 131) med omsetjing til dansk er det ikkje gjort noko med. Ei gransking av Ms.4° 377 kunne vere eit fyrste spadestikk.

Ms.4° 507 har ei omsetjing av bylova som ikkje åleine byggjer på eit kjent handskrift. Såleis har det tekstkritisk verdi, og må vere med i grunnlaget for ei ny utgåve av bylova.

Nasjonalbiblioteket har også dei avskriftene og kollasjoningane som R. Keyser og P. A. Munch gjorde som grunnlag for utgjevinga av NgL. Dessverre er det ikkje råd å finne att Ms.4° 691 A, som skal innehalde hirdskråa og rettarbøter.

Dei to viktigaste lovhandskriftene Nasjonalbiblioteket har, er utan tvil Ms.4° 1 og Ms.4° 317, som begge inneheld m.a. Magnus Lagabøtes landslov i avskrifter frå fyrste halvdel av 1300-talet. Utanom desse to finst det i Noreg berre eitt landslovhandskrift frå mellomalderen. Det ligg i Trondheim, og er litt yngre.

Ms.4° 1 inneheld Gulatings-redaksjonen av landslova. Denne delen har vore rekna for å vere islandsk, men eg har i dette arbeidet argumentert for at den er norsk, truleg skriven i Bergen rundt 1300 eller tidleg på 1300-talet.

Etter mitt syn inneheld Ms.4° 1 den eldste norskspråklege boka som finst i norske samlingar i dag.

Rettarbøtene i Ms.4° 1 merkjer seg ut ved å vere lite brukte i NgL, og i fleire tilfelle er dei stila til Steigartingslag på Hålogaland. Ingen andre handskrifter nemner dette lagdømet, som blei etablert rundt 1300.

Ms.4° 317 inneheld Eidsivating-redaksjonen av landslova, og dei kristenrettane som er aktuelle for det området. Handskriftet er truleg skriven i Oslo, men seinare brukt på Hamar. Erik Gunnes har kalla handskriftet «Hamar bispestols lovbook» (sjå RN 1 nr. 1009).

Nasjonalbiblioteket har ei rad handskrifter med dansk omsetjing av landslova. Utanom Den arnamagnæanske samling i København har ingen så mange handskrifter, i alt 25.

Litteraturliste

Audne, Kr., oms. 1963. [Soga om Håkon Håkonsson](#). 2. utgåva ved Knut Helle. Oslo: Det Norske Samlaget.

Bagge, Sverre, Synnøve Holstad Smedsdal, og Knut Helle. red. 1973. [Norske middelalderdokumenter](#). Bergen: Universitetsforlaget.

Berg, Knut. 1983: «The Illuminations in No. 1154 Folio in the Old Royal Collection, Copenhagen». I *King Magnus Håkonsson's laws of Norway and other legal texts: Gl. kgl. saml. 1154 fol. in the Royal Library, Copenhagen*, redigert av Magnus Rindal og Knut Berg, 26–35. Oslo: Society for Publication of Old Norwegian Manuscripts.

Bokn, Ruth J. Stokkedal. 1987. *Paleografi, ortografi og vokalisme i UB Oslo 1, qv, hand a*. Hovuduppgåva, Universitetet i Bergen.

Bøe, Arne. 1964. «Kristenrettar». [Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder](#), bind 9, 297–304. Oslo: Gyldendal.

Djupedal, Reidar, utg. 1957. [Ivar Aasen. Brev og dagbøker](#), bind 1, *Brev 1828–1861*. Oslo: Det Norske Samlaget.

DN: [Diplomatarium Norvegicum](#), bind 1–. 1849–. Christiania: [ingen utg.].

Edwards, Owain Tudor. 2013. «Medieval Music Manuscripts in Nasjonalbiblioteket (the National Library), Oslo». I [Latin Manuscripts of Medieval Norway. Studies in Memory of Lilli Gjerløw](#), redigert av Espen Karlsen, 337–360. Oslo: Novus.

Eithun, Bjørn, Magnus Rindal og Tor Ulset, utg. 1994. [Den eldre Gulatingslova](#). Oslo: Riksarkivet.

Gödel, Vilhelm. 1892. *Katalog öfver Upsala Universitets biblioteks fornisländska och fornorska handskrifter*. Uppsala: Humanistiska vetenskapssamfundet i Uppsala.

Gödel, Vilhelm. 1897–1900. *Katalog öfver Kongl. bibliotekets fornisländska och fornnorska handskrifter*. Stockholm: [Kungliga biblioteket].

Hagland, Jan Ragnar. 1986. [*Riksstyring og språknorm: spørsmålet om kongens kanselli i norsk språkhistorie på 1200- og første halvdel av 1300-tallet*](#). Oslo: Novus.

Hagland, Jan Ragnar og Jørn Sandnes, oms. 1994. [*Frostatingslova*](#). Oslo: Det Norske Samlaget.

Hagland, Jan Ragnar og Jørn Sandnes, oms. 1997. [*Bjarkøyretten. Nidaros eldste bylov*](#). Oslo: Det Norske Samlaget.

Hallager, Fr. og Brandt, Fr., utg. 1855. [*Kong Christian den fjerdes norske Lovbog af 1604*](#). Christiania: Carl Werner.

Halvorsen, Eyvind Fjeld. 1982: «Ble det lest litteratur i Norge i middelalderen?» *Saga och sed* 1982: 128–140.

Halvorsen, Eyvind Fjeld. 1989: «Litt om endelsesvokalene i Eidsivatings kristenrett i OUB 317 4°». I [*Festskrift til Finn Hødnebo 29. desember 1989*](#), redigert av Bjørn Eithun o. fl., 102–118. Oslo: Novus.

Halvorsen, Eyvind Fjeld og Magnus Rindal, utg. 2008. [*De eldste østlandske kristenrettene*](#). Oslo: Riksarkivet.

Helle, Knut. 1972. [*Konge og gode menn i norsk riksstyring ca. 1150–1319*](#). Bergen: Universitetsforlaget.

Helle, Knut. 1995. [*Aschehougs norgeshistorie*](#), bind 3, *Under kirke og kongemakt 1130–1350*. Oslo: Aschehoug.

Helle, Knut. 2001. [*Gulatinget og Gulatingslova*](#). Leikanger: Skald.

Hellevik, Alf, oms. 1965. [*Kongsspegele*](#). Oslo: Det Norske Samlaget.

Hertzberg; Ebbe. 1890. *De nordiske Retskilder*, bind 1, [*Nordisk retsencyklopædi: Retskilderne og statsretten*](#). Kjøbenhavn: Gyldendal.

Hertzberg, Ebbe. 1895: [«Glossarium»](#). I NgL, bind 5, 57–760.

Holm-Olsen, Ludvig. 1981. [Lys over norrøn kultur. Norrøne studier i Norge](#). Oslo: Cappelen.

Holm-Olsen, Ludvig, utg. 1983. [Konungs skuggsiá](#). 2. rev. utg. Oslo: Kjeldeskriftfondet.

Horn, Anna Catharina. 2018. «[Lovrevisjonene til Magnus Håkonsson Lagabøte – en historiografisk gjennomgang](#)». *Maal og Minne* 110.2: 1–27.

Hægstad, Marius. 1906–1942. *Vestnorske maalføre fyre 1350*. Kristiania/Oslo: Jacob Dybwad.

Imsen, Steinar, utg. og oms. 2000. [Hirdskråen. Hirdloven til Norges konge og hans håndgangne menn. Etter AM 322 fol.](#) Oslo: Riksarkivet.

Indrebø, Gustav. 1951. [Norsk målsoga](#), utgitt av Per Hovda og Per Thorson. Bergen: John Grieg.

Indrebø, Gustav og Oluf Kolsrud, utg. 1924. [Lærde brev fraa og til P. A. Munch](#), bind 1, 1832–1850. Oslo.

Jón Helgason, utg. 1957. *The Arna-Magnæan Manuscript 674a, 4to. Elucidarius*. Manuscripta Islandica 4. København: Munkgaard.

Jónas Kristjánsson. 1967. *Skrá um íslenzk handrit í Noregi*. Upublisert manuskript. Reykjavík.

Knudsen, Trygve. 1959. «Frostatingsloven». [Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder](#), bind 4, 656–661. Oslo: Gyldendal.

Kværness, Gunhild. 1996: [Blote kan ein gjere om det berre skjer i løynd. Kristenrettane i Gulatingslova og Grágás og forholdet mellom dei](#). Oslo: Noregs forskingsråd.

Kålund, Kr. 1889–94: *Katalog over den arnamagnæanske Håndskriftsamling, udgivet af Kommissionen for det Arnamagnæanske Legat*. 2 bind. København: Kommissionen for Det Arnamagnæanske Legat og Gyldendal.

Kålund, Kr. 1900. *Katalog over de oldnorsk-islandske håndskrifter i Det Store Kongelige Bibliotek og i Universitetsbiblioteket (udenfor Den Arnamagnæanske Samling), samt Den Arnamagnæanske Samlings tilvækst 1894–99*. København: Kommissionen for Det Arnamagnæanske Legat og Gyldendal.

Liepe, Lena. 2009. *Studies in Icelandic fourteenth century book painting*. Reykholt: Snorrastofa.

Magnús Már Lárusson. 1962. «Járnsíða». [Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder](#), bind 7, 566–568. Oslo: Gyldendal.

Munch, P. A. 1858. [Det norske Folks Historie](#), bind 4.1. Christiania: Chr. Tønsbergs forlag.

Munch, P. A. 1873. [Samlede Afhandlinger](#), bind 1, 1831–Marts 1849. Christiania: Cammermeyer.

Nakken, Alfild. 2017. *Å dele broderlig. Det dansk-norske arkivspørsmålet 1945–2000*. Oslo: Riksarkivaren.

NgL: *Norges gamle Love indtil 1387*. 5 bind. 1846–95. Christiania: [ingen utg.].

Rajic, Ljubiša. 1975. *Om språket i OUB Ms 4° 317. Noen teoretiske og metodologiske spørsmål i språkhistorisk forskning og deres relevans for analysen av språket i hånd e*. Hovudoppgåva, Universitetet i Oslo.

Rindal, Magnus. 1981. [Brev frå Opplanda før 1350: skrivemiljø og språkform](#). Oslo: Novus.

Rindal, Magnus. 1983. «No. 1154 Folio in the Old Royal Collection, Copenhagen». I *King Magnus Håkonson's laws of Norway and other legal texts. Gl. kgl. saml. 1154 fol in the Royal Library, Copenhagen*, redigert av Magnus Rindal and Knut Berg, 18–25. Oslo: Society for Publication of Old Norwegian Manuscripts.

Rindal, Magnus. 1987. [Ortografi, fonologi og morfologi i Sth. perg. fol. nr. 6 \(Barlaams ok Josaphats saga\)](#). Oslo: Novus.

Rindal, Magnus. 1997. «Norsk eller islandsk. Ei drøfting av språkforma i norske og islandske mellomalderhandskrifter». I *Íslensk málsaga og textafræði*, redigert av Úlfar Bragason, 113–

120. Reykjavík: Stofnun Sigurðar Nordals.

Rindal, Magnus. 2004. «Dei eldste norske kristenrettane». I [Religionsskiftet i Norden. Brytinger mellom nordisk og europeisk kultur 800–1200 e.Kr.](#), redigert av Jón Viðar Sigurðsson, Marit Myking og Magnus Rindal, 103–137. Oslo: Senter for studier i vikingtid og nordisk middelalder.

Rindal, Magnus og Bjørg Dale Spørck, utg. 2018. *Kong Magnus Håkonsson Lagabøtes landslov. Norrøn tekst med fullstendig variantapparat*. 2 bind. Oslo: Arkivverket.

RN: [Regesta Norvegica](#), bind 1–. 1989–. Oslo: Kjeldeskriftfondet.

Robberstad, Knut, oms. 1981. [Gulatingsslovi](#). 4. utgåve. Oslo: Det Norske Samlaget.

Robberstad, Knut. 1976. [Retts saga](#), bind 1. 3. rev. utgåve. Oslo: Universitetsforlaget.

Robberstad, Knut, oms. 1923. [Magnus Lagabøters bylov](#). Kristiania: Cammermeyers boghandel.

Seip, Didrik Arup. 1954. [Palæografi. B. Norge og Island](#). Nordisk Kultur 28:B. Stockholm: Albert Bonniers Förlag.

Seip, Didrik Arup. 1955. [Norsk språkhistorie til omkring 1370](#). 2. utgåve. Oslo: Aschehoug.

Sigrún Davíðsdóttir. 1999. *Håndskriftsagens saga – i politisk belysning*, oversatt av Kim Lembek. Odense: Odense Universitetsforlag.

Spørck, Bjørg Dale. 2006. [Kong Magnus lagabøters kristenretter. Innhold, språk og overlevering](#). Dr. Art. avhandling, Universitetet i Oslo.

Spørck, Bjørg Dale, oms. 2009. [Nyere norske kristenretter \(ca. 1260–1273\)](#). Oslo: Aschehoug.

Stefán Karlsson. 1978. «Om norvagismer i islandske håndskrifter». [Maal og Minne](#) 70: 87–101.

Stefán Karlsson. 1979. «Islandsk bogeksport til Norge i middelalderen». [Maal og Minne](#) 71: 1–17.

Stefán Karlsson, 1987: «Lovskriver i to lande. Codex Hardenbergensis og Codex Belgsdalensis». I [Festskrift til Alfred Jakobsen](#), redigert av Jan Ragnar Hagland, Jan Terje Faarlund og Jarle Rønhovd, 166–184. Trondheim: Tapir.

Stefánsson, Gunhild og Magnús Stefánsson, oms. 2007. [Biskop Arnes saga](#). Oslo: Aschehoug.

Storm, Gustav. 1885. «Haandskriftbeskrivelse». I [NgL 4:385–790](#).

Storm, Gustav. 1879. [Om Haandskrifter og Oversættelser af Magnus Lagabøters Love](#). Christiania: Jacob Dybwad.

Storm, Gustav, utg. 1888. [Islandske Annaler indtil 1587](#). Christiania: Grøndahl.

Sunde, Jørn Øyrehagen. 2005. [Speculum legale – Rettspegelen: ein introduksjon til den norske rettskulturen si historie i eit europeisk perspektiv](#). Bergen: Fagbokforlaget.

Sunde, Jørn Øyrehagen. 2011. «Lovgjeving i kongsgarden i Bergen ca. 1260 til 1281». I [Fra kongsete til kulturminne. Hákonshallen og Bergenshus-området gjennom 750 år](#), redigert av Ingvild Øye og Anne Ågotnes, 46–63. Bergen: John Grieg.

Sunde, Jørn Øyrehagen. 2020. «Magnus Lagabøtes landslov». I *Store norske leksikon*. Hentet 9. oktober 2020 fra [snl.no](#).

Sverrir Jakobsson, Þorleifur Hauksson og Tor Ulset, utg. 2013. *Hákonar saga Hákonarsonar*, bind 2. Reykjavík: Hið íslenska fornritafélag.

Taranger, Absalon. 1935. *Utsikt over den norske retts historie*. 2. utg. ved Knut Robberstad. Oslo: [ingen utg.].

Taranger, Absalon. oms. 1915. [Magnus Lagabøters landslov](#). Kristiania: Cammermeyers boghandel.

Venås, Kjell. 1986. [Opposisjonsinlegg om] Jan Ragnar Hagland: *Riksstyring og språknorm*. [Maal og Minne](#) 78: 1–17.

Witting, Mette Refslund. 2020. «Nasjonalbibliotekets landslovhåndskrifter og deres proveniens». I *Lov og lovgivning i middelalderen. Nye studier av Magnus Lagabøtes landslov*, redigert av Anna Catharina Horn og Karen Arup Seip, 32–66. Nota bene 14. Oslo: Nasjonalbiblioteket.

Þorleifur Hauksson, utg. 1972. *Árna saga biskups*. Reykjavík: Stofnun Árna Magnússonar á Íslandi.

Omtalte manuskripter

Karen Arup Seip

Norge

Nasjonalbiblioteket, Oslo

Ms.fol. 4 «Kong Magn[us] LovBog». Lovhåndskrift, oversettelse til dansk fra 1500-tallet.

Ms.fol. 5 Kong Magnus Lagabøtes landslov, retterbøter o.a. Lovhåndskrift, oversettelse til dansk fra 1500-tallet.

Ms.fol. 87a Lovhåndskrift. Ca. 1700. 7 hefter: 1. «Kristin rett nyia». 2. Sættargjerden. 3. Retterbøter, skipaner og statutter. 4. Járnsíða. 5. Biskop Arnes kristenrett. 6. Hirdskråen. 7. Eldre Eidsivatings kristenrett. Kong Magnus Lagabøtes landslov f.o.m. landvernsbolken. Her også avskrift av Jónsbók.

Ms.fol. 87b Lovhåndskrift. Ca. tidlig 1700-tall. 14 hefter med ulikt innhold, bl.a. avskrifter av gammelnorske lover og retterbøter, til dels ved Arne Magnusson. Også latinske avskrifter.

Ms.fol. 104 Thronhjems Byes Privilegier, fra Konning Haagens Tid og siden fremdeles til Friderici 4ti Tider.

Ms.fol. 230 Kong Magnus Lagabøtes landslov, retterbøter, sakliste. Lovhåndskrift, oversettelse til dansk fra 1500-tallet.

Ms.fol. 278 Kong Magnus Lagabøtes landslov, retterbøter. Lovhåndskrift, oversettelse til dansk fra 1500-tallet.

Ms.fol. 292 Trondhjems Privilegier (indtil 1700).

Ms.fol. 293 Trundhiems Privilegier indtil 1670.

Ms.fol. 370 Samling av retterbøter, herredagsdommer m.m. som særlig vedrører Bergen, fra eldre tider til Christian 4. Lovhåndskrift. Første halvdel av 1600-tallet.

Ms.fol. 530 Kong Magnus Lagabøtes landslov, edsformularer, retterbøter. Lovhåndskrift, oversettelse til dansk fra 1500-tallet.

Ms.4° 1 Magnus Lagabøters landslov, Gulatingsversjonen. Første fjerdedel av 1300-tallet. Bundet sammen med senere retterbøter.

- Ms.4° 14 Magnus Lagaboeters Gulathings-Lov og flere af de følgende Norske Kongers Rettebøder. Lovhåndskrift, oversettelse til dansk fra 1500-tallet.
- Ms.4° 41 Den gamle Gulathings-Lov. 18. årh.
- Ms.4° 58 Gulathings-Lov. Lovhåndskrift, oversettelse til dansk fra 1500-tallet.
- Ms.4° 302 Kong Magnus's Norske Lovbog. Lovhåndskrift, oversettelse til dansk fra 1500-tallet.
- Ms.4° 309 Frostatings eldre kristenrett. Islandsk håndskrift fra siste halvdel av 18. årh., antagelig ved Odd Jónsson.
- Ms.4° 311 Fragment av Magnus Lagabøters Norske Lov. Lovhåndskrift, oversettelse til dansk fra 1500-tallet.
- Ms.4° 314 Norriges Lovbog, rettebøter. Lovhåndskrift, oversettelse til dansk fra 1500-tallet.
- Ms.4° 317 Lovhåndskrift. 14.-15. århundre.
- Ms.4° 339 Den norske Lov som Kong Magnus gav Norges Meenige Indbyggere anno 1274.
- Ms.4° 377 «Den Norske Lowbog som Sancte Olaff Konning gjorde, som mange fremfarne Konger udi Norge stadfest haffuer.» Lovhåndskrift, oversettelse til dansk fra 1500-tallet.
- Ms.4° 502 Norges Riges Laugbogh. Lovhåndskrift, oversettelse til dansk fra 1500-tallet.
- Ms.4° 507 Norske Lov og Forordninger, fra 1300-1611.
- Ms.4° 526 «Norgis Laugbogh uddragen paa danske maall aff den gamble gulletingz laugbogh och skreffuit wdi nedeneeslen, aar effther Christi fødzell, 1592.» Lovhåndskrift, oversettelse til dansk fra 1500-tallet.
- Ms.4° 528 «Norriigis laagbog ... wddragen aff rett gammell norske och wdsatt paa dette maall.» Lovhåndskrift, oversettelse til dansk fra 1500-tallet.
- Ms.4° 546 Ældre Gulathingslov. Har sin opprinnelse fra Codex Ranzovianus' håndskrift.
- Ms.4° 553 «Norske Lougbog som er nedskreuen effter Edtzwalds Lougbog". Lovhåndskrift, oversettelse til dansk fra 1500-tallet.
- Ms.4° 591 «Kong Mag. Haagesens Norges Lovbog og Christ.Ret...» Lovhåndskrift, oversettelse til dansk fra 1500-tallet.
- Ms.4° 681 Keyzers avskrift av Gulathingsloven efter Codex Ranzovianus.
- Ms.4° 682 Den ældre Frostathings-Lov (Cod. Resenianus). Hákonarbók. Bjarkö-Ret. Avskrift ved Peter Andreas Munch.
- Ms.4° 683 Keyzers avskrift av de eldre kristenretter.

Ms.4° 684 Keysers avskrift av den nyere Gulathingslov etter Cod. Arn. 60 qv., med varianter.

Ms.4° 685 Keysers avskrift av den nyere Gulathingslov etter No. 1154 fol. i Kgl. Bibl. i København gammel samling, med varianter.

Ms.4° 686 Keysers avskrift av den nyere Borgarthingslov etter Cod. Tunsbergensis, med varianter.

Ms.4° 687 Nyere Eidsiva-Things Lov. Efter Perg. Cod. No. 309 fol. i den arnamagnanske Samling (A). Avskrift ved Peter Andreas Munch.

Ms.4° 688 Nyere Frostathings-Lov. Efter Perg. Codex No. 69,4° i den arnamagnanske samling (X.). Avskrift ved Peter Andreas Munch.

Ms.4° 689 Keysers avskrift av de nyere bylove etter Cod. Arn. 323 fol., 60 qv., 322 fol., 309 fol., Cod Tunsbergensis, Kbh. kgl. Bibl. gammel samling 3262 qv. og Cod. Arn. 31 oct.

Ms.4° 690 Nyere Christenretter. Borgarthings Christenret. Efter Pergam. Codex No. 3261 qv. i det Kongelige Kjøbenhavnske Bibliothekts ældre Manuscript-Samling, C 16 i Stk. kgl. Bibl., Cod. Arn, 62 qv. 60 qv., Cod. Tunsbergensis, Cod. Arn. 65 qv., 77 B qv., 313 fol., C 22 i Stk. kgl. Bibl. og No. 1127 Tillæg i det Thronhjemske Videnskabsselskabs Samling. Avskrift ved Jakob Rudolf Keyser og Peter Andreas Munch.

Ms.4° 691 B Landsloven. Lovhåndskrift, oversettelse til dansk fra 1500-tallet.

Ms.4° 694 Anders Pederssøns Lovsamling. Lovhåndskrift, oversettelse til dansk fra 1500-tallet.

Ms.4° 695 Eidsivathings lov. Norsk lov skrevet på islandsk. Papirhåndskrift. Fra omkring 1700.

Ms.4° 736 a Magnus Lagabøters Landslov. Lovhåndskrift, oversettelse til dansk fra 1500-tallet.

Ms.4° 736 b Magnus Lagabøters Landslov. Lovhåndskrift, oversettelse til dansk fra 1500-tallet.

Ms.4° 1081 Norsk lovhandskrift. A.M. samling. Fol. I-II.

Ms.4° 1392 Lovhåndskrift, oversettelse til dansk fra 1500-tallet.

Ms.8° 29 Lovhåndskrift, oversettelse til dansk fra 1500-tallet.

Ms.8° 66 Lovhåndskrift. Skrevet på islandsk. Nyere Gulathingslov, etter AM 322 fol. ved Eggert Olafsson. Osloarløg, etter AM 305 fol. med samme hånd. Tunsbergsløg, etter AM 307 fol. 27 Bjorgvina manna lög og Farmanna lög, etter AM 322 fol.

Ms.8° 71 «Norigis Laugbog». Lovhåndskrift, oversettelse til dansk fra 1500-tallet.

Ms.8° 296 Landslov, nyere, med retterbøter, ættartal, liste over erkebispene og oppteignelse om domkirken i Nidaros inntil 1548 (med senere hånd til 1591), Nidaros bys takmarker etc. Lovhåndskrift, oversettelse til dansk fra 1500-tallet.

Ms.8° 2037 Landsloven. Ca. 1500. Fragmenter av Mannhelgebolken og Arvebolken.

Ms.8° 3121 «St Olufs Nordske Lov». Lovhåndskrift, oversettelse til dansk fra 1500-tallet.

Deichmanske Bibliotek, Oslo

Deichman 14 fol., 1577.

Deichman 33 4° Nories lagboch, som ær omwend aff den gamble Norsche (oc det aff Anders Sybiörn son fordom lagmand i Osloo) og paa leet [rett?] da(n)sche eller Syøomaalz Norsche, der huor man kand forstaa. 1567.

Deichman 11 8° (ca 1567-1580)

Gunnerusbiblioteket, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Trondheim

Gunnerus XA HA Qv. 1 Adskillige norske Love av Kong Magnus og andre norske Konger. 1400.

Riksarkivet, Oslo

Norrøne membranfragmenter

NRA 1 A

NRA 2

NRA 4

NRA 5

NRA 35 A

Universitetsbiblioteket i Bergen

UBB Ms 65 Norgis Loug. (Gulatingsloven) Effter stormechtigste høgborne Førstis og herris, her Friderich, II. Danmarcks, Norgis, Vendis och Gottis Konning, Hertug vdi Slesuig, Holsten, Stormarn oc Dytersken, Greffue i Oldenborg och Delmenhorst, hans befalning. Anno Christi M.D. LXXII (1572) Richteligen sammensat och fordanskeett.

Danmark

Den Arnamagnæanske håndskriftsamling, København

AM 302 fol. *Norsk lovhåndskrift*; Norge, 1300-1324

AM 304 fol. *Norsk lovhåndskrift*; Island, 1340-1380

AM 305 fol. *Norsk lovhåndskrift*; Norge, 1300-1499

AM 306 fol. *Gulaþingslog*; Norge, 1688-1704

AM 307 fol. *Norsk lovhåndskrift*; Norge, 1325-1375

AM 308 fol. *Gulaþingslog: Kristinn réttir hinn forni*; Island/Danmark, 1675-1725

AM 309 fol. *Norsk lovhåndskrift*; Norge, 1320-1350

AM 312 fol. *Den ældre Frostatingslov*; Norge, 1675-1725

AM 313 fol. *Norsk Lovhåndskrift*; Norge, 1575-1599

AM 315 e fol. *Den ældre Gulatingslov*; Norge, 1200-1249

AM 315 f fol. *Gulaþingslog: Kristinn réttir hinn forni*; Norge, 1175-1199

AM 315 g fol. *Nidaros Bjarkeyjarréttir*; Norge, 1225-1275

AM 315 k fol. *Frostaþingslog: Kristinn réttir hinn forni*; Norge, 1225-1230

AM 318 fol. *Norsk lovhåndskrift*; Danmark, Marstrand, 1554

AM 322 fol. *Norsk lovhåndskrift*; Norge, 1320-1350

AM 323 fol. *Norsk lovhåndskrift*; Norge, 1325-1349

AM 334 fol. *Grágás, Járnsíða, Jónsbók*; Island, 1260-1281

AM 56 4to *Kong Magnus lagabøters Norske landslov*; Norge, 1300-1324

AM 57 4to *Codex Milzovianus. Kong Magnus lagabøters Norske landslov*; Norge, 1350-1374

AM 58 4to *Norsk lovhåndskrift*; Norge, 1325-1335

AM 60 4to *Norsk lovhåndskrift*; Norge og Island, 1320-1340

AM 62 4to *Norsk lovhåndskrift*; Norge, 1300-1324

AM 65 4to *Norsk lovhåndskrift*; Norge, 1325-1375

AM 66 4to *Den ældre Gulatingslov*; Norge, 1886-1688

AM 68 4to *Norsk lovhåndskrift*; Norge, 1325-1375

AM 69 4to *Norsk lovhåndskrift*; Norge, 1300-1349

AM 72 4to *Norsk lovhåndskrift*; Norge, 1300-1324

AM 77 b 4to *Borgartings nyere kristenret*; Danmark/Norge, 1566

AM 77 c 4to *Eidsivatings ældre kristenret*; Danmark/Island, 1675-1725

AM 78 4to *Norsk lovhåndskrift*; Norge, 1275-1324

AM 80 4to *Norsk lovhåndskrift*; Norge/Danmark, 1500-1599

AM 85 4to *Norriigis laagbog - - - er aff wiisse och forstandige mend wdragenn aff rett gammell norske. Norsk lovhåndskrift*; Danmark eller Norge, 1543.

AM 92 4to *Norsk lovhåndskrift*; Norge, 1575-1625

AM 94 4to *Norsk lovhåndskrift*; Norge, 1575-1625

AM 95 b 4to *Kong Magnus Lagabøters norske landslov*; Norge, 1550-1599

AM 97 4to *Norsk lovhåndskrift*; Norge, 1550-1599

AM 123 a 4to *Bjarkeyarréttr*; Danmark/Island, 1685-1699

AM 123 b 4to *Bjarkeyarréttr*; Island, 1675-1725

AM 123 c 4to *Bjarkeyarréttr*; Island?, 1575-1625

AM 123 d 4to *Bjarkeyarréttr*; Island/Danmark?, 1690-1710

AM 138 4to *Jónsbók – Réttarbætur – Kristinréttur Árna biskups – Kirkjuskipanir*; Island, 1490-1510

AM 619 4to *Gammalnorsk homiliebook*; Norge, 1200-1225

AM 28 8vo *Codex Runicus*

AM 31 8vo *Norsk lovhåndskrift*; Norge, 1300-1399

Det kongelige bibliotek, København

E donatione variorum 137 4°, *Codex Rantzovianus* ca. 1250-1300.

GKS 1154 2°, *Codex Hardenbergianus*. Norske love, 14.-16. århundrede.

GKS 1155 a fol.

GKS 3260 4°

GKS 3262 4° (bylova)

NKS 1642 4°

Thott 1273 fol.

Thott 2083 4°

Sverige

Kungliga biblioteket, Stockholm

Holm perg fol. 29

Holm perg 28 4°

Holm perg 29 4°

Holm perg 31 4°

Holm perg 33 4°

Holm perg 34 4°

Holm perg 35 4°

Stiftsbiblioteket, Linköping

Linköping J 7. Norgis lagh som Erick Gullen stiernn vdlade aff ysslenske mall oc paa dette mall som nu talis med iij her lagmender myndigiste wiisseste oc clogiste han mest kune finne: ssa huar mand förstandeligt er när hon warder lessin.

Notar

1. Lesen og tolka av Espen Karlsen.
2. Det er Mette Witting som har gjort meg merksam på dette fragmentet.
3. Slik som han gjorde med Ms.4° 546, Ms.4° 553, Ms.4° 695 og Ms.8° 66.
4. Rudolf Keyser har også gjeve biblioteket Ms.4° 553, Ms.4° 695 og Ms.8° 66, og truleg Ms.4° 691 B.
5. Rudolf Keyser har også gjeve biblioteket Ms.4° 546, Ms.4° 553, Ms.8° 66 og truleg Ms.4° 691 B.
6. Rudolf Keyser har også gjeve biblioteket Ms.4° 546, Ms.4° 553 og Ms.4° 695, og truleg Ms.4° 691 B.
7. Opplyst av Mette Witting.